

Gunnar O. Hæreid, Kåre Lilleholt,
Ingvild Risnes Skeie og Merete Tollefsen (red.)

Mål og rett – Juristmållaget 75 år

Juristmållaget var 75 år i 2009. Laget vart skipa i 1934, låg nede ei tid og vart oppattskipa i 1954. I dag er det fleire juristar enn nokon gong før som skriv nynorsk, og i dette jubileumsskriftet har vi samla artiklar frå medlemmer og andre. Artiklane handlar om juss og språk og ikkje minst om korleis det er å bruke nynorsk i jusstudiet og i juriststillingar. Dei faglege aktivitetane i Juristmållaget, som skriveseminara, blir òg omtala.

Jubileumsskriftet har med helsingar frå justisministeren og frå leiaren i Noregs Mållag.

Institutt for privatrett
Skriftserie 182/2010


ISBN 978-82-7236-207-1
ISSN 1890-4955

Utgitt av Privatrettsfondet – Fondet til fremme
av forskning på privatrettens område

Institutt for privatrett
Skriftserie 182
2010

Gunnar O. Hæreid, Kåre Lilleholt,
Ingvild Risnes Skeie og Merete Tollefsen (red.)

Mål og rett – Juristmållaget 75 år



Institutt for privatrett. Skriftserie 182/2010



UNIVERSITETET I OSLO
DET JURIDISKE FAKULTET

Mål og rett – Juristmållaget 75 år

Gunnar O. Hæreid

Kåre Lilleholt

Ingvild Risnes Skeie

Merete Tollefsen

© Institutt for privatrett

Privatrettsfondet
Karl Johans gt. 47
0162 Oslo

privatrettsfondet@jus.uio.no
[http://www.jus.uio.no/ifp/forskning/om/publikasjoner/
skriftserien-ifp](http://www.jus.uio.no/ifp/forskning/om/publikasjoner/skriftserien-ifp)

ISBN 978-82-7236-207-1
ISSN 1890-4955

Trykket: AiT AS e-dit, Oslo

Det må ikke kopieres fra denne boka i strid
med åndsverkloven eller med andre avtaler om
kopiering inngått med Kopinor, interesseorgan for
rettighetshavere til åndsverk

Innhold

Føreord	7
Ein viktig støttespelar fyller år	11
Med ord skal lov skrivast	13
Juristmållaget gjennom 75 år – nokre tilskot til ei søge som ikkje er skriven	15
Av Gunnar O. Hæreid og Kåre Lilleholt	
Strøtankar om nynorsk, stil og rettskjeldelære	27
Av Erlend Baldersheim	
Nynorsk lovmål	35
Av Tore Fjørtoft	
Nynorskjuristar – ikkje berre raggsokkjuristar	55
Av Kaja Breivik Furuseth	
Jusstudentar – skriv nynorsk!	59
Av Johan Giertsen	
Om å skrive nynorsk i Agder lagmannsrett	61
Av Asbjørn Nes Hansen	
Nynorskskrivande student ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø	67
Av Line Johanna L. Hanøy	
Om det å bruka nynorsk ved juridisk fakultet i Oslo	69
Av Katrine Broch Hauge	

Den håpefulle	75
Ei sann soge av Thore Eithun Helland	
Nikolaus Gjelsvik og rettsmålet	79
Av Eirik Holmøyvik	
Nynorsk ved Universitetet i Tromsø	91
Av Olaug Husabø	
Frå Årdal til Oslo	95
Av Gunnar O. Hæreid	
Å skifte frå nynorsk til bokmål til nynorsk	99
Av Jon Vegard Lervåg	
Målform i lover	103
Av Kåre Lilleholt	
Nynorsk på marknadsrettens område	107
Av Tore Lunde	
Om sivillovbok og lovmål	111
Av Ernst Nordtveit	
Personlege røynsler som nynorskskrivande jurist	119
Av Nils Nygaard	
Få deg ein nynorskfadder!	125
Av Ingvild Risnes Skeie	
Nynorsk skriveseminar	129
Av Ingvild Slettebø	
Nokre Stavang-ord om Einar Stavang	133
Av Endre Stavang	
Nynorsk i påtalemakta, finst det?	141
Av Bente Staven	
Til kamp! Nynorsk som rettsspråk før, no og i tida som kjem	147
Av Jørn Øyrehagen Sunde	

Offentleg målbruk også når det offentlege omorganiserer	159
Av Steinulf Tunesvik	
Kvardagen i Noreg som utanlandsk statsborgar og advokat.....	165
Av Mila Varela Choucino	
Helsing til Juristmållaget frå ein mangeårig medlem	169
Av Steinar Velle	
Om å verta verande i nynorsken.....	173
Av Reidun Wallevik	

Føreord

Når Juristmållaget fyller 75 år, er det med visse om at fleire juristar enn nokon gong skriv jus på nynorsk. Jubilanten har innteke verdsveven i form av Fjesboka, starta opp lokallag i Bergen og arrangerer kvart år populære skrivekurs for jusstudentar og andre juristar på Haugastøl. Det nynorske rettsmålet spirer og grov, og det er på ingen måte ein utdatert eller gammalmodig syttifemårsjubilant som vert heidra i dette festskriftet.

Styret i Juristmållaget har valt å markere jubileet med å samle historiene om laget og personar som har stått sentralt i utviklinga av det nynorske rettsmålet. På denne måten ønskjer vi å ta vare på og formidle kunnskap om historia til det nynorske rettsmålet til glede for gamle og nye medlemmer. I tillegg har vi ønskt å teikne eit bilete av situasjonen for juristar som skriv nynorsk i jubileumsåret.

Redaksjonsnemnda har vore samansett av Kåre Lilleholt, Gunnar O. Hæreid, Ingvild Skeie og undertekna. Ei rekkje personar med interesse for det nynorske rettsmålet eller tilknytning til Juristmållaget har vorte inviterte til å skrive i festskriftet. Responser har vore overveldande. Vi er glade for at så mange ville hylle det nynorske rettsmålet. Ein stor takk til dei alle!

I festskriftet finn du alt frå personlege helsingar og skildringar av historia til einskildpersonar, til artiklar om nynorsk som skriftspråk i juristverda. Festskriftet gir på ingen måte eit fullstendig bilete av aktiviteten i Juristmållaget eller andre nynorske juskrinsar gjennom desse åra. Til det er personane for mange og historiene for lange. Håpet er likevel at vi har klart å fange nokre av dei gode historiene og den aktiviteten som har gjort det nynorske rettsmålet til kva det er i dag.

«Kvart folk som vil taka vare på seg sjølv, bør taka vara på minnet um sine store menn,», skreiv Knut Robberstad i minneskriftet til professor

Nikolaus Gjelsvik i 1968. Og nettopp førebilete finst det mange av i Juristmållaget sine krinsar. Under arbeidet med festskriftet har det blitt tydeleg kor viktige einskildpersonar har vore for grunnlegginga og utviklinga av det nynorske rettsmålet. Mange av desse har vore aktive i Juristmållaget, medan minst like mange har lagt ned ein stor innsats for det nynorske rettsmålet på andre måtar. Felles for dei alle er at dei har vore føregangsmenn og -kvinner som ikkje har vore brydde med mindreverdskompleks. Tvert om har dei våga å ta eit utradisjonelt val i ei yrkesgruppe som har vore, og enno er, svært prega av tradisjonar og festna språkbruk.

Haldningane til det nynorske rettsmålet har endra seg mykje desse syttifem åra. Til det betre, får vi vere glade for. Studentar i dag tek det som ei sjølvfølgje å kunne skrive nynorsk i arbeidslivet. Stadig fleire arbeidsgjevarar oppfattar det som friskt og positivt med tilsette som meistrar meir enn ei målform. Enno er det nok slik at nynorskskrivande juristar må tole tverre kommentarar frå somme. Men inntrykket vårt i jubileumsåret er at det vert stadig færre av dei tverre.

Av og til kan det då vere fint å bli minna på at mykje av det vi i dag tar for gitt, som å kunne skrive eksamen på nynorsk, har andre måtte slite for. Mykje takka vere innsatsen til personar som ikkje var redde for å gå nye vegar, kan juristar i dag skrive jus på den målforma som kjennest mest naturleg. Vi har prøvd å ta vare på minnet om nokon av desse førebileta i jubileumsskriftet.

Like viktige som nokre personar har vore for grunnlegginga av det nynorske rettsmålet, er andre for utviklinga av rettsmålet den dag i dag. Somme arbeidar aktivt med å utvikle omgrepsapparatet og halde rettsmålet levande. Til dømes har ordlista til høgsterettsdommar Karl Arne Utgård gjort kvardagen lettare for mang ein nynorskskrivande jurist. Andre arbeidar på område der det enno er mange språklege og praktiske hinder å overvinne i kvardagen. Diverre er politiet og påtalemakta døme på sentrale rettsområde der ein enno ligg langt etter med å legge til rette for bruk av nynorsk. Atter andre spelar ei viktig rolle som førebilete for studentar ved å vise at det slett ikkje er vanskeleg å skrive

jus på nynorsk. I Bergen får studentane presentert fleire nynorske førebilete i pensumlitteraturen allereie tidleg på studiet. Der er det nok heller ikkje få som har blitt oppmuntra av ein overtydande professor Johan Giertsen som kvart år fortel førsteårsstudentane at jenter som skriv nynorsk statistisk sett gjer det best på studiet. Den viktigaste innsatsen gjer likevel alle dei som brukar det nynorske rettsmålet i kvardagen og på den måten gjer det til eit levande mål.



Den kanskje viktigaste funksjonen til Juristmållet gjennom desse syttifem åra har vore å knyte band og å vere eit sosialt samlingspunkt for nynorskskrivande juristar. Verdien og gleda av å ha nokon å diskutere språkbruk og formuleringar med skal ikkje undervurderast. Det årlege skriveseminar på Haugastøl er eit populært tiltak som gjev deltakarane stort sosialt og fagleg utbyte. Seminarer er dessutan eit godt høve til å la seg inspirere av andre juristar som er opptekne av språk generelt

og det nynorske rettsmålet spesielt. Vi håpar at festskriftet kan inspirere dagens og kommande juristar til bruk av det nynorske rettsmålet.

Styret og redaksjonsnemnda vil takke alle dei som har gjort det mogleg å markere 75-årsjubileet med eit så flott festskrift. Vi set stor pris på at så mange har brukt av tida si til å dele tankar og erfaringar, og ikkje minst spreie kunnskap om det nynorske rettsmålet og Juristmållaget. Ein stor takk går til Privatrettsfondet som gjev ut festskriftet, Noregs Mållag som har støtta det økonomisk, og til Kjetil Ottesen som har laga illustrasjonen på framsida til oss. Frå styret går ein spesiell takk til Kåre Lilleholt: Utan dine kjennskapar og kunnskapar hadde resultatet aldri blitt så bra som det vart.

På vegner av redaksjonsnemnda og styret i Juristmållaget
Merete Tollefsen*
Oslo, desember 2009

* Redaktøren, f. 1981, er frå Førde i Sunnfjord og er master i rettsvitenskap frå Universitetet i Bergen (2007). Ho arbeider som juridisk rådgjevar for EOS-utvalet og har tidlegare arbeid hos Forbrukarombodet.

Ein viktig støttespelar fyller år

Mykje av arbeidet i justissektoren kjem til uttrykk skriftleg. Vi produserer lovforslag, forskrifter, rettslege avgjerder og juridiske utgreingar elles. For Justisdepartementet og andre delar av forvaltninga følgjer det av mållova at vi skal nytte både bokmål og nynorsk. Totalt sett ønskjer eg ein mangfaldig justissektor som nyttar språk på ein måte som ikkje skaper avstand mellom statsmaktene og innbyggjarane, og der dei tilsette kan nytte det skriftspråket dei kjenner seg mest heime i. Juristmållaget gjer ein stor innsats med å stimulere juristane til å bruke nynorsk. Det er verdfullt for oss alle. I dag ligg det føre avgjerder på nynorsk frå både Høgsterett og Arbeidsretten, og også framstående juridiske professorar nyttar denne målforma.

Innanfor lovgivinga er eg særleg glad for at offentleglova fekk nynorsk språkdrakt. Offentleglova er i dagleg bruk i alle delar av forvaltninga, og såleis ein sentral markør for nynorsk i både stat og kommune. Også offentlegforskrifta og Justisdepartementet sin rettleiar til lova er på nynorsk. Ringjer du til Lovavdelinga med eit spørsmål om offentleglova, er det jamvel stor sjanse for at det er ein nynorsktalande saksbehandlar du får snakke med. Meir gjennomført kan valet av språkform nesten ikkje bli! Eg er også nøgd med at avhendingslova og sameigelova, som mange får nær kontakt med i samband med eigen bustad eller annan eigedom, er på nynorsk. Næringslivet nyt godt av ei ny samvirkelov med den same målforma.

Eg gratulerer Juristmållaget med jubileet, og ønskjer lykke til i det vidare arbeidet med å styrkje nynorskbruken blant juristane.

Beste helsing frå justisminister Knut Storberget

Med ord skal lov skrivast

Målkamp og målsak er mykje lovkamp og lovsak. Kampen for gode lover som sikrar nynorsk sin status, har vore ein grunnstein i målarbeidet i all tid. Samstundes har arbeidet med god nynorsk i sjølve lovene også vore ein pilar i målarbeidet. Lovtekstar vert lesne, refererte og memorerte. Lovtekstar legg føring for mykje tekst og tale. Lovtekstar avgjer bruk av ord. Lovtekstar set spor.

Utan Juristmållaget og den store arbeidsinnsatsen og sterke viljen frå deira medlemmer hadde Noreg vore eit språkleg fattigare land. Og nynorsken hadde vore eit mindre viktig språk. Juristmållaget har sytt for gode norske nemningar og meir forståeleg språk i den norske ålmenta. Det er mykje målmark som har vorte oreigna av Juristmållaget.

Målrørsla gratulerer Juristmållaget med jubileet og takkar for all innsats og resultat. Vi set vår lit til at Juristmållaget vil halde fram med å setje merket sitt på norsk språk og lov.

Beste helsing frå Håvard B. Øvregård, leiar i Noregs Mållag

Juristmållaget gjennom 75 år – nokre tilskot til ei soge som ikkje er skriven

*Av Gunnar O. Hæreid og Kåre Lilleholt**

1 Innleiing

Juristmållaget vart skipa i 1934 og oppattskipa i 1954. Her skal vi gje nokre spreidde opplysningar om verksemda i laget, men kjeldene våre er ufullstendige. Vi har eit notat, visst ført i pennen av Arne Gjeraker, som byggjer på samtalar med Sigmund Dale og Bergfinn Aabø. Vidare har Aabø gjeve oss ei mappe med tilfang som han har teke vare på gjennom åra. Noko hugsar vi sjølve frå det vi har vore med på eller har høyrte om. Det skal finnast meir. Mellom anna sit ikkje styret i dag med møtebøkene for laget. Kanskje nokon som les dette, kan tenkje etter kvar dei såg møtebøkene sist. Før eller seinare bør ein eller annan gå systematisk gjennom tilgjengelege kjelder og skrive soga om Juristmållaget. Og ein treng ikkje vente til 100-årsjubileet.

* Gunnar O. Hæreid, f. 1970, er frå Årdal i Sogn, og er leiar for Juristmållaget. Han arbeider som advokat ved Regjeringsadvokaten og har tidlegare arbeidd ved Sivilombodsmannen, vore dommarfullmektig i Indre Sogn tingrett og konstituert lagdommar i Hålogaland lagmannsrett. Kåre Lilleholt, f. 1952, er frå Meldal i Sør-Trøndelag. Han er professor ved Universitetet i Oslo og har tidlegare mellom anna vore professor ved Noregs handelshøgskule og Universitetet i Bergen.

2 Det «første» Juristmållet

Juristmållet vart skipa våren 1934, har Sigmund Dale fortalt. Han vart sjølv første styreleiaren, og med i det første styret var elles Jon Fjalestad og Peter Kjeldseth Moe.¹ Om lag tjue melde seg inn i det nyskipa laget, og mellom dei var Knut Robberstad, da stipendiat, og Sigvat Heggstad, sekretær i Kyrkje- og undervisningsdepartementet.²

Dale har fortalt at laget hadde fleire møte i 1934, mellom anna med føredrag av Johan Hoås (om likningsarbeid), høgsterettsadvokat Ole Solnørdal, statsadvokat Riisnæs og Oddmund Bøtun (om opplærings-tilhøva i fengsla).³ Markvard Gjelsvik ajourførte førelesingsmanusa til faren Nikolaus og delte ut til lagsfolka, som ei hjelp med fagmålet. Elles

1 Vi tek med nokre biografiske opplysningar om somme av dei som ikkje lever lenger. Sigmund Dale (1909–1995) tok juridisk embetseksamen i 1932 og vart etter kvart direktør i Bankinspeksjonen (no del av Kredittilsynet). Han var aktiv i mange år mellom anna i Bondeungdomslaget i Oslo og i Lagsbruksnemnda i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag (*Bergens Tidende* 14. mars 1995), og i 1985 vart han utnemnd til første (og einaste?) heiderslagsmedlem i Juristmållet. Dei andre to må ha vore Jon Fjalestad (1905–?) som seinare vart advokat i Oslo, og Peter Kjeldseth Moe (1909–1973) som seinare vart advokat og mellom anna stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet 1954–1973. Fjalestads namn finn vi att da han, som leiar av Arbeidarpartiets flyktningkontor, fekk hand om og grov ned Centralpasskontorets flyktningarkiv ved krigsutbrotet i 1940 (Erling Sandmo, *Siste ord, Høyesterett i norsk historie 1814–1965*, bd. 2, Oslo 2005 s. 302; Rt. 1946 s. 1205).

2 Knut Robberstad (1899–1981) var professor i rettsvitenskap ved Universitetet i Oslo 1941–1969. Formann Noregs Mållag 1952–1957. Sigvat Heggstad (1885–?), son til professor Marius Hægstad, var aktiv i Det Norske Samlaget og i Studentmållet i Oslo og arbeidde mellom anna med førebuing lova om målbruk i statstenesta (Olaf Almenningen mfl., *Studentar i målstrid: Studentmållet i Oslo 1900–2000*, Oslo 2003 s. 142). Fullt så heldig var ikkje innsatsen hans i tida 1940–45, da han let seg utnemne til ekspedisjonssjef og mellom anna vart sett inn styret i Det Norske Samlaget.

3 Ole Severin Solnørdal (1969–1946), fødd i Ørskog, var advokat i Oslo, aktiv i fråhaldsrørsla og skreiv fleire bøker, mellom anna om allmenningsrett (*Norsk Allkunnebok*). Sverre Riisnæs (1897–1988) vart «justisminister» under krigen; vart ikkje dømd etter krigen, men overlata til psykiatrien (biografi: Nils Johan Ringdal, *Gal mann til rett tid*, Oslo 1989).

arbeidde laget med nynorsk i offentlege skjema – ei oppgave som har følgt mange av styra seinare.

Bjarne Robberstad tok over som leiar frå 1935, da Dale reiste frå Oslo.⁴ Vi veit ikkje meir om laget mellom 1935 og 1954, men helst låg verksemda nede.

3 Oppattskippinga i 1954

Juristmållaget vart «oppattnya», som det heiter i papira frå den gongen, den 21. mai 1954. Dei som gjorde opptaket, var nok hovudsakleg dei som vart valde inn i første styret: Bergfinn Aabø (leiar), Liv Robberstad (seinare Sunnanå) og Olav Roalkvam,⁵ alle studentar. Knut Robberstad og Viking Mestad var med på skipingsmøtet.⁶ Ingen medlemmer av det tidlegare Juristmållaget ønskte å vera med i det nye, «av målpolitiske grunnar».⁷

Eitt og anna hadde studentane i det nye styret prøvt seg på før òg. Vi finn eit brev der Aabø peiker på vanskanane med at læretilfang og undervisning berre finst på bokmål. Det kom svar frå professor Erling Petersen på Stortingets brevpapir (han sat på Stortinget 1954–73, men tykte ikkje han trong vikar i professoratet i sosialøkonomi):

«Som svar på Deres forespørsel av 2. mai tillater jeg meg å meddele, at jeg ikke finner å kunne støtte en søknad til det juridiske fakultet om en hjelpeleer til å gi nynorsk opplæring i sosialøkonomi for jurister.»

4 Bjarne Robberstad (1912–1977), bror til Knut Robberstad, vart seinare m.a. departementsråd i Landbruksdepartementet og var styreleiar i Det Norske Teatret gjennom mange år.

5 Olav Roalkvam (1928–1985) var fødd i Suldal, Ryfylke; likningssjef i Ulsteinvik, seinare på Hamar. Sidan tilsett i Landbruksdepartementet, først på reindriftskontoret og frå 1972 som byråsjef for den juridiske avdelinga.

6 Det var Robberstad, da leiar i Noregs Mållag, som kalla inn til møtet (Viking Mestad og Bergfinn Aabø i personlege notat). Bakgrunnen var at Noregs Mållag hadde ståande ein sum etter det nedlagde Telegrafmållaget, og denne kunne nyttast til å få nytt liv i Juristmållaget.

7 Personleg notat frå Bergfinn Aabø.

Laget var ikkje heilt lite. Det går fram av årsmeldinga for 1954 at laget hadde 38 medlemmer ved årsskiftet, og at talet var kome opp i 72 fem månader seinare. Årspengane var fem kroner for kandidatar og to kroner for studentar.

4 Tida fram til 1960

Dei første åra er det visst mest dei same folka som tek seg av verksemda i laget. Aabø får arbeid utafor Oslo, og brevskiftet mellom han og dei andre styret minner oss om at avstandane var lengre den gongen enn dei er no. Det var inga enkel sak å fjernstyre laget. Etter kvart kom andre namn inn. Vi nemner særleg at Nils Peder Langvand, som på denne tida vart universitetslektor ved fakultetet i Oslo, vart vald til styreleiar i 1957.⁸

Ei av dei sakene som styret arbeidde mykje med, var spørsmålet om å oppdatere og gje eit manus på nynorsk etter Jørgen Øvergaard til ein obligasjonsrett.⁹ Dei hadde kontakt med arvingar, og det går fram at det visst fanst berre eitt eksemplar av manuskriptet. Langvand skulle ha ansvaret for ei eventuell oppdatering, og det var han som òg undersøkte kor mykje ei utgjeving ville koste. Dei rekna med å måtte søkje pengar til utgjevinga, og tala med «Andenæs», som helst må ha vore Johs. Andenæs og ikkje broren Tønnes, om dette. Det er ikkje heilt klårt om det var forskingsrådet eller fakultetet han representerte i denne samanhengen. I alle tilfelle var Langvand noko varsam i kontakten med Aabø:

«... men skriv helst til meg. Det er ikkje høveleg å diskutera slike ting i telefonen på privatrettsinstituttet der så mang ein fugl flyg.»

8 Nils Peder Langvand (1929–2002) var fødd i Volda; lagdommar i Gulating lagmannsrett 1971–1977, Eidsivating lagmannsrett 1977–1984, høgsterettsdommar 1984–1996 (Store Norske Leksikon).

9 Jørgen Øvergaard (1881–1953), dr. juris 1914, høgsterettsadvokat frå 1922, skreiv fleire bøker; den mest kjende er Jørgen Øvergaard, *Norsk erstatningsrett*, 2. utg., Oslo 1951 (Lars Bjørne, *Realism och skandinavisk realism. Den skandinaviska rättsvetenskapens historia. Del IV. 1911-1950*, Stockholm 2007 s. 643).

Det viste seg at manuskriptet var nokså ufullstendig, og etter råd frå Andenæs vart prosjektet tydeleg skrinlagt etter ei tid.

Ei anna sak som styret arbeidde med frå første stund, var ein freistnad på å få til ei samling med nynorske «førerit» for dommarfullmektigar. Spørsmålet er oppe fleire gonger dei første åra, men det ser ikkje ut til at det vart noko av. Seinare kom løysinga med å setje om Knut Lassens prosessformularar til nynorsk (sjå nedafor).

Juristmållaget ville gje ut samlingar av oppgåvesvar på nynorsk, men her var vansken at Studentmållaget meinte å sitje med rettane til noko av tilfanget. Det var mange møte mellom folk frå dei to laga, og tonen var visst skarp til sine tider. Kanskje må vi sjå i samanheng med målstriden på den tida: Bergfinn Aabø vart vald til leiar av Studentmållaget i 1953 og fekk gjeve ut eit kritisk skrift *Norsk reising 1954*, der mellom anna Språknemnda vart kritisert. Det vart bråk, og eit nytt og samnorskvenleg styre vart valt i Studentmållaget i 1954.¹⁰ Det var bråk i Noregs Mållag òg, med Knut Robberstad som mållagsleiar og talsperson for i-målsfolket. Han vart attvald etter hard strid i 1956, men i 1957 vart Hartvig Kiran vald, for dei «radikale»; motkandidaten var Ivar Eskeland.¹¹ Dette var ein av dei hardaste stridane i Noregs Mållag nokon gong. Til slutt ordna det seg, og i 1956 kom *8 juridiske oppgåveløysingar : med råd og rettleiing om oppgåveskriving*, utgjeven av «Studentmållaget i Oslo, i samarbeid med Juristmållaget» (tredje utgåva kom i 1970).

Juristmållaget ville laga nynorskversjon av dokument for skiftesaker, men det vart reaksjonen i Justisdepartementet at departementet sjølv ville laga ein nynorskversjon av eit rundskriv om skifte, konkurs og akkord med vedlegg. Det er ikkje heilt klart korleis det gjekk med saka, men vi ser at styret framleis arbeidde med dette i 1962–63.

10 Almenningen mfl. s. 181–182.

11 Sjå til dømes Olaf Almenningen mfl., *Målreising i 75 år: Noregs mållag 1906–1981*, Oslo 1981 s. 221–230.

I 1956 gav Knut Robberstad ut førelesingane sine i ekspropriasjonsrett,¹² og dette heftet fekk medlemmene i Juristmållaget tilbod om å kjøpe – innhaldslista vart send ut i eit lagsskriv. Det var framleis lite av jussbøker på nynorsk.

Den same Robberstad var, på same måte som kollegane ved fakultetet, noko skeptisk da Juristmållaget ville at praktikumsoppgåva til eksamen skulle vera tilgjengeleg både på bokmål og nynorsk. Det kunne lett bli nyansar i omsetjinga, skal han ha sagt. Juristmållaget hadde svar på det: Ein kunne gje oppgåva annakvar gong på bokmål og nynorsk. Det siste ville nok vera for radikalt den dag i dag, men etter kvart ordna det seg med val mellom bokmål og nynorsk til eksamen.

5 1960-talet

Det vantar opplysningar om styret rundt 1960, men vi ser at desse vart valde inn i desember 1961: Mikal Haremo (leiar), Viking Mestad og Odd Henrik Robberstad. I februar 1964 kom Bergfinn Aabø inn att som styreleiar, og han hadde den posten fram til mars 1969. Av andre styrenamn frå perioden nemner vi Mattis Stavang, Nils Nygaard, Audun Heskestad, Ingvar Vaset, og Steinar Velle.

Det verkar som det var i denne perioden at laget for alvor tok til med å vakte målbruken i offentlege lysingar. Etter målbruksreglane skulle – og skal – statskontor i nynorskområde nytte nynorsk mellom anna i stillingslysingar, og likeins skulle – og skal – sentrale statskontor nytte norsk i lysingar som gjeld nynorskområde. Dette har gjennom alle år vore grundig forsømt av mange statskontor, og Juristmållaget har sendt hundrevis av brev med påpeiking av lovbrot.

Styret tok òg opp tolkinga av målbruksreglane i skriv til departementet og andre, særleg korleis fleirtalsmålforma skulle reknast ut der det var nøytrale kommunar i krinsen. Det ser ut til at det vart halde eit møte med statsråd Kjell Bondevik, der Knut Robberstad og

12 Knut Robberstad, *Til ekspropriasjonsretten: fyrelesingar 1954*, Oslo 1956.

stortingsrepresentant Einar Stavang var med.¹³ Laget sende òg ei fråsegn med protest mot at staten ikkje ville anke Smebye-dommen (dommen om den «avskyelige snemann»),¹⁴ og laget uttala seg om framlegga til nye målbruksreglar i tilrådinga frå Vogt-nemnda¹⁵ og St.meld. nr. 15 (1968–69) Om språksaka.

Ei anna sak som laget skulle koma til å arbeide med i mange år, var omsetjinga av prosessformularar. Laget fekk lov til å omsetje fleire samlingar med slike formularar som Knut Lassen hadde gjeve ut. Omsetjinga til nynorsk vart ein dugnad mellom mange av lagsfolka. Styret måtte rimeleg nok samordne arbeidet. Vi nemner særleg at Mattis Stavang samordna dette arbeidet i ein lang periode.

Brevkurs med juridisk innhald gjorde Juristmållaget òg opptak til, og Fram Brevskule hadde kurs både i familierett og mannskapsrett.¹⁶

6 1970- og 1980-talet

Vi kan tillata oss å seie at 1970-talet tok til i 1969. Da vart Olav Tveitan vald til styreleiar, etter at Bergfinn Aabø hadde sagt frå seg attval. I styret elles var Mattis Stavang og Olav Roalkvam. Tveitan var leiar i tre år. I 1972 vart Audun Heskestad vald til styreleiar, i 1974 vart Erna Romøren «forkvinne». Ho var elles den første som vart omtala som «varakvinne» (i 1970); så langt hadde kvinnene vore «menn» i Juristmållaget. Kåre Lilleholt tok over som styreleiar i 1977, og i 1980 var turen komen til Ola Mestad, medan Lilleholt heldt fram i styret enda nokre år.

13 Om Einar Stavang, sjå artikkel i dette skriftet.

14 *Rettens Gang* 1964 s. 337 (Oslo byrett). Retten kom til at meteorolog Sigurd Smebye ikkje kunne påleggjast å bruke læreboknormalen når han les opp vèr-meldinga, og slike seie «snø» og ikkje «sne».

15 *Innstilling om språksaken fra Komitéen til å vurdere språksituasjonen m. v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964*, Oslo, 1966.

16 Advokat Andreas Støylen stod for familierettskurset og advokat Ragnar Kvamme for mannskapsrettskurset. Den eine av oss (KL) var truleg mellom dei siste lærarane for brevkurset i familierett.

På årsmøtet i 1983 var det helst vanskar med å finne nye tillitsfolk, for styret fekk fullmakt til å peike ut nytt styre. Noko seinare på året vart Arne Gjeraker styreleiar i eit styre med Ola Mestad og Elbjørg Aadland. Elbjørg Aadland vart leiar i 1986, etter at Gjeraker flytta til Sogndal. Kari Bjørke tok over som leiar i 1988, og med i styret var Torgeir Helle og Anne Ystenes. Av styremedlemmer elles i perioden nemner vi Erling Hagerup, Arne Wåge, Arne Tøsse, Anne Ystenes, Ingvar Vaset, Karstein Bjørge, Toril Nicolaisen, Thomas Hjermann og Liv Sunnanå, medan Viking Mestad, Bente Staven, Bente Ohnstad, Kjetil Straume, Arild Nesdal og Anny Osland var varamedlemmer. På 80-talet fanst det òg ei bergensgruppe, med Nils Nygaard som leiar. I 1980 vart det skipa ein ny tillitspost i laget, nemleg varaettersynsmann. Det var Gunnar de Capua som kom inn der første gongen,¹⁷ og det var visst resultatet av eit politisk grep frå den snartente leieren i valnemnda, Viking Mestad, i ein situasjon der det var fleire kandidatar enn styrepostar (slik KL meiner å hugse det).

I årsmeldinga for 1969 er det omtale av *Norsk Allkunneboks juridiske oppslagsbok*, som var komen ut det året. Dette er ei samling av juridiske artiklar frå det nynorske leksikonet *Norsk Allkunnebok*, og det var Ingvald Svandal som hadde samla artiklane.

Laget heldt fram med tilsynet med etterleving av målbruksreglane. Einar Stavang gjekk gjennom Norsk Lysingsblad og kryssa av for lysingar som skulle ha vore på nynorsk, men som var på bokmål. Styreleieren skreiv brev til syndarane. Etter kvart vart det slik at breva gjekk i namnet til Noregs Mållag. Det var Mattis Stavang som klokt og omtenkamt rådde til den løysinga, for unge folk kunne få mektige fiendar ved å skrive under for mange slike brev, meinte han.

17 Gunnar de Capua (1942–1995) er mest kjend fordi han fekk i gang rettshjelp-tiltaket Juss-Buss, og var ein fargerik og sentral person i det kritiske jussmiljøet på 1970- og 1980-talet. Ei tid arbeidde han med mållovssaker i Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Det vart arbeidt med mållovsreglane elles òg. Juristmållaget var med i ei mållovsnemnd under Noregs Mållag, og det vart laga ei «kvitbok» om utkastet til ny lov (lova vart vedteken i 1980).

I 1984 hadde laget 30-årsfest på Universitetet i Oslo, rekna frå oppattskipinga i 1954. Etter årsmøtet i 1987 underheldt Kjetil Straume på hardingfele. Året etter hadde laget storfin vitjing, då ein av dei mest kjende skodespelarane i landet på den tida, Gisle Straume, kåserte om Åsmund Olavsson Vinje for dei 14 frammøtte. Målt opp mot at 35 medlemmer betalte årspengar for 1989, var frammøteprosenten god.

På 1980-talet fekk styret tak i ei nynorskomsetjing av straffelova som lagmann Einar Solberg hadde laga. Saka er nemnd i papira alt på 1950, men omsetjinga vart nok ikkje ferdig da. Omsetjinga kom aldri til å bli utgjeven. Ein siger for laget i 1987 var då Lovsamlingsfondet vedtok å koma med nynorske tilvisingar på alle nynorske lover frå og med 1987-utgåva av Norges lover. Førespurnaden om å ta inn dobbelspråklege register og at lovsamlinga skulle heite Noregs lover, vart derimot ikkje teken til følgje. Eit anna gjennomslag var at Norsk språkråd sende nynorske lærebøker i rettslære til ettersyn og kommentarar frå laget før dei vart godkjende til bruk.

7 1990- og 2000-talet

Også her ser vi stort på det, og seier at 1990-talet byrjar i 1989. Av vedlegg til innkalling til årsmøtet går det fram at heile det sitjande styret ønskjer avløyning. Grunnane som er oppgjevne, er at mange medlemmer har flytta til Bergen, og at arbeid, familie og andre lag krev sitt. I 1990 var det ikkje noko aktivitet i laget. I 1991 tok Bergfinn Aabø i 1991 endå ein gong tok over leiarvervet. Han fekk med seg Steinulf Tungesvik og Liv Sunnanå i styret, medan Arild Nesdal og Mattis Stavang var varamedlemmer. Ragnar Kvamme var revisor, og Gunnar de Capua hadde no fått tittelen vararevisor. I 1998 tok Steinulf Tungesvik over som leiar, med Arild Nesdal og Borgar Høgetveit Berg som styremedlemmer. På denne tida vart årsmøta gjerne avvikla på Stortinget.

Studentmållaget i Oslo stod, i samarbeid med Juristmållaget, bak at det i 1992 vart det halde mållovsseminar for jusstudentar på Finse. Ola Mestad og Kåre Lilleholt var førelesarar, og i overkant av 20 studentar deltok. Dei fleste kom frå Bergen. Tungesvik var på denne tida også leiar i Studentmållaget i Oslo. Laget, nærare bestemt Nesdal, Tungesvik og Aabø, stod i 1995 bak utgjevinga *Eksempelsamling for politi og rettsvesen*, som vart seld til domstolar og politimeistrar, og delt ut gratis til potensielle nye lagsfolk. I 2000 heldt laget minneseminar om Knut Robberstad, der programmet var «Robberstad og tingsretten» ved professor Thor Falkanger, «Det nynorske rettsmålet», ved professor Kåre Lilleholt, og «Robberstad og norsksdomsrørsla» ved direktør Hans Sørbo. Føredraga vart i 2001 gjevne ut som artiklar i eit særskilt hefte.

I 2005 tok Gunnar O. Hæreid over leiarvervet, medan Steinulf Tungesvik vart leiar i Noregs Mållag. Same vinter tok laget opp att tråden med å halda skriveseminar for jusstudentar og juristar. Seminaret har sidan vorte halde anten på Geilo, Ustaoset eller Haugastøl, med mellom andre Karl Arne Utgård, Kåre Lilleholt, Ola Mestad, Eirik Holmøyvik og Sylfest Lomheim som føredragshaldarar, og universiteta, Noregs Mållag og lokale mållag, bankar og advokatfirma som sponsorar. Seminaret har kvart år samla mellom 15 og 25 deltakarar.¹⁸ Samstundes har medlemstalet auka i perioden frå skriveseminara starta opp, frå 48 til 87 betalande medlemmer, men det gjekk attende til 75 i 2008. Som ei direkte følgje av at medlemmer er verva gjennom skriveseminaret, har det så smått starta opp ei undergruppe av laget i Bergen. Eit anna tiltak som kom i kjølvatnet av seminaret, var ei fadderordning, der studentar kan få sin eigen fadder frå laget.¹⁹

Det har etter kvart vorte vanleg med ekstern føredragshaldar på årsmøta, og mellom andre professor Carl August Fleischer, høgsterettsdommar Kirsti Coward, og professor Finn-Erik Vinje har stilt opp med ulike innlegg om juss og språk. Etter kvart har årsmøta vorte haldne i

18 Om skriveseminaret, sjå artikkel i dette skriftet.

19 Om fadderordninga, sjå artikkel i dette skriftet.

lokala til advokatfirmaet Kluge i Oslo, der fleire av styremedlemmene har vore tilknytte. Arild Nesdal har vore kasserar heile 2000-talet, med Bergfinn Aabø som revisor. Andre medlemmer i styret frå 2004 og ut over har vore Solveig Prestegard, Kaja Breivik Furuseth, Jarand Felland, Bente LaForce, Jon Vegard Lervåg, Kari Hangeland Buvik, Merete Tollefsen og Ingvild Skeie. I tillegg til årsmøtet har det dei siste åra i Oslo vore jamlege sosiale treff på kafé eller heime hjå nokon, med varierende oppmøte.

Laget fekk i 2007 eiga internettside²⁰ og gruppe på fjesboka²¹ («Facebook»), men det kan gå lang tid mellom oppdateringane. At den elektroniske kvardagen har innhenta Juristmållaget, er streka under av at innkallingar til årsmøte og liknande no berre skjer i skjerm brev. Dette skapar ei utfordring med å ha oppdaterte register over e-postadresser, men det er likevel langt enklare å halda kontakt med medlemmene.²²

Frå 2006 starta tradisjonen med å gje ut ein årleg målpris for Juristmållaget. Så langt har Karl Arne Utgård, Nils Nygaard, Kåre Lilleholt og Asbjørn Nes Hansen fått denne for innsatsen for det nynorske rettsmålet. Utdelingane har fått omtale både i lokalaviser og riksaviser.

20 <http://www.nm.no/lag/juristmallaget/>

21 Gruppen heiter kort og godt Juristmållaget.

22 Den som ikkje får innkallingar i skjerm brev, bør melde ifrå til styret.



Kåre Lilleholt saman med styremedlem Jarand Felland, Solveig Prestegard, Gunnar Hæreid og Kaja Breivik Furueth i samband med utdelinga av målprisen i 2008.

Strøtankar om nynorsk, stil og rettskjeldelære

*Av Erlend Baldersheim**

Ei historie frå den gongen

Ein av dei første utfordringane eg møtte då eg byrja å studera juss ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen, var å skriva ei seminaroppgåve om rettskjeldefaktoren «reelle omsyn». På biblioteket leita eg fram og lånte dei norske lærebøkene i rettskjeldelære. Det burde vera eit brukbart startpunkt.

Den nærare angrepsmåten var symptomatisk, men ikkje eit førebilete, for ein noko ung student: Tida vart ikkje brukt på samanhengande studiar av framstillingane. I staden vart stikkordsregisteret den fremste kjelda til kunnskap. Derfrå bladde eg opp akkurat på dei sidene der forfattarane ifølgje stikkordsregisteret skulle skriva om «reelle omsyn». Nokre avsnitt vart lesne i ulike framstillingar, og så var oppgåva å freista å smelta opplysningane i tekststadene saman. Den same teknikken tok eg i bruk ved eit stikkordsøk på databasen Lovdata. Hypotesen var vel at «reelle omsyn» hadde ein eller annan legaldefinisjon nokon stad i den juridiske litteraturen, som eg skulle kunna omtala.

Ein forstår vel fort at framgangsmåten ikkje gav det heilt store resultatet: Ei side ved dette var naturlegvis at kunstuttrykket «reelle

* Erlend Baldersheim (fødd 1982) frå Baldersheim i Fusa kommune, er master i rettsvitenskap frå Universitetet i Bergen (2007). Han har tidlegare arbeid som universitetslektor same stad, og sidan 2009 er han stipendiat der. Han forskar i tingsrett, odelsrett, åsetesrett og rettskjeldelære.

omsyn» ikkje gav rettleiing eller assosiasjonar i seg sjølv. Eg hadde aldri høyrte det juridiske stammespråket tidlegare, og no stod ein av dei meir uformlege storleikane i dette språket brått framfor meg.

Ei anna side var dei sprikande oppfatningane hos forfattarane. Torstein Eckhoff snakka om resultatkontroll,¹ Erik Boe skapte inntrykk av at reelle omsyn var ein subjektiv og individuell rettskjeldefaktor.² Til dette svarte Carl August Fleischer i klare ordelag at reelle omsyn, tvert om, er så å seia «alt», sjølvaste mora til alle rettskjelder og rettsreglar.³ Jan Fridthjof Bernt verka å teikna eit litt meir forståeleg kart, ved at han skilde mellom positiverte verdiar, generelle rettslege verdiar og breiare samfunnsverdiar.⁴ Men til slutt vart det verre igjen. Då fann eg Kåre Lilleholt, som meinte at reelle omsyn ikkje handla om svaret, men om å stilla *spørsmålet* rett.⁵

Alle desse vanskane toppa seg ved at ord uråd å omsetja til nynorsk krinsa kring dei reelle omsyna. Det var tale om «vurderingar av resultatets godhet», om «rimelighet» og «hensiktsmessighet». I bakgrunnen spøkte også kva eg der og då oppfatta som sjølvdefinisjonen på eit uomsetteleg ord: «forutberegnelighet».

I denne situasjonen vart begeret fullt. Etter eit meir eller mindre umedvite val, skreiv eg ikkje seminaroppgåva på nynorsk. Der og då, juridisk usikker og ukjend, måtte eg medgje at eg ikkje oppfatta mitt eige språk som det mest nærliggjande og enklaste å uttrykkja seg på. Det var vanskeleg nok å skjønna kva desse reelle omsyna gjekk ut på, om eg ikkje også skulle omsetja dei til nynorsk. Det var enklast slik. Bokmål vart ein gøymestad for å sleppa å uttrykkja det som verka vanskeleg å seia på sitt eige språk.

1 Eckhoff, *Rettskildelære* (5. utgave, Oslo 2001) s. 371.

2 Boe, *Innføring i juss* (Oslo 1996) s. 290–291.

3 Fleischer, *Rettskilder og juridisk metode* (Oslo 1998) s. 26.

4 Bernt, *Kritisk juss* 1995 s. 29–31.

5 Lilleholt, *Jussens Venner* 2000 s. 50.

Ei utfordring frå i dag

No om dagane arbeider eg som stipendiat ved Det juridiske fakultet. Ein del av arbeidet går ut på å lesa og gje tilbakemelding på studenttekstar, anten dei er skrivne i ro og mak framfor dataskjermen eller i nokon hast ved eksamensbordet. Kva kjenneteiknar desse tekstane?

Til svar er det ikkje mogleg å generalisera for mykje. Alt det gode fortener ros, og det meir gjennomsnittlege fortener råd med på vegen. Kanskje er det berre ei kjensle eg har å formidla. Men eg gjer eit forsøk likevel:

Mange tekstar eg les verkar å ha noko litt mekanisk og skjematisk over seg. Ein ting er at grovstrukturen i mange tekstar er den same; slik må det nesten vera. Verre er det når tekstane verkar upersonlege. Eg opplever at nokre tekstar er skrivne utan innleving, som ei avlevering av fraser og argument utan eit eigentleg ønske om å løysa tvisten og tena rett og rettferd i den einskilde saka. Som ein kassettspelar i eit tomt auditorium kjem mange med sine svar. Eg høyrer inga røyst som talar i teksten, ingen som vil overtyda meg eller visa meg kva han eller ho samvitsfullt har kome fram til som rett og gale. I staden ser eg berre ord. Kvifor kan det verta slik?

Nokre tankar om kvifor

Kanskje er det dei som lagar oppgåvene sin feil. Mange oppgåveforfattarar kjem dragande med Peder Ås og Marte Kirkerud. Peder har halde det gåande i hundre år. Sjølv kjenner eg ingen som heiter Peder. Statistikkar viser at namnet «Peder» i 1880 var i bruk på meir enn 2,5 % av alle gutar, ein popularitet dagens mest brukte gutenamn ikkje kan oppvisa maken til. Hundre år etter var det om lag 0,1 % som fekk det same namnet. Denne nedgangen på 96 % har likevel ikkje påverka dei juridiske oppgåveforfattarane. Peder Ås lever vidare i beste velgåande for oss.

Men for den som skal løysa ei juridisk oppgåve har Peder og Marte vorte flosklar. Eller brikker i eit spel, like blodlause som «x» og «y» i ei matematisk likning.

Andre oppgåveforfattarar prøver å vera morosame. Dei diktar opp personnamn som varierer frå det komiske og over til det pinlege, med dårleg skjulte tilvisingar anten til upopulære amerikanske presidentar, NOKAS-ranarar eller norske kongelege. Ekte er personane i alle høve ikkje. Og Lillevik, sjølvsagt, ligg der også, som ei falma kulisser midt mellom Ingenmannsland og Kvenveitkvar.

Kanskje er det noko meir enn oppgåvene som står i veggen. Kanskje er det meir ein kultur som skapar eller dyrkar ei tru på at tekstane *bør* vera upersonlege, distanserte og mest mogleg mekaniske. Eg har sjølv vore ute for sensorar som slår ned på «munnleg språk» i mitt forsøk på å skriva eit levande nynorsk i ein nokolunde lettlesne tekst. Ein ting er at desse sensorane er smålege, og at dei reint faktisk ikkje er mykje å lytta til. Ein annan ting er at mange diverre lyttar til dei. Karaktermakt er den største definisjonsmakt.

Den upersonlege stilen gjev seg også utslag i bruken av det personlege pronomenet i første person eintal. Visstnok skal ikkje det førekoma i tekstar. Ordet er så subjektivt; det viser at det sit eit menneske som avgjerdstakar i tvisten. «Nokon har sagt», eller «me har vorte fortalt», at det ikkje skal brukast. Ja, eg har endåtil stipendiatkollegaer som meiner slikt, og som prøver å læra det vekk.

Når eg prøver å imøtegå mytar som desse, pleier eg å ta utgangspunkt i at Høgsterett sin måte å argumentera, etter konvensjonell rettskjeldelære, skal danna mønster for andre rettsbrukarar.⁶ Deretter peikar eg på at Høgsterett brukar «eg» og «jeg» heile tida i dommane sine. I det heile synest votaa nokså individuelle og levande.⁷ Spørsmålet då vert kva som er skilnaden. Kvifor skal me avgjera rettsspørsmål på den same måten som Høgsterett, men på ein annan måte? Dersom innhaldet skal vera likt, kvifor skal ikkje forma vera det? Kva er det ved innhaldet i avgjerdene våre me ikkje kan vedkjenna oss i ærleg og open form?

6 Jf. t.d. Skoghøy, *Lov og Rett* 1996 s. 209.

7 Sml. Smith, *Juristen* 2001 s. 70.

Vanlege synsmåtar

Å leita etter svar på spørsmålet frå det føregåande, er ikkje enkelt. Og vansken ligg allereie i premissen. For *skal* me avgjera rettssspørsmål på same måte som Høgsterett?

Reint deskriptivt kan me notera at somme ikkje synest å meina dette. I rettskjeldelæra finn me *Eckhoff*, kanskje noko overraskande, som talsmann for eit slikt syn. Han meiner nemleg at alle andre enn Høgsterett sjølv skal vera bunden av Høgsterett sine dommar.⁸ Dette må tyda at ein underordna domstol skal resonnera på ein annan måte enn den øvste.

Eit døme frå praksis kan visa korleis dette slår ut. Dømet gjeld dei mykje omdrøfte retts sakene som tidlegare nordsjødykkarar har reist mot staten med påstand om at staten er skadebotansvarleg på objektivt grunnlag. I dom 9. september 2008 kom Oslo tingrett til at det ikkje førelåg slikt ansvar. Grunngevinga er likevel spesiell. Dommen opplyser m.a. at det:

«... ikke er tingrettens oppgave å utvide dette ansvarsgrunnlaget, selv om resultatet fremstår som rimelig i forhold til dykkerne. ... Menneskelige hensyn taler for at det objektive erstatningsansvaret utvides.... En eventuell utvidelse av området for det ulovfestede objektive ansvaret bør først skje ved Høyesteretts behandling av spørsmålet.»⁹

Sitatet kan tolkast som ei relativisering av kva det er å avgjera retts-spørsmål. Høgsterett kan og bør gje saksøkjaren medhald, medan ein tingrett ikkje kan gje saksøkjaren medhald. Saksøkjaren får eit vennleg klapp på skuldra med oppmoding om å anka saka vidare i systemet. Moralen er hardkokt overfor dei skadde og slitne nordsjødykkarane: «*De har ei god sak; berre stå på vidare!*»

8 Jf. *Eckhoff, Rettskjeldelære* (5. utgave, Oslo 2001) s. 160-161. Slik også *Tvistelovutvalet, NOU 2001: 32* s. 128-129.

9 Jf. TOSLO-2006-52389. – Dommen frå Høgsterett er innteken i *Rt. 2009* s. 1237.

Ei nyare line i rettskjeldelæra

Også ein annan grunn gjer at me må problematisera premissen om Høgsterett som stilideal. Grunnen til dette ligg ikkje i domstolen sin tradisjonelle måte å skriva dommar på. I staden ligg den i dagens syn på Høgsterett si rolle i rettsordninga, som igjen har ført til ein endra måte å skriva dommar på: Somme hevdar nemleg i dag at Høgsterett si rolle ikkje er å sikra ei korrekt avgjerd i den konkrete saka.¹⁰ I staden er oppgåva dreidd sterkt over på å skulla syta for rettseinskap, rettsavklaring og rettsutvikling.¹¹

Rett nok kan me ikkje tolka dette slik at Høgsterett kan trilla terning om resultatet i dei sakene dei har til førehaving. Meininga er avgrensa til å konstatere at uriktige dommar frå underinstansane i utgangspunktet ikkje kvalifiserer for Høgsterett. Det må noko meir til. Domstolen skal nemleg konsentrere seg om saker som reiser prinsipielle spørsmål, der føremålet med domsskrivinga er å gje rettleiing *utover saka*. Dommane skal i form gje retningsliner for framtida, vera generaliserande og meir allmenne. Ein har lyrisk prøvd å omtala det som «rettslige lysvirkningar» utover det einskilde saksforhold; lysverknader for ei næring, for ei yrkesgruppe, for eit lokalsamfunn.¹²

I framhaldet ligg det då svært nær å hevda følgjande om situasjonen i dag: Tvisteløysing synest for Høgsterett å ha vorte eit praktisk, men strengt teke unødvendig, påskot for å produsera rettskjelder.¹³ Dersom tvisten skal perspektiverast som eit meir lokalt «utslag» av ei meir generell problemstilling, der føremålet er å avdekka denne problemstillinga i ei fullare breidde, får den konkrete tvisten lite å seia som dreiepunkt for rettsbruken. Ei følge av dette er at me er i ein del saker kanskje er i ferd med å missa Høgsterett som ideal for rettskjeldelæra og vår

10 Sjå t.d. Skoghøy, *Festskrift till Lars Heuman* (Stockholm 2008) s. 488.

11 Jf. Ot. prp. nr. 51 (2004–2005) s. 302–303.

12 Jf. Smith, *Juristen* 2001 s. 70.

13 I denne retning også Lilleholt, *Festskrift til Helge J. Thue* (Oslo 2007) s. 526.

eigen måte å løysa tvistar på.¹⁴ Det er ingen som for alvor har hevda at juridiske studentar eller underinstansar i domstolssystemet skal skriva teoretiserande, allment og abstrakt om ein rettsleg tvist av den typen som tilfeldigvis, i ei meir konkret og lokal form, er framme til avgjerd.

Kva sit me att med?

Eg gjekk ut frå at me skal avgjera rettsspørsmål på same måten som Høgsterett. Ved nærare augesyn viser det seg å koma på tverke både med konvensjonell og nyare rettskjeldelære. Kva sit ein juridisk student då tilbake med? Skal han eller ho halda fram med den upersonlege og mekaniske stilen, der tvisten ikkje er reell og ting ikkje skjer på alvor?

Me sit naturlegvis att med det prinsipielle synet at det er sterkt uheldig å gjera ei relativisering av rettsbruken. Nærare bestemt kan me hevda at framgangsmåten til Oslo tingsrett i dommen om nordsjødykkarane, byggjer på at dommaren ikkje fullt ut står inne for si eiga avgjerd. Alvoret og det *endelege* i standpunktet får ikkje spela med som ein reell faktor i dommen.¹⁵ Ei avgjerd kan ikkje vera *grunngeven med* at nokon andre kan retta den opp dersom den er feil.

Ut frå synsmåtar som det føregåande kan ein rett og slett vera usamd både i den konvensjonelle eldre rettskjeldelære og i den nyare rettskjeldelære.¹⁶ Likevel kjem ikkje noko slikt lengre enn til ein kritikk av rettskjeldelære og eit ønske om at situasjonen skulle vore annleis. Eit ønske gjev inga endring, von gjev ikkje veg.

Førebels, trur eg, er det litt på eiga hand me må streva og trenast. Som juristar skal me fungera i retning av å yta rettferd i ei einskild sak. Jussen må ha ein kontakt med livet og få ein *verknad*, anten for å kritisera eller normera haldningar, førebyggja tvistar eller løysa tvistar.

14 Sml. Lilleholt, *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 2002 s. 68.

15 Om avgjerdsplikta som reell faktor, sjå Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt* (2. utgåve, Bergen 2004) s. 257.

16 Sjå i same retning Fleischer, *Rettskilder og juridisk metode* (Oslo 1998) s. 196–197 og Lilleholt, *Festskrift til Helge J. Thue* (Oslo 2007) s. 529–530.

I arbeidet med å løysa tvistane må saka vera ekte, partane ekte, kjenslene ekte og *avgjerda* ekte. Dette krev av oss sjølve at me er audmjuke, sanne og ansvarlege. Språket me brukar, og vert trenta til å bruka, kan derimot gje oss trua på at juss er eit teknisk og verdinøytralt spel med mindre innslag av ansvar. Eit juridisk oppgåvesvar som minner om eit pakningsvedlegg til eit legemiddel, og ein dom som orsakar seg med at nokon andre vonleg vil retta den opp, er etter mitt syn utslag av ein slik uekte og lite ansvarleggjort rettsbruk.

For min eigen del viser det nynorske språket sin styrke her. For meg er dette språket ekte. Etter det innleiande feilsteget om reelle omsyn var unnagjort, fanst – og finst – det ikkje noka anna røyst eg kan uttrykkja meg med, korkje som privatperson eller jurist. På same måten meiner eg det burde vera med fleire. Gode nynorskbrukarar tapast til bokmål når dei byrjar på jusstudiet. Eg er ikkje framand for å meina at noko av bakgrunnen er eit uheldig rådande stilideal; ei flukt i retning av det upersonlege, som det dessutan i sin tur kan vera vanskelegare å kjenna ansvar for. Slik bør det ikkje vera.

Nynorsk lovmål

*Av Tore Fjørtoft**

1 Innleiing

Kva kjenneteiknar nynorsk lovmål? Korleis er kvaliteten på nynorske lover? Korleis kan ein sikre eit godt nynorsk lovmål? Treng vi i det heile lover på nynorsk? Dette er nokre av dei spørsmåla eg vil drøfte i denne artikkelen. I tillegg går eg inn på nokre meir allmenne lovmålsspørsmål.

Nynorsk blir i artikkelen nytta både om det ein i dag kallar nynorsk, og det ein tidlegare kalla landsmål. Likeeins blir bokmål nytta i vid tyding slik at det også omfattar dansk-norsk og riksmål.

Med lovmål siktar eg til språket i formelle lover, jf. Grunnlova §§ 75–78. Mykje av det som blir sagt, gjeld likevel tilsvarande for språket i forskrifter og anna regelverk.

Artikkelen er eit uttrykk for nynorsk lovmål sett med juristauge. Ein filolog hadde truleg lagt artikkelen opp annleis. Helst skulle ein ha vore både jurist og filolog. Når eg eingong berre er jurist, kan det i denne samanhengen vere ein fordel at eg har lang røynsle med lovførebuing frå Justisdepartementets lovavdeling.

* Forfattere, f. 1973, er frå Volda på Sunnmøre og er stipendiat ved Institutt for privatrett, Universitetet i Oslo. Frå 1999 til 2009 var han tilsett i Justisdepartementets lovavdeling.

Av litteratur om emnet nemner eg særleg:

Hege Myklebust, *Nynorsk som lovspråk. Historisk og språkleg utvikling*, hovudfagsoppgåve Universitetet i Bergen, Bergen 1996.

Kåre Lilleholt, «Nynorsk i offentleg målbruk», i *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*, Oslo 1981.

Ragnhild Lier, *Nynorske lover og nynorsk lovmål*, hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo, Oslo 1976.

Ketil Skogen, «Kring norsk lovmål», i *Med lov skal land byggjast. Heiderskrift til Knut Robberstad*, Oslo 1969, s. 151–170.

Lars Ramndal, «Nynorsk som lovmål», i *Halvtanna hundreår med Ivar Aasen*, Bergen 1964, s. 115–128.

Når det gjeld lovmål meir allment, viser eg til Finn-Erik Vinje, *Lovlig språk. Om språk og stil i lover og annet regelverk*, Oslo 1995. Nokre av opplysingane i artikkelen byggjer på eit føredrag om lov- og rettskriving på nynorsk som Bård Eskeland og Kjetil Aasen 23. oktober 2008 heldt for Lovavdelinga. Dei to er rådgivarar i Språkrådet.

2 Nynorsk lovmål i fortid og notid

Norsk lovmål har røter tilbake til Magnus Lagabøtar, som først omarbeidde dei gamle landskapslovene og deretter erstatta dei med ei landslov (1274) og ei bylov (1276). Dette lovverket heldt stand til Christian IV i 1604 omsette landslova til dansk. Etter dette var dansk lovspråket i Noreg. Frå 4. november 1814 til 5. juni 1908 lydte Grunnlova § 81 slik: «Alle Love udfærdiges i det norske Sprog». Likevel heldt dansk fram som lovspråk. Formålet med føresegna i Grunnlova var nok i første rekke å slå fast at norske lover ikkje skulle ha svensk språkdrakt.

Den første lova på nynorsk var Log um sams normaltid fyr kongeriket Norig frå 29. juni 1894:

«§ 1 Fraa den 1ste januar 1895 skal mideltidi fyr den meridianen, som ligg 15 grader austanfyr Greenwich, vera det laglege klokkeslætte i Norig.

§ 2 Naar normaltidd etter denne lagi er innførd, og det daa maatte visa seg trong til aa byta um nokot klokkeslætte som er nemnt i eldre lagar, skal kongen kunna taka avgjerd um slikt umbyte fyr det heile land elder fyr einskilde landsluter.»

Dette var den første heilnorske lova sidan Magnus Lagabøtars tid. Lova gjaldt heilt til ho 1. januar 2008 vart avløyst av lov 26. januar 2007 nr. 4 om måleenheter, måling og normaltidd.

Den neste lova på nynorsk kom i 1916, og var ei endring i lova frå 1894 som gav høve til sommartid. I 1925 var åtte lover gitt på nynorsk. Ved krigsutbrotet var talet 48. Av desse var 32 sjølvstendige lover og 16 endringslover. Til saman var det nynorsk tekst i om lag fire prosent av dei lovene som vart vedtatt i perioden 1924–1939.

Tidleg etterkrigstid var ein gullalder for nynorsk lovmål. Nynorskprosenten låg i perioden 1945–1965 på mellom 12 og 17 prosent, avhengig av kva slags stortingsperiode ein undersøker. Seinare har prosentane vore på mellom 3 og 7,5. Språkmeldinga – *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* – gjorde på s. 193 greie for stoda fram mot vår tid:

«Det er også behov for å arbeida systematisk for å få ein betre balanse mellom målformene i lover og forskrifter. Ei opteljing som vart gjort for ca. ti år sidan, viste at knapt 17 prosent av dei nye lovene som var vedtekne etter krigen, og som framleis var gjeldande, var på nynorsk. Rekna i sidetal var nynorskprosenten berre 10 prosent. Om ein berre tek med dei lovene som var vedtekne etter 1975, var sidetalsprosenten berre 5 prosent. Dette er ein klar indikasjon på ei negativ langtidsutvikling, jamvel om vi ikkje har tal frå den siste tiårsperioden. Det vil no bli lagt opp til at alle departement skal arbeida planmessig med utforming av lover og forskrifter på nynorsk. Målet må vera at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd etter kvart skal vera på nynorsk.»

Utviklinga er negativ, men signalet frå Kyrkje- og kulturdepartementet er positivt. Det står att å sjå om 25-prosentsmålet er meir enn fagre ord. Skal ein nå målet, er det etter mitt syn naudsynt med nokså drastiske tiltak. Planmessig arbeid i departementa er neppe nok, men eg håper

eg tek feil. Tabellen nedanfor viser nynorskprosenten målt etter sidetal i stortingsdokument frå departementa.¹ Fleire av departementa har ein imponerende høg nynorskprosent, men dette er stort sett departement som har forholdsvis få lovsaker. Sentrale lovgivingsdepartement som finans, justis og nærings- og handel har lite å skryte av.

Nynorskprosent målt i sidetal i stortingsdokument

Departement	1994–2008	2006	2007	2008	2006–2008
1. Landbruks- og matdepartementet	51,4	61,9	44,5	39,0	46,9
2. Kunnskapsdepartementet	45,4	58,0	69,7	42,0	55,1
3. Miljøverndepartementet	29,4	37,4	42,8	45,3	41,9
4. Fornyings- og adm. departementet	22,6	92,1	91,5	70,2	85,1
5. Kultur- og kyrkje-departementet	32,2	12,6	27,1	27,0	25,4
6. Kommunal- og reg. departementet	16,9	33,0	8,9	19,1	21,4
7. Olje- og energidepartementet	11,6	23,4	35,9	21,3	27,3
8. Samferdselsdepartementet	19,5	27,4	65,2	53,9	47,2
9. Justisdepartementet	12,1	35,0	12,6	7,2	18,5
10 Utanriksdepartementet	18,4	16,0	20,8	16,1	17,6
11. Arbeids- og inkl. departementet	8,9	18,0	4,7	17,4	13,6

1 Tabellen tek utgangspunkt i departementsstrukturen slik han var ved årsskiftet 2008/ 2009. Målbruksstatistikken er henta frå denne sida: http://www.sprakrad.no/Politikk-Fakta/Lov_og_rett/Maalova/Statistikk.

12. Fiskeri- og kyst-departementet	22,5	27,5	43,6	21,3	33,7
13. Forsvars-departementet	9,6	11,1	24,6	6,3	14,8
14. Barne- og likestillingsdepartementet	12,6	1,8	2,7	33,9	19,7
15. Finans-departementet	9,1	12,8	9,2	14,4	11,9
16. Helse- og omsorgsdepartementet	6,7	11,8	0,3	7,8	5,8
17. Nærings- og handelsdepartementet	8,4	3,7	39,3	9,4	13,8
SUM	17,6	25,4	22,9	22,8	23,7

3 Kva kjenneteiknar nynorsk lovmål?

Språket i nynorske lover varierer med omsyn til ordval, setningsbygning, ordrikdom o.a. Det er klare kvalitative skilnader mellom lovene; nokre er meir velformulerte enn andre. Ein bør derfor vere varsam med å gi ein sams karakteristikk av målet i nynorske lover. Enkelte drag kan likevel nemnast. I stor mon er det tale om meir allmenne kjenneteikn på nynorsk mål.

Føresegner i nynorsklover er ofte korte, enkle og lette å forstå. Hevdslova 9. desember 1966 nr. 1 er eit godt døme. Lova gir eit klart og lettfatteleg uttrykk for hevdsreglane utan å bruke for mange ord. Ho er logisk bygd opp og lett å setje seg inn i. Den pregnante seiemåten i mange nynorsklover kjem tydeleg fram der ein har tilsvarende føresegner i bokmålslover. Eit døme kan vere føresegner om tilhøvet til folkeretten. I havressurslova 6. juni 2008 nr. 37 er dette sagt slik: «Lova gjeld med dei avgrensingane som følgjer av internasjonale avtaler og folkeretten elles.» (80 teikn) Tilsvarende seiemåtar i bokmålslover er oftast lengre, sjå t.d. straffelova 20. mai 2005 nr. 28 § 2, statsborgarlova 10. juni 2005 nr. 51 § 3 og tvistelova 17. juni 2005 nr. 90 § 1-2. I

straffelova heiter det t.d.: «Loven gjelder med de begrensninger som følger av overenskomster med fremmede stater eller av folkeretten for øvrig.» (99 teikn)

Nynorsklover bruker mindre passiv form enn det bokmålslover gjer. Bruk av passiv form inneber at ein fjernar subjektet. Dermed kan det lett oppstå tolkingsspørsmål: Kven er det regelen rettar seg mot? Ved fusjon av aksjeselskap kan det t.d. reisast spørsmål om det er det overdragande selskapet, det overtakande selskapet eller begge som skal melde vedtaka om fusjon til Føretaksregisteret. Aksjelova § 13-13 første punktum er formulert i passiv, og gir derfor ikkje eit klart svar på spørsmålet: «Senest en måned etter at fusjonsplanen er godkjent av generalforsamlingene, og eventuelt av styret, i alle de selskapene som deltar i fusjonen, *skal beslutningene meldes* til Foretaksregisteret.» (utheva her) Den tilsvarende føresegna i samvirkelova 29. juni 2007 nr. 81 § 113 første ledd nyttar aktiv form slik at det går klart fram at plikta til å melde fusjonen til Føretaksregisteret gjeld for kvart av føretaka som er med på fusjonen. Ein utstrekt bruk av passiv kan ikkje berre føre til unødige tolkingsspørsmål, men kan også føre til unødig ordrikdom. Når det i aksjelovgivinga heiter «Det kan fastsettes i vedtektene at ...», heiter det i samvirkelova «Vedtektene kan fastsetje at ...» (sjå t.d. aksjelova § 6-3 tredje ledd første punktum og den tilsvarende føresegna i samvirkelova § 66 tredje ledd første punktum). Passivkonstruksjonar kan i visse tilfelle ha ein nyttig funksjon. Der det er klart kven som handlar, kan hovudbodskapen i setninga kome klarare fram dersom ein utelet subjektet. Det er den overdrivne og ukritiske passivbruken ein bør styre unna.

På nynorsk nyttar ein ofte verbaluttrykk, adjektiv eller adverb der ein på bokmål nyttar substantiv. Der det på bokmål kan vere naturleg å «vise aktsomhet» eller «vise varsomhet», fell det på nynorsk mest naturleg å «vere aktsam» eller «vere varsam». Tilsvarende bør ein på nynorsk skrive «vedta» der ein på bokmål ofte skriv «fatte vedtak». Og der ein på bokmål skriv «øke næringens lønnsomhet», bør ein på nynorsk skrive «gjere næringa meir lønsam». Når ein på bokmål

skriv «i ethvert tilfelle» eller «under enhver omstendighet», er det på nynorsk meir nærliggjande å skrive «alltid» eller «uansett». Er formålet å markere at ein regel gjeld utan unntak, er det mest elegante ofte å sløyfe slike seiemåtar og heller formulere ein regel som etter ordlyden ikkje inneheld unntak. Då følgjer det av ei naturleg språkleg forståing at han gjeld «i ethvert tilfelle». Den nynorske setningsbyggnaden ligg gjerne tettare opp til daglegtalen enn det den bokmålske gjer. Avstanden mellom skriftmål og talemål er slik sett ikkje så stor, sjølv om det kan vere ein god del skilnader i ordbruken. Kort avstand mellom skriftspråk og talemål gjer det vanlegvis lettare å forstå ein tekst.

Nynorsk lovmål har eit ringare ordtilfang enn det bokmålske, i alle fall dersom ein ser bort frå nynorske ord som folk flest ikkje forstår. Dette er kanskje den største ulempa ved det nynorske lovmålet. Det kan vere krevjande å utforme nynorske lover, fordi ein stundom må bruke tid og krefter på å finne dekkjande ord. Ein kan her skilje mellom to situasjonar: 1) Ein har ikkje eit fullgodt nynorsk ord. 2) Det finst eit fullgodt nynorsk ord som folk flest ikkje skjønner. Eit døme på det første kan vere «overtredelsesgebyr». Ein kan sjølv sagt omsetje det med «gebyr», men det ordet femner noko vidare (det omfattar t.d. også administrasjonsgebyr og fakturagebyr). Havressurslova 6. juni 2008 nr. 37 § 59 innførte ordet «lovbrotsgebyr», som må seiast å vere eit kort og sjølvforklarande nynorskord. Døme på nynorske ord som folk flest ikkje skjønner, kan vere «kverrsetjing» og «attring». Isolert sett er dette presise og gode nynorskord, men det hjelper lite når berre eit fåtal skjønner dei. Her bør ein i lovmålet velje meir velkjende ord som «beslag» og «omstøyting» sjølv om det kan hevdast at desse orda reint språkleg ikkje er like gode. Ordet «omframrådgjerder», som ein finn i grannelova 16. juni 1961 nr. 15 § 13, er det truleg så få som skjønner at ein har lite å vinne på å ha det i lovgivinga.

Eit ringare ordtilfang treng ikkje berre vere ei ulempe. Etter omstenda kan det vere ein fordel ved at *ein unngår ein ukritisk bruk av «bokmålsklisjeane»*. For det første blir ein tvungen til å tenkje nærmare gjennom kva ein regel eigentleg går ut på før ein uttrykker regelen

språkleg. Ein bør her så å seie fristille seg frå korleis regelen lyder på bokmål, og heller ta utgangspunkt i det reelle regelinnhaldet. Vanlegvis vil det då vise seg at det ikkje er noko nemnande problem å utforme føresegna på nynorsk. Som sensor og oppgåverettar har eg røynt at ein del nynorskstudantar er for raske med å ty til direkte omskrivingar. Når dei skriv at «regelen kjem til anvending» i staden for at «regelen gjeld», tyder det på ein ukritisk og uheldig bruk av ein «bokmålsklisjé». Dei som tek del i lovførebuing, kan fort gå i den same fella. For det andre kan eit ringare ordtilfang gi grobotn for eit rikare og meir velutvikla nynorsk lovmål ved at ein stadig blir utfordra til å kome med gode avløyсарord. Dette kan også kome det bokmålske lovmålet til godet. Ordet «fraværdsdom» i tvistelova 17. juni 2005 nr. 90 skriv seg t.d. frå nynorskordet «fråværsdom». Ingen bør sakne seksstavingsordet «uteblivelsesdom». Det finst ei rekke andre ord med nynorsk opphav som etter kvart har fått innpass i det bokmålske lovmålet, t.d. attføring, kostnad, løyve og søknad. Sams for desse lånorda er at dei jamt over er kortare enn dei tradisjonelle bokmålsorda.

4 Korleis er kvaliteten på nynorske lover?

Ei lov skal ideelt sett vere klar, lettforståeleg og gi gode løysingar i flest mogleg tilfelle.² Om ei lov gir gode løysingar, er ikkje eit språkleg spørsmål. Det let eg derfor liggje her. Ser ein språkleg på det, bør ein lovtekst vere klar, lettforståeleg og treffsikker ved at føresegna ikkje rekk kortare eller lengre enn det lovgivaren har meint.³ I dette ligg eit krav om godt språk. Er språket dårleg, kan ein lovtekst ikkje svare til idealet. Godt språk er ikkje synonymt med feilfritt språk. Sjølv om ein tekst er aldri så korrekt, kan han lide av dårlege formuleringar, unaturlege ordval og mangel på presisjon og variasjon.

2 Noko tilsvarende Kirsti Coward, «Om arbeidet med lovtekster», i Finn-Erik Vinje, red. *Språket i lover og annet regelverk*, Oslo 1989, s. 5.

3 Sjå også Sjur Brækhus, *Sprogstrid og Lovsprog*, Oslo 1956, s. 14.

Den språklege kvaliteten på nynorske lover varierer. Eg har ikkje gått systematisk gjennom alle lover på nynorsk, og må derfor nøye meg med å peike på nokre hovudfunn. Nyansane er mange. Éin generell påstand meiner eg likevel å ha tolleg god dekning for: Språket i dei opphavlege nynorsklovene er gjennomgåande betre enn i endringslovene. Ofte er endringslovene ein kime til redusert språkkvalitet. Eg gjer særskilt greie for endringslover i punkt 8 nedanfor.

Det er ovanfor peikt på at 50- og 60-talet var ein gullalder for nynorsk lovmål. Slik var det ikkje berre kvantitativt, men også kvalitativt. Lovene frå denne perioden har mykje god ordlegging. Ordvalet er rett nok konservativt også etter målestokken den gongen. Tingsrettslovene frå 60-talet ber alle bod om eit solid juridisk og språkleg handverk. Enkelte mindre feil har likevel snike seg inn. I grannegjerdelova 5. mai 1961 står det t.d. i § 5 første ledd første punktum: «Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderestar som kan vera farlege for folk eller husdyr.» Her skulle det ha stått «grannegjerde» i eintal.

Når det gjeld nynorsklover frå 70-talet, er biletet meir samansett. Språket er i hovudsak bra, men tekstane verkar mindre gjennomarbeidde enn på 50- og 60-talet. Det viser seg mellom anna ved at ord og former frå bokmål dukkar opp i nynorsklover. Del I i arvelova 3. mars 1972 nr. 5 heiter t.d. «Arv etter loven og rett til å sitje i uskift bo». Elles i lova står det «uskift bu» eller «uskiftebuet». Den bokmålske passivforma «gis» er dessutan brukt i fleire paragrafar, sjå t.d. §§ 45 og 74. Endeleg nemner eg at § 52 fastset at testamentsvitna ikkje må vere i «høy» grad sjeleleg svekte. Jordskiftelova 21. desember 1979 nr. 7 står i same stilling som arvelova: i hovudsak bra, men med nokre slurvefeil og bokmålske seiemåtar. Fjellova 6. juni 1975 nr. 31 er hakket betre, men også ho har nokre gleppar, t.d. «være» i § 3 første ledd. Odelslova 28. juni 1974 nr. 58 utmerkar seg med godt nynorsk mål og mindre påverknad frå bokmålet enn dei andre syttitalslovene som her er nemnde.

Nynorsklovene frå 80-talet har jamt over godt språk. Det gjeld mellom anna lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste,

lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn og lov 6. juni 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom. Barnelova 8. april 1981 nr. 7 inneheld ikkje så mange reine språkfeil, men den utstrekte bruken av passiv form er uheldig. I § 4 om vedgåing av farskap og medmorskap lyder t.d. fjerde ledd slik: «Vedgåing kan dessutan gjevast ved påteikning på farskapsførelegg.» I aktiv form kan setninga formast slik: «Faren kan dessutan vedgå farskapet ved å underteikne eit farskapsførelegg.»

Frå 90-talet og fram til i dag er det også kvalitetsskilnader, men det er gledeleg at vi har fått nokre nynorsklover som er verkeleg gode. Havressurslova 6. juni 2008 nr. 37 er eit lovspråkleg meisterverk. Ho er eit godt føredøme, ikkje berre for nynorsk lovmål, men også for lovmålet meir allment. Den språklege kvaliteten er særleg imponerande i lys av at utvalutgreiinga var på bokmål. Paradoksalt nok var dette kanskje årsaka til at sluttresultatet vart så bra. I punkt 7 nedanfor seier eg litt om førebuinga av havressurslova. Offentleglova 19. mai 2006 nr. 16 verkar også solid. Det same må kunne seiast om tomtefestelova 20. desember 1996 nr. 106, bustadoppføringslova 13. juni 1997 nr. 43, bustadbyggjelagslova 6. juni 2003 nr. 38, burettslova 6. juni 2003 nr. 39 og matrikkellova 17. juni 2005 nr. 106. Som ansvarleg for proposisjonen til samvirkelova 29. juni 2007 nr. 81 kan eg vedgå at denne lova ikkje er like godt gjennomarbeidd språkleg som dei nemnde lovene. Utvalutgreiinga var også her på bokmål. Eg gjekk i nokre tilfelle for langt i å omsetje mekanisk i staden for å finne gode nynorske ord og seiemåtar. Skogbrukslova 27. mai 2005 nr. 31 og yrkestransportlova 21. juni 2002 nr. 45 verkar forholdsvis lite språkleg gjennomarbeidde, og inneheld fleire feil.

5 Er lover på nynorsk språkleg betre enn lover på bokmål?

Dette er eit spørsmål som det er umogleg å svare på, i alle fall dersom ein ventar at svaret skal bli allment akseptert. For det første er det ulike subjektive oppfatningar om kva som er godt lovmål. For det andre

finst det ulike objektive målestokkar: Skal det avgjerande t.d. vere lesevanskegraden (såkalla «låsbarhetsindex») eller talet på språkfeil per tekstmengd? For det tredje varierer den språklege kvaliteten i både bokmålslover og nynorsklover. For det fjerde er ikkje godt lovmål i første rekke eit spørsmål om bokmål eller nynorsk, men eit spørsmål om språkbruk. Nynorske lover kan vere både gode og dårlege liksom lover på bokmål kan vere det.

Både på bokmål og nynorsk er det – om ønskjeleg – mogleg å utforme klare, lettfattelege og treffsikre lover.⁴ Hovudskilnaden er etter mitt syn at fallgruvane er fleire og større om ein skriv lovteksten på bokmål. Ola I. Breivega seier det slik:⁵

«Med si forankring i 'norsk folkemål' har nynorsk eit trongare syntaktisk register enn bokmål og kan seiast å vera syntaktisk 'enklare'. Spissformulert: Visse tunge konstruksjonar som ein kan nytta på bokmål, dei må ein sky på nynorsk, elles blir språkbruken uidiomatisk.»

Punkt 3 ovanfor inneheld fleire døme på uheldige seiemåtar som ein helst bør unngå anten ein skriv bokmål eller nynorsk. Eg kunne ha nemnt fleire.⁶ Stikkorda er mellom anna substantivsjuke, kansellistil, bokmålsklisjear, overdriven bruk av passiv form og unødig ordrikdom. Som bokmålsbrukar må ein vere på vakt for ikkje å gå i dei mange fellene. Klarer ein det, kan resultatet bli særst godt. Nynorskbrukarar blir som utgangspunkt ikkje straffa like hardt for denne typen språkleg medvitssløyse. Årsaka er at nynorsken har ein innebyggd motstand mot slike former. Aller verst blir det likevel dersom nynorskbrukarar går i bokmålsfellene. Om det er trong for å presisere at ein kontrakt er

4 Sjø t.d. Ruth Vatvedt Fjeld, «Å gjøre lovtekster klarere», i Rapport frå ein nordisk konferanse om klarspråk, Kongsberg 4.–6. november 2004, s. 17–27.

5 Jf. Ola I. Breivega, «Klarspråksgevinstar av samlivet mellom nynorsk og bokmål», i Rapport fra en nordisk conference om klarsprog, Gilleleje 15.–17. november 2006, s. 75–82.

6 For fleire døme sjå Aud Anna Senje, «Uklart juridisk språk», i Rapport frå ein nordisk konferanse om klarspråk, Kongsberg 4.–6. november 2004, s. 70–81.

«gjensidig bebyrdende», tek det seg dårleg ut om ein på nynorsk skriv «gjensidig byrdeskapande». «Gjensidig tyngande» kling betre.

Professor Dag Gundersen undersøkte i si tid lesevanskegraden (liksen) til eit utval av lover på bokmål og nynorsk.⁷ Liksen tek omsyn til lengda på ord og setningar. Tekstar med liks over 50 blir rekna som vanskelege, medan tekstar med liks over 60 blir rekna som svært vanskelege. Gjennomsnittleg liksverdi for seks utvalde lover på bokmål var 58,3. For fem lover på nynorsk var verdien 49,0. Liks er ikkje eit mål på lov kvalitet, men kan likevel gi ein peikepinn på kor tilgjengeleg ein lovtekst er. Målestokken tek sjølvstakt ikkje høgde for at nordmenn flest har lettare for å forstå bokmål enn nynorsk.

Språk kvaliteten i lovene kan også vurderast ut frå talet på feil per tekstmengd. Med ein slik målestokk blir truleg bokmålet vinnaren. Anna er ikkje å vente så lenge det både i departementa, i stortingskomiteane og elles i samfunnet er langt fleire som meistrar bokmål enn nynorsk. At det truleg er flest feil i nynorske lovtekstar, inneber ikkje at nynorsk er mindre eigna som lovspråk enn bokmål. Dette er åleine ei følgje av at nynorsk er eit minoritetsspråk. Det skuldast såleis eit forhold utanfor språket. I alle høve er eit feilfritt språk ingen garanti for ein god lovtekst. Ein bør derfor vere varsam med å vurdere den språklege kvaliteten åleine ut frå kor mange feil lovteksten inneheld.

6 Godt lovspråk føreset både juridisk og språkleg innsikt

Den som skal utforme ein lovtekst, må over to hinder: For det første må ein ha klart føre seg kva regelen skal gå ut på. For det andre må ein gi regelen eit presist språkleg uttrykk. I dette ligg eit krav til juridisk og språkleg innsikt. For at resultatet skal bli vellykka, er føresetnaden

7 Sjå nærmare Dag Gundersen, «Rettsspåket – tradisjon, påvirkning, forståelighet og egenart», i Finn-Erik Vinje, *Språket i lover og annet regelverk*, Oslo 1989, s. 85.

dessutan at ein set av nok tid til å utarbeide lovteksten. Å formulere lov- eller forskriftstekst er krevjande, meir krevjande enn mange trur. Eit døme frå røynda er illustrerande:

Finansdepartementet sende 8. juni 2009 på høyring eit høyringsnotat frå Kredittilsynet med framlegg om å endre eigedomsmeklingslova og eigedomsmeklingsforskrifta. I høyringsnotatet gjorde tilsynet mellom anna framlegg om å forby at eigedomsmeklaren overfører kjøpesummen til seljaren før kjøparen har fått heimel til eigedommen:

«For formidlinger som ikke omfattes av lov 13. juni 1997 nr. 43 om avtaler med forbrukar om oppføring av ny bustad m.m., kan midler som kjøper har innbetalt til eiendomsmeglingsforetaket til dekning av kjøpesummen ikke disponeres til fordel for selger før kjøper har fått hjemmel til eiendommen i grunnboken. Dersom handelen gjelder andel i borettslag gjelder tilsvarende for registrering i medhold av lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag § 6-2. Bestemmelsen kan fravikes dersom

- a) kjøper hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet,
- b) oppdraget er omfattet av eiendomsmeglingsloven § 1-4 tredje og fjerde ledd,
- c) avvikende vilkår er stilt av kjøper i forbindelse med avtaleinngåelsen.»

Etter mitt syn kan regelen formulerast kortare og enklare utan at meiningsinnhaldet blir endra:

«Ved salg etter lov 3. juli 1992 nr. 93 om avhending av fast eigedom (avhendingslova) kan eiendomsmeglingsforetaket ikke disponere kjøpesummen til fordel for selgeren før kjøperen har fått grunnbokshjemmel. Er kjøperen forbruker, kan foretaket bare overføre kjøpesummen tidligere hvis kjøperen har krevd det ved avtaleinngåelsen, eller hvis meglingsoppdraget er omfattet av eiendomsmeglingsloven § 1-4 tredje eller fjerde ledd.»

Eg nemner at avhendingslova også gjeld for sal av burettslagsandelar, og at kjøparen også i desse tilfella oppnår rettsvern ved tinglysing i grunnboka. Hovudpoenget i denne samanhengen er at det dreier seg om ei språkleg og regelteknisk forenkling som krev juridiske

kunnskapar. Ein filolog eller ein annan språkkunnig kunne sikkert ha gjort den opphavlege teksten betre, men hadde neppe klart å nærmast halvere han utan å endre meiningsinnhaldet.

7 Havressurslova – ei solskinshistorie

Havressurslova er nynorsk lovmål på sitt beste, og bør lesast av alle som har interesse for lovmål. Kva gjorde at lova vart så god?

Her var det fleire forhold som spelte inn. Det viktigaste var kanskje at Fiskeri- og kystdepartementet allereie frå byrjinga la stor vekt på språket i lovframlegget. Departementet trekte dessutan vekslar på solid språkkompetanse i eigen organisasjon (Fiskeri- og kystdepartementet og Fiskeridirektoratet). Det er særleg grunn til å nemne at departementet har ein medarbeidar som m.a. har til oppgåve å gå gjennom språket i proposisjonar og andre tekstar. Proposisjonen var såleis ikkje eit reint juristverk. Vidare hadde departementet arrangert nynorsk-kurs, slik at også bokmålsbyråkratane stilte forholdsviss sterkt. Endeleg gjekk ein utanforståande språkkonsulent gjennom heile lovframlegget. Samanfatingsvis må ein vel kunne seie at nøkkelen til suksess var den sterke merksemda kring lovmålet gjennom heile prosessen og at departementet synest å ha eit godt språkmiljø.

Ei ny jordskiftelov er på trappene. Landbruks- og matdepartementet sende 18. september 2009 på høyring eit framlegg til ny lov. Dessverre er lovframlegget heller trist lesnad for alle som er glade i nynorsk lovmål. Eitt er at lovframlegget inneheld ein del feil. Like gale er det at store delar av teksten er uidiomatisk; påverknaden frå bokmålet er for sterk. Skal sluttresultatet bli bra, må det leggjast større vekt på den språklege utforminga i det vidare lovarbeidet.

8 Endringslover – varsellampene må blinke

Frå ein språkleg synsstad er endringslover ei kjelde til frustrasjon og irritasjon. Lover som opphavleg hadde ei fin språkdrakt, blir skitne og

må vaskast på ny for å bli reine igjen. Slik er det sjølvsagt ikkje alltid, men temmeleg ofte. Verst er det gjerne når det i samband med større nye lover, blir gjort ei rekke endringar i andre lover. Faren for feiltrinn er minst når det er tale om reine endringslover som berre endrar ein paragraf eller to.

I samband med vedtakinga av plan- og bygningslova 27. juni 2008 nr. 71 vart det gjort endringar i ei rekke lover. Endringane i jordlova 12. mai 1995 nr. 23 § 2 første ledd har preg av hærverk:

«Denne lova gjeld for heile landet. Føresegnene i §§ 9 og 12 gjeld likevel ikkje for område som:

- a) I reguleringsplan er lagt ut til anna føremål enn landbruk eller hensynssone som med tilhørende bestemmelse fastlegger faresone, jf. plan- og bygningsloven § 12-6.
- b) I bindande arealdel av kommuneplan er lagt ut til
 1. bebyggelse og anlegg, eller
 2. landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift der grunnutnyttinga er i samsvar med føresegner om spreidd utbygging som krev at det ligg føre reguleringsplan før deling og utbygging kan skje.»

Tilsvarande har endringslover gjort at grannegjerdelova 5. mai 1961 § 16 andre ledd første punktum har fått nokre skrivefeil:

«I områder som er lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift i medhald av plan- og bygningsloven § 11-7 nr. 5 eller er regulert til slik bruk eller vern og i uregulert område, held jordskifteretten skjønnet ...»

Havressurslova vart første gong endra ved lov 9. januar 2009 nr. 4. Dermed fekk også denne lova riper i lakken:

«§ 8a Saker der fylkeskommunane har kompetanse
Fylkeskommunane kan fatte vedtak på særskilde områder innanfor lova sitt verkeområde når dette er fastsett i forskrift. Departementet kan i forskrift fastsetje nærare reglar om fylkeskommunane sin kompetanse

etter denne føresegna. I dei sakene der fylkeskommunane er gitt kompetanse til å fatte vedtak, er Fiskeridirektoratet klageinstans.»

I samband med iverksetjinga av tvistelova 2005 vart det gjort ei rekke forskriftsendringar, jf. forskrift 21. desember 2007 nr. 1607. Som så ofte før når ei rekke lover og forskrifter blir endra, så skar det seg. Sameigeforskrifta 25. mai 1966 nr. 8701 § 2 bruker no ordet «ordskurd» to gonger. Sjølv Lovavdelinga kan gjere feil.

9 Korleis kan ein sikre eit godt nynorsk lovmål?

Departementa har ansvar for språket i proposisjonane. Lovframlegga skal vere i samsvar med tilrådingane i rettleiaren *Lovteknikk og lovforberedelse* frå Justisdepartementets lovavdeling. I mandata til utgreiingsutvala står det oftast at også lovframlegga deira skal byggje på desse tilrådingane. Rettleiaren i lovteknikk og lovførebuing har eit eige kapittel 6 om terminologi og språkføring. Det står ikkje noko særskilt om nynorsk lovmål. Etter at ein proposisjon er fremja, blir det sjeldan gjort språklege endringar i lovframlegga. Dei gongene det skjer, er det vanlegvis for å rette opp reine skrivefeil.

Er dagens rutinar gode nok? Trengst det rutinar som i større grad sikrar eit godt nynorsk lovmål?

Etter mitt syn er det grunn til å vurdere tiltak som kan sikre at språket i lovene jamt over blir betre. For det første kan ein tenkje seg tiltak som aukar språkkompetansen i kvart departement, t.d. språkkurs. For det andre kan ein tenkje seg nye rutinar som tvingar fram ei større merksemd kring lovspråket, t.d. at alle lovframlegg må passere eit språkleg granskingsorgan. I det svenske Justitiedepartementet finst «granskningsenheten», ei eining som er sams for heile Regeringskansellet. I eininga arbeider både juristar og språkgranskarar. Dei granskar lovframlegga språkleg og juridisk. I Noreg kunne ein tenkje seg at Språkrådet fekk ei tilsvarende rolle, eventuelt at ein oppretta ei særskilt eining i sentralforvaltinga som skulle gå gjennom lovframlegg og andre tekstar.

Personleg har eg likevel meir tru på å styrke språkkompetansen i Lovavdelinga framfor å opprette nye organ eller innføre nye rutinar. I Lovavdelinga er det nærmare 40 juristar. Det bør vere plass til ein filolog eller to. Ved dei lovtekniske gjennomgangane er det ofte så mykje anna å gripe fatt i at ein del uheldig språk får passere. Om ein språkkunnig person i samband med dei lovtekniske gjennomgangane kunne konsentrere seg fullt ut om språket i lovframlegga, trur eg lovspråket – både det bokmålske og det nynorske – hadde blitt vesentleg betre.

10 Kven avgjer målforma?

Tradisjonelt er det saksordføraren i stortingskomiteen som har avgjort målforma i lova. Praksisen har røter tilbake til vedtakinga av Svalbardlova i 1925. I juridisk teori har enkelte omtalt praksisen som ein regel eller eit prinsipp.⁸ Ein slik karakteristikk er i beste fall misvisande, og kan ikkje oppretthaldast i dag. Det finst døme på at komitéfleirtalet har avgjort målforma på tvers av ønsket frå saksordføraren.⁹ Slik var det t.d. i samband med vedtakinga av avhendingslova 3. juli 1992 nr. 93. Når spørsmålet kjem på spissen, verkar det altså som om komitéfleirtalet avgjer målforma.

Spørsmålet er vidare om komitéfleirtalet kan tvinge Stortinget til å vedta ei lov på ei anna målform enn det stortingsfleirtalet ønskjer. Eg har vanskeleg for å sjå at komiteen har slik makt. Her som elles må Stortinget som lovgivar ha det avgjerande ordet. Komiteen må helst nøye seg med å avgjere den målforma lovframlegget skal ha i komitéinnstillinga. Korleis ein ser på dette rettsleg, har uansett lite å seie i praksis. For det første er det i våre dagar knapt tenkeleg at Stortinget

8 Jf. m.a. Johs. Andenæs og Arne Fliflet, *Statsforfatningen i Norge*, 10. utgåve, Oslo 2006, s. 235–236, Kåre Lilleholt, «Nynorsk i offentleg målbruk», i *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*, Oslo 1981, s. 388 og Ketil Skogen, «Kring norsk lovmål», i *Med lov skal land byggjast. Heiderskrift til Knut Robberstad*, Oslo 1969, s. 169–170.

9 Sjå nærmare Kåre Lilleholt, «Målform i lover» i skriftet her.

skal nekte å vedta ei lov på grunn av målforma. For det andre har stortingskomiteane vanlegvis ikkje føresetnader for å omsetje lover frå den eine målforma til den andre. Dermed vil spørsmålet normalt berre oppstå i tilfelle der det er utarbeidd lovframlegg på begge målformene før saka blir handsama i Stortinget. I realiteten – om enn ikkje rettsleg – er det kvart departement som avgjer målforma i nesten alle lover.

11 Treng vi lover på nynorsk?

Nasjonen kan klare seg utan lover på nynorsk liksom han kan klare seg utan nynorsk. Men nasjonen hadde blitt fattigare på den måten. I eit demokrati er lova det øvste uttrykket for folkeviljen. Nettopp derfor er det viktig at lovmålet speglar dei språka som innbyggjarane nyttar. Det nynorske lovmålet gir nynorsken auka legitimitet. I tillegg er nynorsklovene ein arena for utvikling og pleie av det nynorske rettsmålet. Dette dreg både nynorskjuristar og andre nytte av. Endeleg er eg overtydd om at lovmålet samla sett blir betre av at vi har lover på både bokmål og nynorsk. Årsaka er at kvart av måla kan hente det beste frå det andre.

12 Nokre spreidde røynsler frå lovarbeid og ymist anna

Det er lett å få inntrykk av at språkstridar er noko som høyrer fortida til. Temperaturen i ordskifta var nok høgare før, men også i vår tid er det stundom sterke meiningar om ei lov skal vere på nynorsk eller bokmål.

Mange vart arge då dei såg at Burettsloutvalets framlegg til ny bustadbyggjelagslov og ny burettslagslov var på nynorsk, jf. NOU 2000: 17 Burettsløvene. Under høyringa var det fleire som argumenterte for at lovene burde vere på bokmål. Dei hevda at det var vanskeleg å forstå den nynorske teksten, og viste til at dei fleste brukarane av lova snakkar bokmål. Kommunal- og regionaldepartementet valde å halde på det nynorske lovframlegget. Departementet la likevel vinn på å nytte ein del ord og uttrykk som ligg nært opp til bokmål. Eit døme på språkleg endring frå utgreiinga til proposisjonen finn ein i § 5-1,

som i utgreiinga var formulert slik: «Kvar andel gjev einerett til å bruke ein bustad i laget og rett til å nytte fellesareal til det dei er etla eller vanleg brukte til, og til anna som er i samsvar med tida og tilhøva.» Departementet formulerte føresegna slik: «Kvar andel gir einerett til å bruke ein bustad i laget og rett til å nytte fellesareal til det dei er tenkte eller vanleg brukte til, og til anna som er i samsvar med tida og tilhøva.» I samband med denne lovsaka fekk eg forresten spørsmål om proposisjonen kunne vere på bokmål sjølv om lovframlegget skulle vere på nynorsk. Eg tykte ikkje ideen var god. Heile proposisjonen kom på nynorsk.

Som ansvarleg for tingsretten i Lovavdelinga fekk eg stundom spørsmål frå bokmålsfolk om dei nynorske tingsrettslovene fanst på norsk. Svaret var ja.

Til slutt eit lite hjartesukk: Det er vanleg at stortingskomiteane i ei og same innstilling vekslar mellom å skrive bokmål og nynorsk, og det utan å bruke hermeteikn. Personleg synest eg dette skurrar. Fenomenet viser seg når regjeringa har lagt fram ein proposisjon på nynorsk. Det er to hovudvariantar. Den eine går ut på at sjølv lovframlegget er på nynorsk, medan innstillinga elles er på bokmål. Døme på dette er Innst. O. nr. 125 (2008–2009) og Innst. O. nr. 86 (2008–2009). Den andre varianten er at samandraget og tilrådinga frå komiteen (ev. berre sjølv lovframlegget) er på nynorsk, medan merknadene frå medlemmene er på bokmål. Dette er den vanlegaste varianten i praksis, sjå t.d. Innst. O. nr. 115 (2008–2009), Innst. O. nr. 97 (2008–2009), Innst. O. nr. 74 (2008–2009) og Innst. O. nr. 59 (2008–2009). Det finst også fleire døme på at stortingskomiteane vekslar mellom nynorsk og bokmål i det same avsnittet, sjå t.d. Innst. O. nr. 29 (2008–2009) kapittel 2 første avsnitt, Innst. O. nr. 10 (2008–2009) kapittel 2 første avsnitt og Innst. O. nr. 8 (2008–2009) (avsnittet med merknader frå komiteen). I våre dagar skal ein leite lenge for å finne komitéinnstillingar med berre nynorsk mål. Det gledelege er at komiteane let sjølv lovteksten bli verande på nynorsk.

Nynorskjuristar – ikkje berre raggsokkjuristar

*Av Kaja Breivik Furuseth**

Nynorskjuristane er godt gøymd, men slett ikkje anonyme. Det trengst sterk vilje for å halde ut og halde fram som nynorskskrivande jurist, og karakter er eit kjenneteikn for nynorskjuristane.

Andre kjenneteikn er friluftsiinteresse, særleg ski. Dette skil seg ikkje nemneverdig frå resten av juristverda, bortsett frå at fjellanorakk, ullgenser og toppturar tydelegvis har høgare status enn kondomdress, mikrofiber og topplassering i Birken.

Den sterke dragninga mot høgjellet kjem til syne ved at skrivekurser dei seinare åra er flytta seg stadig høgare. Då vi starta opp att den gamle tradisjonen med skrivetrening i 2005, heldt vi til på Geilo, medan programmet no er lagt til Haugastøl som ligg 988 meter over havet. Kurset går over ei helg, og skitur på søndag er fast post – no som då.

Ein annan fast post på programmet er allsong og gitar på laurdagskvelden. Songboka frå målungdommen er med, og diskusjonen er berre kva *versjon* av «Nordmannen» vi skal bruke. Solosong med «Dar kjem dampen» er dessutan eit populært innslag frå Ola Mestad. Sjølv er eg vel alt i den siste generasjonen som lærte desse songane på rams på barneskolen.

* Forfattern, fødd 1976, er cand. jur. frå Universitetet i Oslo frå 2002 og LL.M. (Adv.) i European Business Law frå Universiteit Leiden frå 2006. Furuseth er frå Molde og arbeider som advokat i Kluge advokatfirma DA. Frå 2002 til 2005 arbeidde ho i Nærings- og handelsdepartementet, og seinare i 2005 hadde ho eit engasjement i Statens forvaltningsteneste. Furuseth var dommarfullmektig i Sandefjord tingrett frå 2006 til 2008.

Eg har stilt meg spørsmålet om det er heimekjensla som gjer at eg trivst så godt på samlingane. Sjølv voks eg opp i ein bykommune på nordvestlandet og hadde aldri nynorsk som hovudmål. Men motkulturane låg som eit bakteppe likevel, med Norsk Barneblad i heimen og opphald både i fråhaldsrørsla og på bedehuset.

Motkulturane er nettopp noko av det som skil vest frå aust og dalstroka frå det sentrale Austlandet. Det var kanskje ikkje så rart at mykje verka likt og lukka i det første møtet med det juridiske fakultetet i Oslo. Alle studentforeiningane lokka med pizza og øl, og det såg ut til at alle dei andre kjente kvarandre frå før.

Etter kvart fann eg likevel min plass, men i valet om å skrive nynorsk kjente eg meg framleis åleine. Frå fakultetet fekk eg ikkje anna støtte enn eksamensoppgåver på nynorsk ein gong i året. Likevel skjedde det i kjent stil at administrasjonen ringde meg opp ei tid før eksamen, berre for å forsikre seg om at eg verkeleg skulle ha eksamen, og at det verkeleg var nødvendig med denne omsetjinga som kravde så mykje ressursar.

Sjølv om det ikkje var lærekrefter som brukte nynorsk på fakultetet, var lærebøker frå Bergens-professorar ofte oppført som alternativ litteratur, og mellom dei fanst det gode verk på nynorsk. Då vi kom til tredjemannsfaga, fann eg heldigvis ut at det var ein god idé å lese Lilleholt, ikkje berre på grunn av språket. For å finne avløysingsord på nynorsk hadde eg dessutan god nytte av omsettingsordboka *Med andre ord*.

Eg har ofte høyrst at jusstudentar som bruker nynorsk, får betre resultat. Det er halde fram at desse studentane blir tvinga til å analysere bokmålstekster nøye, slik at dei skjønar innhaldet fullt ut og kan finne dei rette uttrykka på nynorsk. Etter at eg vart med i Juristmållaget, har eg sett at mange av medlemene sit i sentrale posisjonar. Det kan difor vere freistande å konkludere med at nynorskjuristar arbeider hardt og når langt i livet.

På eit årsmøte i Juristmållaget gjorde likevel ein medlem frå forvaltninga gjeldande at nynorsken også burde vere open for heilt alminnelege juristar. Særleg for studentar som strevar med både språk

og fag, kan det kanskje verke skremmande om alle andre framstår som superstjerner. Vi må likevel hugse på at alle har starta ein stad. Eg vil tru at også superstjernene har vore der dei har kjent seg åleine, og streva både med språk og fag. Og dei har vel heller ikkje meir stjernerykkjar enn at dei set pris på nye fjes.

For Juristmållaget er det eit mål at terskelen for å skrive jus på nynorsk blir så låg som mogleg, og omsettingsordlista frå Karl Arne Utgård er eit verdifullt hjelpemiddel i denne samanhengen. Ei nyttig følge av at ordlista blir brukt, er dessutan at juridisk terminologi på nynorsk blir så klar, eintydig og einskapleg som råd.

At dommar Utgård samla eigne notat i ei ordliste som vart utgjeven, illustrerer ønsket om å tileigne seg og å dele kunnskap som ein finn hjå mange nynorskjuristar. Utgård og professorar ved universiteta har meir enn ein gong brukt fritida si på skrivekurs for studentar og juristar. Deltakarane får sjansen til å få tilbakemelding på eigne tekstar, og framlegg til gode uttrykksmåtar og omgrep blir drøfta i fellesskap.

I tillegg til det ein i næringslivssjargong kallar kompetanseoverføring, er kursa ein sjeldan sjanse for unge juristar til å bruke tid med og bli kjent med meir erfarne juristar. Studentar får dessutan tilbod om ein fadder frå Juristmållaget, og møtepunkta er ein sjanse til å bygge alternative nettverk.

Sjølv om eg tidlegare skreiv at eg sette stor pris på motkulturen, kan det somme tider bli litt i meste laget. Som ei samtale på jenterommet på Haugastøl for nokre år sidan viser: «Eg går med kjole og høge hælar. Visst er vi nynorskskrivarar og langt oppe på høgfjellet, men vi er ikkje raggsokkjuristar av den grunn!». Då tenkte studentane. «Ok – det går an å vere med i Juristmållaget likevel.»

Jusstudentar – skriv nynorsk!

*Av Johan Giertsen**

Kvart år gir eg råd til jusstudentane på fyrste studieår ved Universitetet i Bergen. Det eine er at studentar som hadde nynorsk som hovudmål på vidaregåande, bør halde fram med å skrive nynorsk når dei skriv jus. Det andre er at studentar som har hatt bokmål som hovudmål, men som meistrar nynorsk, bør skrive nynorsk når dei skriv jus.

Desse råda skriv seg frå 25 års erfaring som lærar ved Det juridiske fakultet i Bergen og som sensor ved dei tre juridiske fakulteta i Noreg. Mitt inntrykk er at studentar som skriv nynorsk, i gjennomsnitt skriv betre enn studentar som skriv bokmål. Fordi språket er juristane sitt verktøy, vil kvaliteten på den skriftlege framstillinga og kvaliteten på den faglege prestasjonen vere uløseleg knytt saman.

Kva er det som i grove trekk skil jusstudentar som skriv bokmål, frå jusstudentar som skriv nynorsk? Eg kan ikkje vise til vitskaplege undersøkingar og statistikk, men byggjer på inntrykk eg har fått som lærar og sensor.

For det fyrste skriv nynorskstudentane gjennomgåande meir pøngtert og meir kompakt enn bokmålsstudentane. Mange juristar lir av det eg kallar «ordsjuka». Vi skriv ofte lengre enn innhaldet i budskapen gjer nødvendig. Unødvendige gjentakningar er eit utslag av denne ordsjuka. Eit anna kjenneteikn er bruk av ord som tilfører lite eller ingenting, men som blæs opp teksten og gjer han tyngre og meir

* Johan Giertsen er fødd 1957 og frå Bergen. Cand.jur. 1983, professor i rettsvitenskap Universitetet i Bergen frå 1999.

utilgjengelig. Ord som «således» og «imidlertid» kjem ofte i denne kategorien – og ikkje minst samansetjingar som «ikke uvesentlig» og «ikke ubetydelig». Ordsjuka plagar ikkje berre studentar, men også forskarar og praktiserande juristar som dommarar og advokatar. Bokmålsjuristar ser ut til å lida av denne ordsjukdomen i større grad enn nynorskjuristar. Dette gjeld også blant studentane.

For det andre brukar nynorskstudentane gjennomgåande eit enklare språk enn bokmålsstudentane. Det same gjeld nok i stor grad også for praktiserande juristar. Mange juridiske framstillingar på bokmål er prega av passiv form og upersonlege subjekt. Nynorsk inneber meir bruk av aktiv form og personlige subjekt, noko som fører til at framstillingane ofte blir meir rett på sak. Dessutan får nynorsktekstar ikkje det preget av kansellistil som kan skjemma ein del bokmålstekstar innanfor jus.

Kvifor er det slik? Forklaringa er nok delvis at nynorskjuristar vert tvunga til å tenkje meir på korleis rettslege framstillingar skal formulert. Tilfanget av nynorske lærebøker til studentane er lite. Presset mot å skrive bokmål blir desto større. Studentar og praktiserande juristar som står imot dette presset, får ofte eit meir gjennomtenkt forhold til måten dei skriv på enn mange bokmålsjuristar.

Sjølv skriv eg bokmål. Men også vi som er bokmålsjuristar har mykje å lære av nynorsk, særleg med sikte på å unngå dei tunge og ordrike framstillingane som er ein særleg risiko for oss juristar som skriv bokmål.

Om å skrive nynorsk i Agder lagmannsrett

*Av Asbjørn Nes Hansen**

Då eg som nyutnemnd domar på nyåret 1989 tok til i Agder lagmannsrett, var det med ei klar målsetjing om å bruke mitt eige mål i all domargjerning. Heile min språklege identitet har i alle dagar vore knytt til nynorsken. Mitt einaste språklege sidesprang i studietida var då eg i 2. avdeling skreiv eit par fakultetsoppgåver på bokmål. Det blei med dei.

Dei fyrste 9–10 åra etter embetseksamen arbeidde eg i forvaltninga. Som tilsett i Oslo kommune blei det å nytte bokmål, medan det blei meir rom for heimemålet då eg kom til fylkesmannen i Telemark. Men som statstilsett byråkrat måtte eg sjølv sagt fylgje dei særlege målbruksreglane i lov om målbruk i offentleg teneste.

Då eg gjekk over i domarstilling, visste eg sjølv sagt at målbrukslova § 2 andre ledd («i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda») gav meg retten til å nytte nynorsk nærast utan unnatak. Og eg var som sagt klart meint på å gjere det.

Men – å bruke nynorsk som juridisk fagspråk byd på visse utfordringar, for å ty til eit forslite uttrykk. Det er ikkje det at nynorsk i utgangspunktet er ein dårlegare reiskap for å gje ord for ein klar tanke enn andre mål er. Nei, så visst ikkje! Men det er få fagområde som tradisjonelt har vore så riksmålsdominerte som jusen, med ei mengd faguttrykk med kvar si presise avgrensing, finslipte gjennom generasjonar, og dessutan den språklege arven frå kansellistilen. Eit nynorsk

* Forfattaren har vore lagdomar 1989–1998, byrettsjustitiarius 1998–2000, fyrstelagmann 2000–2008, lagdomar 2008–.

juridisk fagspråk som held høge språklege og faglege kvalitetsmål, gjev seg ikkje sjølv, men krev målmedviten innsats av mange over lengre tid.

Kva hadde eg då å stø meg til i målvegen som fersk domar, jamvel utan røynsle som domarfullmektig? Eg hadde sjølvsagt det språklege grunnlaget som Nikolaus Gjelsvik hadde lagt, men nynorsken hadde utvikla seg ein god del sidan hans tid. Juristmållaget hadde, i 1960- og 70-åra, fått gjeve ut fleire av prosessformularane til høgsterettsadvokat Knut Lassen i nynorsk omsetjing. Dei hadde vore til god hjelp alt i studietida, jamvel om dei fleste døma var henta frå tidlege etterkrigsår, og såleis hadde eit noko alderdomleg preg. Somme vil vel meine at det galdt målføringa òg. Eit nyttig hjelpemiddel var òg den vesle ordlista som Asgeir Olden hadde fått stelt i stand i 1975 – dette var lenge før Karl Arne Utgård gav ut si ordliste.

Jamvel om eg var vel van med å nytte nynorsk både som student og ferdig jurist, må eg vedgå at eg var noko usikker på det språklege då eg kom til Agder lagmannsrett. Ein ting er å svare på eksamensoppgåver og utforme forvaltningsvedtak, noko anna er å skrive ein dom – og det hadde eg som nemnt aldri gjort før. Ein nybyrjar vil gjerne studere avgjerder som kollegaer har utforma, og freiste leggje seg nær opp til stil, ordval og seiemåtar som er nytta i desse avgjerdene, for å «vise» at ein meistrar den rådande og godtekne språkbruken i domstolen.

Agder lagmannsrett var ein domstol som, det eg visste, aldri hadde hatt nokon nynorskskrivande domar før. Eg hadde difor ingen språklege førelegg på nynorsk frå lagmannsretten. Men i mi fyrste tid som lagdomar, var pensjonert sorenskrivar Sverre A. Innjord tilknytt domstolen som ekstraordinær – eller som han sjølv sa: omfram lagdomar. Innjord var ein fagleg sterk jurist, med eit svært godt språkøyra. Frå han fekk eg eit utval av hans eigne rettslege avgjerder på nynorsk, frå tida hans som sorenskrivar i Nedenes. Lagdømet femner rettnok om nokre typiske nynorskdistrikt i øvre Telemark og indre Agder, men hovudmengda av folkesetnaden finst langs ei til dels nokså urbanisert kyststripe frå Holmestrand til Flekkefjord, der nynorsk ingen stad strekkjer seg heilt ned til kysten. Det er frå denne folkerike delen av

lagdømet dei fleste sakene kjem. Eitt av fylka – eller lagsoknene – er eit utprega bokmålsdistrikt: Vestfold.

Det var såleis med ei viss spenning eg kom til lagmannsretten: Ville eg i mi nynorske domsskriving ordleggje meg tilstrekkeleg fagleg presist, og korleis ville domar på nynorsk bli mottekne?

Så får eg vedgå at eg valde ein svært lettvinnt måte som fersk domar – i det fyrste halvåret skreiv eg berre bokmål! Heller ikkje vurdert i ettertid trur eg det var så uklokt – eg fekk «skrive meg inn» som domar, utan å setje målvalet i sentrum. Men dette var berre ei overgangsløysing, og særleg ville overgangen til nynorsk vere lett i ein del sivile saker. Her var det nynorske rettsmålet mest utvikla, særleg i tingsretten. Med utgangspunkt i rådsegnene frå Sivillovbokutvalet fanst det omfattande lovførearbeid og lover på nynorsk.

Overgangen til å skrive nynorsk i sivile saker kom etter eit halvt år, då eg skulle styre eit overskjøn i Valle i Setesdal. For meg blei det heilt umogeleg å skrive eit skjøn frå Setesdal på bokmål, så då utforma eg mi fyrste rettsavgjerd på nynorsk, og sidan i alle sivile saker.

Overgangen til nynorsk tok lengre tid – kring eit år - når det galdt straffesaker. Det var så godt som ingen førelegg på nynorsk i lovførearbeid eller juridisk litteratur innanfor strafferetten og straffeprosessen. Dette var før lagmannsretten blei ordinær ankeinstans ved innføringa av to-instansreforma i 1995, slik at lagmannsretten sett med jury var fyrsteinstans i alvorlege straffesaker. Ved sidan av hovudforhandlingane i straffesaker hadde Agder lagmannsrett mange straffeprosessuelle kjæremål – særleg varetektsfengslingar.

Eg må seie at strafferetten førde meg opp i nokre vanskelege språkval, der eg hadde få føredøme frå det praktiske rettslivet, og nok kjende meg einsam. For eit mindretalsmål som nynorsken blir det eit dilemma om ein skal velje faguttrykk som ligg nær opp til dei vel innarbeidde og kjende bokmålsnemningane, eller om ein skal normere ut frå nynorskens eigne føresetnader. Prinsipielt meiner eg nok det siste, men i det praktiske livet blir ein nøydd til å vere meir pragmatisk, og dermed inkonsekvent.

Eg måtte såleis straks ta stode til nynorske nemningar for «siktede», «tiltalte» og «skjellig grunn». Og korleis skulle «bevisforspillelse» uttrykkjast? I godt samsvar med dei før nemnde prosessformularane frå Juristmållaget (med stønad i Gjelsvik) valde eg nemningane «(den) skuldgjevne» og «(den) sakgjevne», og nytta dei i fleire år. Då eg i 1998 blei domstolleiar i ein fyrsteinstansdomstol i eit reint bokmålsdistrikt (dåverande Skien og Porsgrunn byrett), tenkte eg at eg heller fekk bruke dei bokmålsnære formene «(den) sikta» og «(den) tiltala», og har sidan gjort det. Eit så flott ord som «kverretjing» har eg aldri nytta, men halde meg til «beslag». Nokre språklege kompromiss må ein nynorskbrukar gjere her i livet.

Eg har aldri opplevd det som noko problem i kontakten med meddomarar eller lagrettemedlemer at eg nyttar nynorsk. Ved domskonferanse i straffesaker vil meddomarane gjerne ikkje ha lese domsutkastet på førehand, slik at det blir gjennomgått ved høgtlesing. Eg kan ikkje minnst å ha fått nokon negativ reaksjon på min skriftlege eller munnlege målbruk frå meddomarar. Dei - få - tilbakemeldingane eg har fått, har vore positive, og dei har gjerne kome frå meddomarar i bokmålsdistrikt.

La meg nemne noko om juriesaker. Etersom skuldspørsmålet blir avgjort ved at lagretta svarar på spørsmål i eit framlagt spørsmålsskrift, er sjølvsgagt formuleringane av spørsmåla særskild viktige. Det er retten – fagdomarane – som i siste omgang utformar spørsmåla, men det vil då på førehand vere eit utkast frå påtalemakta. Eg har aldri sett eit slikt utkast på nynorsk. Eg har heller aldri omsett spørsmålsskriftet til nynorsk, og det har eit par gode, pedagogiske grunnar for seg.

For det fyrste vil svært mange spørsmål knyte seg tett til straffebod som er ordlagde i ei stiv riksmålsnorm frå førre hundreårsskifte. Det kan lett skape forvirring for lagrettemedlemene om ein då i spørsmålsskriftet innfører andre formuleringar enn dei som lova nyttar, og som aktørane har halde seg til i rettsmøtet. For det andre vil det alltid i våre juryar vere eit fleirtal som har bokmål som sitt skriftmål, og ikkje er vane med å lese det som er deira sidemål. Her må omsynet til

forståinga telje mest. Nett denne situasjonen er ikkje tid og stad for å utvide bruksområdet til nynorsken!

Korleis har så partane i ei sak reagert på å få ein dom på nynorsk? Det er vanskeleg å vite, av di eg som domar får svært få tilbakemeldingar på avgjerdene mine. Kanskje er det ikkje så viktig for folk flest kva mål som er nytta. Det kan vel vere slik at anten me bruker nynorsk eller bokmål, vil lekfolk meine at det me skriv, er vanskeleg tilgjengeleg. Eg trur nok me jamnast overvurderer forståinga til lekfolk, ved bruken av fagjuridiske uttrykk.

Elles er det vel slik at dei som har fått medhald av retten, er nøgde, same kva mål domen kjem på. Er ein misnøgd med avgjerda, vil ein fort vere misnøgd med språket òg. Nokre få reaksjonar på nynorskbruken har nok kome, men dei er så få at det ikkje er noko å tale om.

Advokatane har bore seg profesjonelt åt; eg kan berre hugse ein sleivete merknad om nynorsk éin gong.

Nynorskskrivande student ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø

*Av Line Johanna L. Hanøy**

Då eg starta som håpefull jusstudent ved Universitet i Tromsø, hadde eg ikkje tenkt noko særleg på korleis det skulle vere å bruke nynorsk i studiesamanheng. Eg hadde alltid skreve nynorsk, så det var klart at eg skulle halde fram med det.

Det viste det seg at fadderer min, Linn Øksnes, var ein av dei få nynorskskrivande studentane ved fakultetet. Ho delte nyttige tips og problemstillingar om å skrive juridiske tekstar på nynorsk. Ho kunne også informere om at leiaren i Juristmållaget, Gunnar Hæreid, budde i Tromsø, og at det var planar om å opprette ei lokalgruppe. Slik møtte eg Olaug Husabø, seniorrådgivar ved universitetet.

Den første hausten hadde me eit par møter i Juristmållaget der Linn, Gunnar, Olaug, eg og ein av medstudentane mine pleidde å delta. Det var triveleg, sjølv om me ikkje fekk sett i gong med dei største aktivitetane.

Medstudenten min og eg forsøkte likevel eit par gonger å ta opp saker overfor fakultetet. Ei av dei var at me ville ha eksamen på nynorsk. Me fekk melding om at me hadde krav på dette, og det var også noko som fakultetet følgde i ettertid.

* Forfattaren, f. 1985, er frå Haugesund. Ho fullførte tredje avdeling ved Det juridiske fakultet i Tromsø våren 2009 og arbeidar for tida i Juridisk rådgivning for kvinner (JURK).

Resten av tida brukte me til å diskutere om nynorsk hadde same føresetnader i Tromsø som i resten av landet. Medstudenten min, som var i full gong med å lære seg samisk, meinte at det mest føremålstenlege var å skrive på bokmål (eller samisk) i saker der samar var partar. Nynorsk kunne gjere forståinga av avgjerdene vanskelegare meinte ho. Eg tok til motmæle, og slik gjekk dagane.

Gleda av å ha eit lite nettverk rundt seg oppdaga eg då eg saman med ein medstudent skulle skrive oppgåve om «aktlaus valdtekt». I og med at det var eg som hadde insistert på at me skulle skrive på nynorsk, ei målform som samarbeidspartnaren min sjeldan brukte, tok oppgåva meir tid enn først venta. Olaug stilte likevel opp til fleire samtalar om både målform og juss.

Det andre året mitt i Tromsø gjekk aktiviteten i Juristmållaget snarare ned enn opp, diverre. Linn og eg stilte opp på ei førellesning for dei nye jusstudentane, men der fann me berre ein student som kunne tenkje seg å skrive på nynorsk. Etter ei stund slo ho tanken frå seg, då ho meinte at ho fekk betre resultat av å skrive på bokmål.

Tre veker før eksamen fekk engasjementet likevel eit aldri så lite oppsving, då gjorde eit utval ved fakultetet vedtak om å fjerne alle ordlister som hjelpemiddel. Me søkte om dispensasjon for den administrative og juridiske ordlista til Utgård, men me fekk avslag med grunngiving i likehandsamingsprinsippet.

I dei fleste tilfelle har det likevel vore uproblematisk å skrive nynorsk ved Det juridiske fakultet i Tromsø. Då eg ein gong i mellom har valt å skrive på bokmål har det å gjere med andre ting. Når det berre er to studentar på ein avdeling som skriv på nynorsk ved eit lite fakultet, så seier det seg sjølv at ein ikkje alltid kjenner seg like anonym. Å skrive på bokmål på eksamen gjekk overraskande bra, men eg kjem til å halde fast ved nynorsk.

Om det å bruka nynorsk ved juridisk fakultet i Oslo

*Av Katrine Broch Hauge**

Er det spesielt å vera nynorskbrukar ved juridisk fakultet i Oslo? Er det til dømes annleis enn ved dei juridiske fakulteta i Tromsø eller Bergen? Ja, det trur eg faktisk. Det er i alle fall spesielt ved at det ikkje er så mange nynorskbrukarar på fakultetet her i Oslo. For å kasta lys over tilværet som nynorskskrivande stipendiat ved juridisk fakultet i Oslo, er det naturleg å sjå seg attende.

Som student ved det juridiske fakultet i Bergen nytta eg nynorsk slik eg hadde gjort på skulen. Kvaliteten var kanskje ikkje den beste, og språket var nok også farga av at mykje av lærestoffet var på bokmål. Men i eit målperspektiv var læreboksituasjonen langt frå håplaus. Til dømes las me på andre avdeling «Skade og ansvar» av Nils Nygaard, og på tredje avdeling stod «Godtruerverv og kreditorvern» av Kåre Lilleholt på programmet. Då eg skreiv studentavhandling, vart eg også meir medviten på eige språk. Mellom anna introduserte Kåre Lilleholt meg for Gjelsvik si «Juridisk Ordliste», med den kjende «Utgreiding um den juridiske stilen». Rettleiaren min Ernst Nordtveit prøvde også å læra meg nokre triks for å skriva betre nynorsk. Overgangen var derfor brå då eg kom til advokatverda, og det vart fy å skriva nynorsk. Den gongen tenkte eg ikkje på manglande fridom til å velja målform

* Katrine Broch Hauge, f. 1976, er frå Leikanger i Sogn. Ho arbeider for tida som stipendiat ved Institutt for privatrett, Universitetet i Oslo. Ho har tidlegare arbeidd som juridisk rådgivar i SFT (Statens Forureiningstilsyn), og vore advokatfullmektig

som ein av grunnane til at eg raskt gjekk vidare til anna arbeid, men trivnaden hadde nok vore større med ei romslegare haldning til dette spørsmålet. Då var lukka over å vera nynorskdamme i forvaltninga større. Nesten uansett kva oppgåver eg hadde kunne eg nytta nynorsken min. Artig var det også å vera konsulent for andre sakshandsamarar som sleit med å formulera svara sine på nynorsk.

Trong til nye faglege utfordringar gjorde at eg i 2007 søkte meg til fakultetet som stipendiat. Forskargruppa for naturressursrett lanserte «Utmarksprosjektet», og det verka spennande. Under denne paraplyen skriv eg no på avhandlinga «Småkraftverk, ein studie i samarbeidstiltak i utmark». Då eg vart tilsett som stipendiat, hadde eg alt gått ein runde på kva målform eg ynskte å nytta i arbeidslivet. Sjølv om det ikkje er så mange andre nynorskbrukarar rundt meg, var det derfor ikkje spørsmål om kva målform eg skulle nytta i avhandlinga. Når det gjeld avhandlingsskriving, som er hovudoppgåva til ein stipendiat, vil eg seia at det er uproblematisk å vera nynorskbrukar. I skriveprosessen er dei som les det eg skriv, stort sett avgrensa til rettleiarane mine. Det har så langt ikkje skapt nokon vanskar at eg nyttar nynorsk. Noko tema for diskusjon har det heller ikkje vore, og slik skal det etter mitt syn vera. Det må vera heilt sjølv sagt at ein stipendiat får nytta målforma si på universitetet. I alle fall må det gjelda så lenge norsk er eit relevant publiseringsspråk i faget. I eit slikt arbeid trur eg også det er eit naudsynt vilkår. For meg er det i alle fall slik at berre ved å nytta eige skriftspråk kan arbeidet bli noko eg er glad i, og som kjennest som mitt. Ved å nytta nynorsk i avhandlingsskrivinga får eg også vera med å vedlikehalde det nynorske juridiske fagspråket. Eit anna spørsmål er sjølv sagt om målforma vil påverka lesarkrinsen når arbeidet er slutført. Eg vel å tru at det er andre faktorar som styrer om nokon finn det verd å nytta tida si på arbeidet mitt.

I universitetskvardagen er undervisning og samkvem med studentar ein viktig del. Sidan me er eit universitet plassert på austlandet, er nok også store delar av studentmassen frå austlandsområda. Til no har eg likevel ikkje opplevd å få reaksjonar på at eg nyttar nynorsk

som skriftspråk i undervisningsmaterieell, på tavla og i presentasjonar. Skriftspråket er sjølv sagt det sentrale i eit festskrift til Juristmållaget, men skriftspråket kan ikkje lausrivast frå talemålet. Og på talemålet har eg har fått nokre kommentarar. Eit syn frå ein student var at «dette» (sognedialekt – noko normalisert av pedagogiske grunnar) var noko ein ikkje kunne venta at i alle fall denne studenten skulle forstå. «Dette var jo til og med verre enn nynorsk.» Slike utsegner kan vera utfordrande å handtera. Det er då meininga at studenten skal få utbytte av undervisninga, samstundes som det må vera eit rimeleg krav at ein person som har meldt seg til eit universitetsstudium har ei viss språkforståing. Kva ville til dømes den same personen sagt om undervisninga hadde føregått på engelsk?

Sett i eit større perspektiv har det kanskje ein særleg verdi at personar som ikkje sjølve nyttar nynorsk som skriftspråk, også møter talemål som ligg nærare nynorsk enn bokmål. På same måte bør ein også møta nynorsk skriftspråk i fleire samanhengar. Etter mitt syn gjeld dette i stor grad i ei juristutdanning. Det norske språket er det komande arbeidsverktøyet til dei fleste studentane. Å møte eit større språkleg mangfald undervegs i studiet, kan styrka språkkompetansen deira.

Heldigvis er situasjonen eg har nemnt over, eit unntakstilfelle. Eg håpar og trur at det for studentar som sjølve nyttar dialekt, har ein verdi at personen som underviser også nyttar dialekt. Det blir som at det for jenter er viktig å ha kvinnelege førebilete høgare i hierarkiet, anten det er på universitetet eller andre arbeidsplassar. Særleg viktig trur eg det er å ha varierte førebilete i ein læreinstitusjon som fakultetet vårt. Det er her tankane om kva du kan gjera i framtida blir forma. Sjølv hugsar eg til dømes at eg var utruleg stolt av at professor i strafferett Erling Johannes Husabø kom frå same bygd som meg. No var det sjølv sagt ikkje berre på grunn av at han var sogning, men også fordi han var ein me studentar såg opp til som fagperson. Når me er inne på heltane mine i studietida, kjem me ikkje utanom høgsterettsdommar Karl Arne Utgård. Då første utgåva av hans «Juridisk og administrativ ordliste» kom i 2002, var det som ei gåve frå himmelen. Særleg i prosessfaga var

det til stor hjelp å få servert alternative omgrep til bruk i studiane. Eit anna spørsmål er kor nøgde kollokviepartnarane mine var med denne nye gløden for å få nynorsken på plass i kvar einaste disposisjon eg skulle utarbeida.

Den tredje sentrale delen av kvardagen på universitetet er sjølvsagt omgangen med kollegaer. Her trur eg også det juridiske fakultetet i Oslo skil seg noko frå dei andre juridiske fakulteta. Av naturlege grunnar er det i Oslo flest bokmålsbrukarar ved fakultetet Etter ei rask oppteljing på instituttet mitt fann eg for eksempel to andre personar som nyttar nynorsk i arbeidet. Det er ein heller liten del av omlag 60 vitenskapleg tilsette. Ut frå dette kan ein spørja korleis møtet med nynorsk er for ein jusstudent ved fakultetet her. I dag blir det halde førelesingar i nokre få sentrale fag på nynorsk ved fakultetet. Det sikrar at jusstudiet ikkje er heilt reinska for nynorsk.

Universitetet i Oslo har laga ei utgreiing om språkpolitikken ved universitetet. Etter det eg har forstått, er det til no ikkje vedteke nokon offisiell språkpolitikk. I innstillinga «Snart to hundre» frå Utvalget for språkpolitikk ved UiO av 27. mars 2006 går utvalet inn for at norsk er hovudspråk ved universitetet i Oslo. I ein fotnote er det kome til uttrykk at bruken av nynorsk i høve til bokmål ikkje vil bli drøfta, fordi dette tilhøvet er regulert av mållova, som også gjeld for universitetet. Ein kan spørja om det ikkje er grunnlag for å la ei meir medviten haldning til nynorskbruk koma til uttrykk i ein offisiell språkpolitikk for det største universitetet i landet. I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* kjem det i den særlege delen om nynorsk fram svært mange gode argument for at ein må sjå på kåra for både bokmål og nynorsk, når ein diskuterer den auka bruken av engelsk på så mange område.

Det er sjølvsagt fint å få kommentarar av typen «å så flott dialekt du har», og spørsmål om du også skriv avhandlinga di på nynorsk. Hadde eg vore bokmålsbrukar ville eg heilt sikkert spurt om det same sjølv. På den andre sida understrekar det at ein som nynorskbrukar skil seg litt ut. Når det gjeld fakultetet i Bergen, er oppfatninga mi at dialektbruk eller bruk av nynorsk ikkje hadde vore eit tema i same

grad. Inntrykket mitt er at arbeidsstokken i større grad er rekruttert frå ulike delar av landet, og at det er reflektert i tale- og skriftmål hjå dei tilsette. Fakultetet i Tromsø kjenner eg ikkje på same måten, men som utanforståande har eg likevel inntrykk av at det er eit større mangfald når det gjeld bruk av dialekt enn det me har her i Oslo. Det hadde rett og slett vore hyggjeleg og nyttig med endå fleire dialekt- og nynorskbrukarar på fakultetet vårt.

Den håpefulle

*Ei sann søge av Thore Eithun Helland**

Med det same oppfatta eg ikkje kva tiltalte sa, der han stod bak vitneboksen med hendene falda. Han var ein mann tidleg i tjuåra, alt tynn i håret, jamvel om barten var kraftig. Resten av den høge kroppen var meir enn solid nok til å halde oppe det store hovudet med auger som vida seg ut kvar gong han sa noko.

På mi høgre side hadde eg ei eldre kvinne som sat med lommeduken i fanget, klar for å stoppe den neste nasedropen. På den venstre sida sat den mannlege meddommaren med augo halvt igjen, og med dei runde skuldrene trekt godt opp i den svarte dressen.

«Det må du seie ein gong til,» sa eg. «Eg fekk det ikkje med meg.»

«Eg vil ha skikkeleg straff denne gongen. Sist gong fekk eg betinga.»

«Betinga er mildare straff enn ubetinga.»

«Eg vil ha lang fengselsstraff.»

«Det er du sikker på?»

«Eg får aldri trena skikkeleg når eg er ute. Bli for mykje bilkøyning. Eg vil bruke vinteren til å gjere meg klar for badesesongen.»

«No har du ikkje førarkort og har aldri hatt det,» sa eg og såg ned på tiltalen eg sat med i hendene. Eg hadde vore dommarfullmektig i snart eitt år og kjende meg trygg som administrator i straffesaka det

* Forfattern er fødd i Sogndal i 1965 og er advokat i Huseiernes Landsforbund. Han er jurist frå Universitetet i Bergen og har vore departementstilsett og dommarfullmektig. Han har gjeve ut to romanar.

var sett av ein dag til. «Vi har alt lese gjennom tiltalen, og du har ikkje sagt deg skyldig på nokon av dei 17 postane.»

«Nei.»

«Du er ikkje forplikta til å forklare deg, men du står fritt til å gjere det. Ønsker du å forklare deg om det du er sett under tiltale for?»

«Eg vil ha skikkeleg straff,» sa tiltalte.

«Det kan vi kanskje kome tilbake til etter kvart,» sa eg. «Vil du forklare deg?»

Han nikka med det store hovudet. «Eg forklarar meg.»

«Då kan vi kanskje gå gjennom tiltalen post for post.» Eg begynte med å repetere den første posten, som gjaldt brot på vegtrafikklovens føresegner om promillekøyning.

Han hadde tilbode seg å vere sjåfør då kameratgjengen skulle reise frå vorspielet og til danselokalet, men han hadde drukke minst like mykje som dei andre, og var blitt stoppa av politiet med nesten to i promille.

«Dette har ei heilt logisk forklaring,» sa tiltalte.

Han hadde teke på seg køyrejobben fordi han var redd for at nokon av dei andre ville finne på å køyre med promille. Sidan han sjølv aldri hadde hatt førarkort, kunne han heller ikkje miste det, som ein av dei andre kunne.

«Eg prøver å ta vare på kameratane mine,» avslutta han.

Politiet hadde stoppa tiltalte i ein stolen bil, med falske skilt. Fire kveldar tidlegare hadde politiet stoppa tiltalte i ein annan stolen bil. I bilen blei det funne tjuvegods og narkotika som tiltalte hadde fått pengar for å frakte frå Vuku motorsykelklubb og til Hells Angels i Trondheim.

Han blei også sikta for å køyre utan førarkort, med utslitne sommardekk, nesten utan bremsar og fordi han hadde køyrt utan bilbelte. Nesten alt som hadde med bil å gjere, var han tiltalt for.

For kvar post vi gjekk igjennom, forklarte tiltalte seg, og etterpå fekk aktor og forsvarar stille spørsmål. Tiltalte heldt fast ved at han

var uskyldig sjølv om han måtte vedgå at det meste i tiltalen stemte. Og han tok opp igjen at han ville ha ei streng straff.

Det blei ført sju vitne, og etter at aktor hadde lagt ned påstand om fengsel utan vilkår og elles framheva at tiltalte aldri hadde hatt førarkort og at denne retten måtte takast frå han for all framtid, fekk forsvararen ordet for prosedyre.

Den faste forsvararen var ein mann i førtiåra frå Fauske, som hadde gifta seg til Levanger. Han klødde seg i skjegget før han starta prosedyren. Og etter å ha prata godt rundt kvar tiltalepost, begynte han å dra fram bakgrunnen til tiltalte.

«Han Ole Jonny har no funne seg ei dame,» sa forsvararen og nikka bakover i salen mot ei seksten år gammal jente som var så lita at ho dingla med beina og speida over kanten på den store boblejakka. «Så no har han begynt å få skikk på livet sitt. Det må retten leggje stor vekt på. Han angrar på sine tidlegare feil, og han veit at det han står tiltalt for her i dag, har vore galt.»

Forsvararen avslutta med å sjå direkte på kvar og ein av oss i tingretten og framheva at tiltalte så absolutt måtte behandlast på aller mildaste måte.

Så sette han seg og la seg bakover i stolen, mens han fornøgd stramma slipsknuten og retta på dressjakka.

Som regelen er, skulle tiltalte få ordet til slutt før saka blei teken opp til doms. Og tiltalte reiste seg då eg sa at eg gjerne skulle ha spurd han om kva slags framtidsplanar han hadde.

Tiltalte lysna. «Eg har klare planar om kva eg vil gjere. Ja, det har eg.»

«Kanskje du kan fortelje retten om desse planane,» spurde eg velvillig.

«Eg skal kjøpe meg ein lastebil. Så skal eg starte med brøyting oppe på Vuku.»

Forsvararen spratt opp, lente seg over skranken og rista fortvila på hovudet. «Nei, det meiner han ikkje.» Han drog i armen på tiltalte. «Sett deg ned, for guds skyld, set deg ned igjen.»

«Eg meiner det eg seier,» sa tiltalte og reiv armen sin laus frå fingrane til forsvararen. «Lastebilen skal eg få kjøpt brukt. Eg skal få

låne pengar av far min. Det sa han sjølv før eg kom her i dag. Far har sagt at eg er flink til å brøyte, sjø.»

Forsvararen bøygde seg framover, gøymde ansiktet i hendene og sukka så det var høyrleg, mens aktor, som var ein yngre politifullmektig, sette opp eit smil som likna haustsola utanfor rettslokalet.

Nikolaus Gjelsvik og rettsmålet

Av Eirik Holmøyvik*

Innleiing

Nikolaus Gjelsvik (fødd 1866, død 1938) har blitt kalla grunnleggjaren av det nynorske rettsmålet.¹ Knapt nokon andre juristar har vore så viktige for utviklinga av nynorsk som rettsmål. Ikkje berre var han formann i Noregs Mållag frå 1912 til 1915, men han var òg den fyrste universitetsjuristen som skreiv juridiske lærebøker på nynorsk. Viktigare for sjølve rettsmålet var at han arbeida aktivt for å fremje nynorsk som rettsmål og fornorske det gjeldande rettsmålet. Dei to sentrale arbeida i denne samanhengen er *Juridisk ordliste* frå 1929 og *Von og veg* frå 1938. Dessverre, må eg seie, er Gjelsvik sitt arbeid med rettsmålet framleis aktuelt i dag. Eg seier det fordi vi framleis kan lære noko av Gjelsvik sine synspunkt på godt rettsmål. Og fruktene av Gjelsvik sitt arbeid med å gjere nynorsk til eit likeverdige og jamstelt rettsmål med bokmål er enno truga. Dette siste er eit meir dagsaktuelt spørsmål enn mange nynorskskrivande juristar truleg er klar over. Desse sidene ved Gjelsvik sitt arbeid med rettsmålet skal eg sjå nærare i det følgjande. Men fyrst nokre ord om juristen Gjelsvik.

* Forfatternen f. 1978, er frå Nordfjordeid i Nordfjord. Han arbeider som stipendiat ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. 1 Sjå Kåre Lilleholt sin artikkel om Gjelsvik i *Norsk biografisk leksikon*, hovudredaktør Jon Gunnar Arntzen, bind 3, Oslo 2001 s. 296–297 på s. 296.



Universitetsjuristen

Nikolaus Gjelsvik sette ikkje berre spor etter seg i høve til målsaka og rettsmålet. Han var òg ein framtrudande rettsvitskapsmann gjennom sitt virke som universitetsjurist og professor i rettsvitskap frå 1906 til 1936. Har arbeidde og publiserte innanfor ei rekkje ulike juridiske fagområde. Doktorgrada fekk han i 1897 for avhandlinga *Den norske Privatrets Lære om Vildfarelsens Indflydelse paa Retshandlers Gyldighed*. Seinare gav han ut den nyskapande innføringsboka *Innledning i rettsstudiet* i 1912,² *Lærebok i folkerett* i 1915 og *Lærebok i millomfolkeleg privatrett* i 1918. Desse tre lærebøkene vart skrivne på nynorsk. Sistnemnde var òg den fyrste norske læreboka og samla framstillinga av internasjonal privatrett.³ Vidare vart referat av Gjelsvik sine førelesingar i tingsrett og personrett publisert som *Norsk tingsret* i 1919 og *Norsk personrett* i 1923.

Som andre universitetsjuristar i samtida var Gjelsvik også aktiv i politiske spørsmål. Framfor alt markerte han seg i striden om den svensk-norske unionen på slutten av 1800-talet. Her argumenterte han folkerettsleg for eit fullstendig norsk sjølvstende i utanriksstyret.⁴ Det var denne lina som til slutt vann fram, og som sprengde unionen. I 1905 var han òg sekretær under Karlstad-forhandlingane som avslutta unionen mellom Noreg og Sverige.

Arbeidet for eit (ny)norsk rettsmål

I arbeidet med rettsmålet ville Gjelsvik til livs det han kalla det latinske stilgrunnlaget for rettsmålet. Det norske rettsmålet var og er framleis fullt av uttrykk og skrivemåtar med latinsk opphav. Poenget til Gjelsvik

2 Denne boka kom ut i heile 5 utgåver. Den siste kom i 1968.

3 Sjå Kaare Haukaas, *Den norske rettslitteraturen – og dei som skreiv han*, Oslo 1992 s. 147.

4 Sjå nærare Eirik Holmøyvik, «Suverenitetsteorien og unionen», i: *Rett, nasjon, union*, redigert av Ola Mestad og Dag Michalsen, Oslo 2005 s. 79–96, særleg s. 89 flg.

var at god latin sjeldan var god norsk. Han meinte at rettsmålet, som anna skriftmål, skulle være enkelt og lett å forstå. Det latinske stilgrunnlaget var årsaka til at rettsmålet ofte var vanskeleg og innfløkt. Eit norsk stilgrunnlag meinte Gjelsvik ville gjere rettsmålet betre. I *Juridisk ordliste* skreiv han i innleiinga:

«Rettstankane er jamnast enkle og klaare i seg sjølv. Det gjeld berre aa gjeva dei ei enkel og klar form. Eller klæda dei i ein folkeleg bunad, so dei ikkje vert altfor avkjennelege. Det norske folkemaalet er her til stor hjelp, naar ein berre lærer seg til aa nytta ut dei fyremunene det hev.»⁵

Både i *Juridisk ordliste* og i *Von og veg* viste han til fleire døme på korleis latin, gjennom tysk og dansk, hadde danna mønster for norsk rettsmål. Ved å skrive om ei rekkje døme på juridiske tekstar med latinsk stilgrunnlag til nynorsk, viste han korleis rettsmålet vart enklare og betre med norsk stilgrunnlag. Eit av døma til Gjelsvik var uttrykket «afhænge af». ⁶ Dette hadde opphav i tysk, som igjen hadde gjort ei omsetjing av det latinske «pendere ex». Gjelsvik gav følgjande døme frå ein juridisk tekst:

«Den gode tro, hvoraf hævde afhænger, maa være en god tro uden uagtsomhed.»

Denne setninga med latinsk stilgrunnlag kunne skrivast på norsk utan latinsk stilgrunnlag:

«Den gode tru som er vilkår for hevde, må vera ei akksam god tru.»

Med det norske stilgrunnlaget vart setninga lettare og bodskapen klårare uttrykt. Vi kan ta med eit anna døme som er velkjent for dei fleste juristar. Uttrykket å «finne sted» viste Gjelsvik at stamma frå det latinske «locum habere». Frå latin fann det vegen til andre språk som

5 Nikolaus Gjelsvik, *Juridisk ordliste*, Oslo 1929 s. 5.

6 Sjø Nikolaus Gjelsvik, *Von og veg*, Oslo 1938 s. 11–12.

det tyske «stattfinden» og det danske «finde sted».⁷ I lov om folkeskulen i bygdene frå 1889 § 34 tredje avsnitt fann han eit graverande døme på ei «tysk-dansk etterherming etter latinen»:

«For grove forseelser kan skolestyret straks fjerne en lærer eller lærerinne fra sin virksomhet i skolen, inntil avskjedigelse kan finne sted, eller dom bli erhvervet. Vedkommende nyder full lønn, inntil forholdet er påkjent ved endelig dom, eller avskjedigelse har funnet sted.»

Gjelsvik si omskriving til norsk stilgrunnlag var:

«Ein lærar som er saka i grov misferd, kann skulestyret straks setja ut or skulearbeidet, til dess det kann gjeva han avskil eller få dom i saki. Læraren fær si fulle løn til det fell endeleg dom eller til han fær avskil.»

Også med dette dømet viste Gjelsvik korleis det norske stilgrunnlaget «gjev fint mål og lett mål» i motsetnad til det latinske.⁸ På same måte tok Gjelsvik føre seg bruken av genitiv, innskotssetningar, lange setningsrekkjer og andre problem knytt til påverknaden frå det latinske stilgrunnlaget i rettsmålet.

I *Hovuddrag i norsk språkhistorie* skriv Arne Torp og Lars S. Vikør at grunnsynet til Gjelsvik har vunne fram i den offentlege forvaltninga etter 1945.⁹ No er ein enklare og meir folkeleg stil høgt prioritert i offentlig målbruk og i rettsmålet. Eg vil likevel tru at dei fleste av oss jamleg møter det latinske stilgrunnlaget også i nyare juridiske tekstar. Eit søk på Lovdata etter Gjelsvik sine døme på uttrykk med latinsk stilgrunnlag gir framleis fleire treff i nyare lover og dommar. Til dømes heiter det i § 11-5 andre avsnitt i den nye lov om merverdiavgift frå 19. juni 2009 nr. 58:

7 Sjå Gjelsvik, *Von og Veg* s. 15.

8 Gjelsvik, *Von og veg* s. 5.

9 Sjå Arne Torp og Lars S. Vikør, *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, 2. utgåve, Oslo 1993 s. 255.

«Selv om utbetaling av beløpet ikke har *funnet sted* innen neste avgiftstermin, har avgiftssubjektet ikke rett til å fradragsføre beløpet i senere omsetningsoppgave.»¹⁰

Om Gjelsvik ville ha reagert på denne setninga, er derimot ikkje sikkert. Ho er mykje lettare å lese og forstå enn dei døma han viste til. Gjelsvik sjølv såg på det norske stilgrunnlaget som ei rettleiing for eit betre rettsmål, ikkje som absolutte reglar. Som ei kvar juridisk tolkingslære, avslutta han med i *Juridisk ordliste*, må den «brukast med vit». ¹¹

To jamstelte rettsmål: Grunnlova på nynorsk

Før Gjelsvik skreiv dei nemnte skriftene om rettsmålet, hadde han freista å fremje nynorsk som rettsmål i praksis. I 1901 skreiv han Grunnlova om til nynorsk (landsmål) med eit norsk stilgrunnlag. Etter jamstellingsvedtaket i 1885 var nynorsk (landsmål) blitt likestilt som riksspråk med bokmål (riksmål). Ein offisiell versjon av Grunnlova på nynorsk var på mange måtar ei naturleg følgje av jamstellingsvedtaket. På denne tida var Grunnlova framleis i den danske språkdrakta frå 1814. Med denne følgde òg kansellistilen som prega dansk lovspråk i 1814. I omskrivinga følgde Gjelsvik dei retningslinene han seinare skulle utdjupe i *Juridisk ordliste* og *Von og Veg*. Eit døme er omskrivinga av Grl. § 86 fyrste avsnitt. I den opphavlege språkdrakta lydde den:

«Lagthingets Medlemmer tilligemed Høiesteret udgjøre Rigsretten, som i første og sidste Instants dømmer i de Sager, som af Odelstinget anlægges, enten mod Statsraadets eller Høiesterets Medlemmer, for Embeds-Forbrydelser, eller mod Storthingets Medlemmer, for de Forbrydelser de, som saadanne, maatte begaae.»

Etter Gjelsvik si omskriving lydde den:

«Lagtinget saman med høgsterett er *riksretten*. Han er fyrste og siste domstolen i dei sakerne, som odelstinget reiser anten mot riksaadar

10 Mi utheving.

11 Gjelsvik, *Juridisk ordliste* s. 24.

eller mot domarane i høgsteretten fyr embættsbrot, eller mot stortingsmenn fyr brotsgjerningar, som dei i sitt umbod vert saka i.»

Her er den danske bruken av genitiv borte. Den lange setninga er delt opp og den passive språkbruken («som af Odelstinget anlægges») er gjort aktiv («odelstinget reiser»).

Det som gjer omskrivinga til Gjelsvik spesielt interessant, er at det vart fremja som grunnlovsforslag av ei gruppe stortingsrepresentantar i 1906. I mellomtida hadde Stortinget i 1903 varsamt justert den gamle grunnlovsteksten nærare den samtidige rettskrivinga. I lys av jamstellingsvedtaket var det difor ein viss logikk i å fremje forslag om ein nynorsk språkversjon også. Omskrivinga til Gjelsvik var her ein del av eit større reformforslag som òg medførte fire nye grunnlovsføresegner og oppheving av seks andre. Dei nye føresegnene gjaldt kongemakta si stilling i høve til storting og regjering. I hovudsak var dette innskrenkingar i kongen sin rett til å ta i mot ei framand krone og å være borte frå riket. Bakgrunnen for desse føresegnene var truleg erfaringane med den nyleg oppheva unionen med Sverige. Det siste av dei totalt 2593 alternativa i dette reformforslaget var ei rein omskriving av grunnlovsteksten til nynorsk. Denne omskrivinga ville ikkje ha ført til materielle endringar i Grunnlova, men den ville ha gjort nynorskteksten til gjeldande grunnlov saman med grunnlovsteksten frå 1814.

Alle grunnlovsforslaga til Gjelsvik vart utan nærare diskusjon avvist av både Konstitusjonskomiteen og Stortinget. I sistnemnde fekk dei berre 18 stemmer. Ein av forslagsstillarane, Havig, fann det lite rimeleg at Stortinget skulle gå til ei «fuldstændig nedslagting» av forslaga til Gjelsvik utan å gå nærare inn på dei. Grunngevinga til Konstitusjonskomiteen, som Stortinget slutta seg til, var todelt. For det fyrste var Gjelsvik sitt forslag i røynda ei heilt ny grunnlov, sidan det inneheldt fleire materielle endringar og nye føresegner. For det andre, og det var den viktigaste grunngevinga til komiteen, ville ei vedtaking av ei fullstendig ny grunnlov etter Gjelsvik sitt forslag hindre ein debatt om og vedtak av viktige grunnlovsforslag som låg inne til handsaming på same tid. Dette var mellom anna eit forslag om

røysterett for kvinner.¹² Havig påpeikte forgjeves at det var ingenting i vegen for å handsame desse forslaga før forslaget frå Gjelsvik, og dermed unngå heile problemet. Det eine alternativet var dessutan ei rein omskriving utan materielle endringar. Motsegnene til Havig fall likevel på steingrunn i Stortinget. Ein kan då spørje etter dei eigentlege årsakene bak avvisinga av ein grunnlovstekst på nynorsk. Les ein referatet frå stortingsdebatten, ser ein også to andre grunnar for at Gjelsvik sitt forslag fall. Den eine, og den hadde unekteleg noko for seg, var at det var praktisk umogeleg for Stortinget å ta stilling til eit einskildforslag med 2593 alternativ utan sjølv å kunne debattere og utforme føresegnene. I debatten synest nokre av representantane å være nesten fornærma på Stortinget sine vegne av at «en enkeltmand, der vel tør betegnes som teoretiker, [...]» hadde skrive ei ny grunnlov som Stortinget berre skulle seie ja eller nei til.¹³ Representanten Malm, som var den mest aktive av motstandarane til forslaget, sa at «det er ogsaa ganske umuligt at antage, at der skulde gives et menneske i dette land, som skulde kunne udarbeide en saadan grundlov i hundrede paragrafer, som uforandret skulde tilfredsstille denne forsamling paa 123 mennesker».¹⁴ Dersom ein vil ha ei ny grunnlov, sa Malm, var det ingen annan veg å gå enn å omdanne Stortinget til ei konstituerande forsamling for å revidere grunnlova, iallfall når det var snakk om å handsame 2593 alternativ. I denne samanhengen vart det òg reist spørsmål om Stortinget i det heile hadde kompetanse til å gje ei heilt ny grunnlov, eller om dei måtte skipe ei særskilt grunnlovsgjevande forsamling slik som i 1814. I det heile var det god grunn til å avviste Gjelsvik sitt forslag i den forma det vart fremja som ei endring av gjeldande rett. Derimot kan ein spørje kvifor Stortinget i same vending også skulle avvise den reine omskrivinga av Grunnlova til nynorsk. Her kjem vi inn på den andre grunngevinga.

12 Sjå Indst. S. nr. 50 1906/1907 s. 75.

13 Stortings forhandlinger 1906/1907, bind 7, s. 424.

14 Stortings forhandlinger 1906/1907, bind 7, s. 420.

Denne grunngevinga for å avvise grunnlovsforslaget kom ikkje like klårt fram, verken i innstillinga til Konstitusjonskomiteen eller i debatten i Stortinget. Problemet var sjølvsagt målforma. Ei grunnlov på nynorsk ville ikkje Stortinget vite noko av! Konstitusjonskomiteen skreiv ganske enkelt at den ikkje fann grunn til å tilrå at den reine omskrivinga av den gjeldande grunnlova vart vedtatt som grunnlov. Noko anna grunngeving gav den ikkje. Den motviljen ein berre kan tyde i Konstitusjonskomiteen si innstilling var meir open under debatten i Stortinget. Den nemnte Malm sa her at i tillegg til dei materielle endringsforslaga til Grunnlova så var « et af alternativerne, med en vis dristighed, maa jeg sige, opført som forslag for stortinget til at akceptere en overførelse af den nuværende grundlov til et sprog, som han kalder landsmaal; han indbyder stortinget til at akceptere det af ham ensidig fremlagte forslag til oversættelse paa et saadant landsmaal». ¹⁵ Her ser vi kor radikalt ein landsmålsversjon av Grunnlova vart oppfatta i 1906. Jamstellingsvedtaket i 1885 var friskt i minne på denne tida, men at konsekvensen av vedtaket skulle strekkast så langt som til Grunnlova, det var det ikkje stemning for. Malm var neppe åleine om sitt syn på nynorsken, sjølv om ingen av dei andre som uttalte seg i debatten gjekk inn på forslaget om ei rein omskriving av Grunnlova. Nettopp det at dei andre representantane gjekk forbi den reine omskrivinga utan debatt, viser kor massiv motstanden var på Stortinget.

Avslutning: Nynorsk som rettsmål i framtida

Gjelsvik fekk altså ikkje vedtatt Grunnlova i nynorsk språkdrakt. Som nemnt vart språket i Grunnlova revidert i 1903. Seinare justeringar av språket i Grunnlova har berre vore retting av språkfeil. I skrivande stund ligg eit grunnlovsforslag om ein ny språkleg revisjon av Grunnlova inne til vedtak av Stortinget i neste stortingsperiode. ¹⁶ Forslagstillaren,

15 Stortings forhandlinger 1906/1907, bind 7, s. 420.

16 Sjå Dokument nr. 12:16 (2007–2008).

Carl Ivar Hagen, saman med professor Finn-Erik Vinje, snakkar i forslaget om å gjere 1903 om att.¹⁷ Det er altså ikkje berre snakk om å rette på feil ved grunnlovsspråket, men å skrive Grunnlova om til det forslagsstillarane kallar ein moderat-konservativ variant av moderne skriftspråk.¹⁸ Med dette meinar dei vanleg bokmål i ei noko høgtideleg form. Som Hagen og Vinje sjølv skriv er det eit større språkleg sprang frå 1903 til i dag enn frå 1814 til 1903. Det nye revisjonsforslaget har difor meir til felles med Gjelsvik sitt grunnlovsforslag i 1906 enn den språklege justeringa i 1903. Men i motsetnad til Gjelsvik sitt forslag er det slett ikkje sikkert at forslaget til Hagen og Vinje vert avvist av Stortinget. Dersom Stortinget vedtar grunnlovsforslaget, får vi ei grunnlov på bokmål. Sidan jamstillingsvedtaket i 1885 har bokmål og nynorsk vore likestilte målformer i Noreg. Lover vert gitt på anten bokmål eller nynorsk, men Grunnlova er ikkje ei vanleg lov. Den er den øvste rettskjelda vår og den inneheld dei grunnleggjande reglane for den øvste statsmakta og mellom staten og individet. Grunnlova er òg eit viktig symbol for staten. Av denne grunnen er det ikkje likegyldig kva målform Grunnlova er på. Ei naturleg følge av jamstillingsvedtaket i 1885 er at ein eventuell grunnlovstekst på moderne skriftspråk må kome i to jamstelte variantar: Ein på bokmål og ein på nynorsk. I dag er språket i grunnlovsteksten så gammaldags og fjernt frå moderne språkbruk at den har halde dette spørsmålet på avstand. Grunnlovsteksten er verken bokmål eller nynorsk. Grunnlova har på eit vis sitt eige historiske skriftspråk heva over det moderne norske skriftspråket, anten det er bokmål eller nynorsk. Ved å gjere teksten i Grunnlova til moderne bokmål vert spørsmålet om målform uunngåeleg aktualisert også for denne. Det seier seg sjølv at i eit land med to likestilte målformer kan ikkje grunnlovsteksten berre være på den eine. Den finske grunnlova frå 1999 er til dømes gitt på både finsk og svensk. Ei følge av at vi har hatt to jamstelte målformer i Noreg i over 100 år burde altså være at ei

17 Dokument nr. 12:16 (2007–2008) s. 2.

18 Dokument nr. 12:16 (2007–2008) s. 4.

slik språkleg modernisering av grunnlovsteksten som er føreslått skjer i form av ein offisiell grunnlovstekst i kvar målform. I staden risikerar vi at Grunnlova vert skriven berre på bokmål. Kan vi då snakke om nynorsk som eit fullverdig rettsmål jamstelt med bokmål?



Minnesteinen til Nikolaus Gjelsvik på fødestaden hans Gjelsvik i Sunnfjord.

Nynorsk ved Universitetet i Tromsø

*Av Olaug Husabø**

Universiteta er statsinstitusjonar. Kva kan ein venta av ein statsinstitusjon når det gjeld bruk av bokmål¹ og nynorsk?² I ei ideell statsinstitusjonsverd vert bokmål og nynorsk bruka like mykje. Halvparten av dokumenta – forskrifter, utgreiingar, rutinebeskrivingar og så vidare – vert skrivne på bokmål, halvparten på nynorsk. Det same gjeld utlysingar og nettsider. Alle skjema kjem på begge målformer til same tid. I ei ideell verd er dette institusjonalisert. Ingen er i tvil om at bokmål og nynorsk er likestilte målformer. Når det t.d. er på tale at skilta i eit bygg skal vera på nynorsk, er det ingen som meiner at det trengst eit styrevedtak om det, med mindre styret også brukar å gjera vedtak om skilting på bokmål.

Slik burde det vera. Men slik er det ikkje. Verken Universitetet i Tromsø eller nokon av dei andre universiteta fyller krava til målbruk. I følgje Språkrådet sin rapport om målbruk for 2006³ har alle eit potensiale for betring i den eine eller den andre retninga. Eg er glad for å kunna fortelja at Universitetet i Tromsø slett ikkje var dårlegast

* Forfattern, fødd 1951, er frå Indre Sogn (Aurland og Sogndal). Ho har vore tilsett ved Universitetet i Tromsø sidan 1980, og er no seniorrådgivar ved Avdeling for forskning og utviklingsarbeid.

1 Bokmål er nemnt først fordi b kjem før n i alfabetet.

2 Eg nemner ikkje samisk sidan det ikkje er tema her.

3 Ved Universitetet i Bergen var godt 70 – 80 % kunngjeringar, rundskriv o.l. på nynorsk. Eg har høyrte at dei fekk påpakning for dette, men tenkjer at til det vert vanleg at dei andre universitetet følgjer reglane om målbruk, burde Universitetet i Bergen få halda fram med sin praksis.

av universiteta i 2006. Tvert om; med 44,6 % rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. på 1–10 sider, og 21,6 % på over 10 sider var vi mellom dei med best mål oppfyljing.

Dette betyr ikkje at bruken av begge målformene er institusjonalisert ved UiT. Hovudregelen er utan tvil bokmål. I følgje Språkrådet sin rapport var det berre 5,1 % nynorsk på universitetet sin nettstad i 2006. IT-programma kommuniserer på bokmål. Malar for dokument er på bokmål. Det har heller ikkje alltid vore sjølvstøtt at skjema føreligg både på bokmål og nynorsk. Vi som vil ha noko på nynorsk, må be om det. Viss det finst får vi det, og av og til vert det laga nynorsk versjon når nokon ynskjer det. Slik er det for studentar og. Eg har vore student ved eit par fakultet. Eg har meldt frå om at eg vil ha eksamensoppgåver på nynorsk. Av og til får eg det, av og til ikkje.

Bruken av nynorsk er altså ikkje institusjonalisert. Praksis vert avhengig av enkeltpersonar. Nokre einingar har gode rutinar, andre ikkje. Dersom ein person sluttar eller tek til i ei stilling, endrar gjerne praksis seg.

Så trass gode intensjonar, har enno ikkje universitetet heilt teke inn over seg at lov om målbruk i offentleg teneste gjeld ved institusjonen. For intensjonane er verkeleg gode; 16. juni 2002 gjorde universitetsstyret slikt vedtak i sak om målbruk ved Universitetet i Tromsø:

Alle einingar ved Universitetet i Tromsø skal oppfylle dei krava som Lov om målbruk i offentleg teneste stiller og skal rapportere målbruken etter dei retningslinene Norsk språkråd krev.

Alle einingar skal satse på opplæring av tilsette for kompetanseheving i nynorsk.

Administrasjonen bør vurdere om det er behov for å engasjere ein nynorsk-konsulent i deltidsstilling i ein periode.

Det står att ein del før dette vert ein realitet.

Likevel har eg alltid opplevd det som lett å vera nynorskbrukar ved UiT. Eg har arbeidd både i sentraladministrasjonen og ved fakultet og med eitt unntak kan eg ikkje hugsa at eg har vorte bedt om å skriva

bokmål i staden for nynorsk (det skulle sjølv sagt berre mangla!). Unntaket er at eg – då eg tok til ved universitetet i 1980 – vart bedt om å skriva lengre styresaker med komplisert innhald på bokmål. Dette kom eg rundt ved å definera dei fleste sakene som korte, og etter nokre månadar hadde eg «gløymt» førespurnaden.

Det er lett å vera nynorskbrukar her og når vi ber om å få program eller skjema eller noko på nynorsk, er det stort sett blide miner og vi får det vi ber om eller vi får instruksjon om kvar vi finn det viss det finst. Men vi burde sleppa å spørja – vi burde få det automatisk – og vi burde sleppa å klikka oss fram til nynorskversjonen.

I forbifarten har eg spurt fem-seks tilsette korleis dei vil karakterisera universitetet sin praksis når det gjeld nynorsk. Eitt svar var: «Det er ein skandale. Forholda vert ikkje lagt til rette for nynorskbrukarar.» Alle dei eg spurde meinte at universitetet heilt klart kan bli mykje flinkare på området bruk av nynorsk.

Det er eg einig i. Men på den andre sida – til å vera ein statsinstitusjon i eit område som definerer seg som bokmålland, er ikkje Universitetet i Tromsø den verste i klassen. For vi har eit heilt bygg – Teorifagsbygget – som er skilta på nynorsk, og som til alt overmål representerte 25 % av bygga ved universitetet då det stod ferdig. Kva anna institusjon kan skilta med noko slikt?

Frå Årdal til Oslo*

*Av Gunnar O. Hæreid***

Det var tilfeldig at eg flytta til Oslo etter vidaregåande skule i heimbygda Årdal i Sogn. Det var tilfeldig at eg byrja å studera jus. Men det var ein ting som ikkje var tilfeldig, at eg heldt fram med å skriva nynorsk.

Det var ikkje fritt for at det var ei ukjend språkverd som møtte meg som 18-åring på dei harde trebenkene i Gamle Festsal i Urbygningen på Karl Johans gate. Førolesarane sa «nu» og «intet», ord som eg trudde berre eksisterte på museum. I lærebøkene var det endå verre. «daddelverdig», «undertiden» og «erverv» var ord som forfattaren tydelegvis meinte at ein kvar student burde forstå. Korleis kunne eg vita at dei tydde «klanderverdig», «stundom» og «yrke», «inntening» eller ei form for kjøp?

Men eg vurderte aldri å byta målform. Eg snakka med kameratar heimanfrå på andre studium, som raskt fann ut at det var for slitsamt å skriva nynorsk når heile pensum var på bokmål. Eg kjende meg sørgjeleg åleine som nynorskbrukar blant fleire hundre andre studentar på førolesingar i Gamle Festsal. Når eg skreiv notatar, klarte eg på lang nær å spontanomsetja alle dei riksmålske orda og uttrykka som kom frå førolesaren. Men eg vurderte aldri å byta målform.

* Tidlegare trykt i heftet *Vikværske vegar til målet*, utgjeve av Fylkesmållaget Vikværingen (2008).

** Forfattaren, f. 1970, er frå Årdal i Sogn, og er leiar for Juristmållaget. Han arbeider som advokat ved Regjeringsadvokaten, og har tidlegare arbeidd ved Sivilombodsmannen, vore dommarfullmektig i Indre Sogn tingrett og konstituert lagdommar i Hålogaland lagmannsrett.

I staden vart eg irritert. Også juristar måtte då kunna uttrykkja seg på ein måte som folk flest forstod? Det kunne vel ikkje vera så vanskeleg å skriva utan å gøyma seg bak fine ord med dansk eller latinsk opphav?

Eg hadde ikkje trudd det skulle vera så vanskeleg. Men det var ikkje berre å omsetja på eiga hand. Eg kunne leva med at oppgåverettarane gav meg tilbakemelding om at eg hadde ein «ujuridisk» måte å skriva på. Men eg kunne ikkje leva med at dei ikkje forstod omgrepa eg nytta. Eg skjønnte etter kvart at eit omgrep var så mykje meir enn eit ord. Eit omgrep var noko som definerte ei rekkje rettslege konsekvensar. Der låg den store utfordringa. Eg måtte finna omgrep som var like presise som utgangspunktet. Og eg måtte forklara at eg nytta omgrepet einstyddande med utgangspunktet.

Det siste var enkelt. Det var berre å setja riksmåls- eller bokmålsomgrepet i hermeteikn i ein parentes bakanfor fyrste gongen eg nytta eit «ukjent» nynorsk omgrep. Så skjønnte dei kva eg meinte når dei støtte på ordet seinare i teksten. Det fyrste var det verre med. Eg kjende ingen ordlister som kunne hjelpa meg, og eg var framleis den einaste eg visste om som skreiv nynorsk på juridisk fakultet.

Det vart mykje prøving og feiling. Eg innser i ettertid at eg stundom brukte omgrep som ikkje var spesielt heldige. Eg har ingen problem med å vedgå at «maktmisbruk» ikkje er det same som «myndighetsmisbruk», og at «uteblivingsdom» ikkje er ei god omsetjing av «uteblivelsesdom». Men ein lærer av feil. Sakte men sikkert fekk eg bygd opp eit omgrepsapparat. Det vart også til god hjelp at eg etter kvart kom over ei ordliste som heitte «Med andre ord», der eg kunne slå opp på bokmålsord og finna dei nynorske synonyma. Det var ikkje alltid ordboka treffe på juridiske omgrep, men ho hjelpte meg som regel eit steg vidare likevel. Det som likevel var mest oppmuntrande, var at sensorar ofte framheva at eg skreiv så enkelt om dei ulike problemstillingane. På sobert riksmål kunne dei på telefon fortelja meg at eg hadde formulert den juridiske problemstillinga på ein god og forståeleg måte. Og eg fekk stadig fleire positive tilbakemeldingar på at eg skreiv nynorsk, når eg endeleg fekk lagt av meg dei mest

«ujuridiske» vendingane. Eg la merke til at eg hadde ein klar føremon som bokmålsstudentane ikkje hadde. Eg hadde tvinga meg til å gå bak omgrepa for å finna tydinga. I staden for å gøyma meg bak omgrep som eg hadde ein omtrentleg idé om tydinga av, visste eg etter kvart kva som låg i omgrepa, og eg var i stand til å forklara dei. Då vart det mykje lettare å drøfta problemstillingane.

Seinare har eg møtt mange som hadde nynorsk som hovudmål gjennom vidaregåande skule, men som skifta til bokmål då dei byrja på universitetet. Ofte har dei spurt meg: Korleis klarte du å halda på nynorsken i riksmålsbastionen juridisk fakultet?

Eg må ærleg svara at eg tenkte aldri tanken på å byta. Det var aldri eit alternativ.

Kvifor var eg eigentleg så sta? Eg var aldri medlem av målungdommen eller hadde foreldre som var aktive i målrørsla. Eg hadde ikkje eit djupt ideologisk grunnlag å stø meg på.

Konklusjonen har vorte at det handlar om kven eg er. Eg er fødd og oppvaksen som nynorskbrukar. Skriftmålet mitt avspeglar måten eg snakkar på, måten eg tenkjer på og personen eg er. Om eg hadde skifta skriftmål då eg byrja på universitet, hadde eg ikkje vore meg. Eg hadde vore ein annan. Eg hadde vore ein person som bøygde unna for gruppepress, som ikkje torde å stå åleine og som var viljug til å selja ein bit av sjela si, for å tilpassa seg den store hopen. Eg er glad for at eg ikkje vart ein slik person.

Å skifte frå nynorsk til bokmål til nynorsk

*Av Jon Vegard Lervåg**

Vidaregåande var over. Den store verda venta. Ingen hadde varda den vegen eg skulle gå. Diverre hamna eg tidleg på den breie bokmålsvegen.

Det norske forsvaret kravde nemleg eit offer, og eg måtte til pers. Eg hadde alltid hatt nynorsk på skulen. Det var ikkje noko eg hadde eit særleg medvite forhold til. Det var berre slik det var – den naturlegaste saka i verda. Men sjølv sagt lærte eg sidemål også. Difor var det ikkje noko problem då eg oppdaga at forsvarsspråket var bokmål, og at eg som militærpoliti burde levere rapportane mine på bokmål. Dei mest radikale sideformene med a-endingar vart plukka av meg av ivrig befal, og eg skreiv snart det skjønneste riksmål.

Så kom dagen då eg vart jusstudent. Bokmålet var no innprenta i meg, og det var jo også trygt og greitt, sidan dei fleste professorane kom frå nu- og efter-land. Eg tenkte dermed aldri ordentleg over kva val eg gjorde då eg heldt fram med å skrive bokmål også på jussen – utover at det var minste motstands veg. Slik glei eg raskt inn i ei lei der eg vart bokmålsbrukar, og nesten aldri nynorskbrukar. Det skulle gå mange år før eg byrja å tenkje over denne saka. Eg hadde jo aldri hatt målpolitisk engasjement, så eg såg ikkje på det som noka stor sak å skulle skrive bokmål.

* Forfatternen, fødd 1979, er frå Ålesund. Han har vore advokatfullmektig og advokat i Kluge Advokatfirma DA i tre år. Frå 2010 arbeider han som rådgivar i lovavdelinga i Justisdepartementet.

Først etter fire år på jussen møtte eg ein jusstudent som skreiv nynorsk. Eg syntest det var flott, og byrja å angre på at eg ikkje heldt fast på hovudmålet etter vidaregåande. Eg prøvde så smått å formulere litt jus på nynorsk, og eg oppdaga til mi store forarging at eg faktisk ikkje var i stand til det. Eg var opphavleg nynorskelev, men no kunne eg ikkje bruke nynorsken innanfor eige fag! Dette vart ein oppvekkar. Sommaren før eg skulle til med spesialavhandlinga mi, tok eg difor valet: Eg skulle lære meg nynorsk att, slik at eg kan bruke både bokmål og nynorsk innanfor jusen. Heldigvis skulle det ikkje veldig mykje til før ting byrja å gå av seg sjølv: Det gjorde susen med eit raskt kurs hos Breivega, litt korrektur hos morfar, og etter kvart ei glødande interesse for å lære mest mogleg om kva som skil nynorsken frå bokmålet. Ikkje minst var det nyttig å lese føreordet i ordlista til Nikolaus Gjelsvik, om korleis setningsbyggnaden på norsk skil seg frå riksmål, og at det ikkje er god norsk alt som er god latin. I tillegg var Juristmållaget, og høvet til å treffe andre nynorskskrivande studentar og juristar, viktig for å halde meg inspirert til å gjennomføre omvendinga.

Masteravhandlinga vart levert på nynorsk. Nokre små språklege skavankar var der nok, men alt i alt trur eg arbeidet gjorde at eg fann att målet mitt på ein god måte. Eg kan no fullt og heilt kalle meg tospråkleg på norsk. Men det mest sentrale er at eg gjennom å ta opp att nynorsken har funne att det personlege i skriftmålet. Gjennom 12 år med nynorsk på skulen er nynorsken blitt mykje tettare knytt opp mot min eigen person enn det bokmålet er. Når eg skriv bokmål blir det derfor ein distanse mellom meg og teksten som ikkje er der på same måten når eg formulerer meg på nynorsk. Dette har føremon og ulemper som eg kan utnytte ved å velje ulike skriftspråk til ulike høve – på norsk.

Ikkje minst gir nynorsken godt høve til å tenkje gjennom korleis ein skal formulere seg best mogleg, utan tvangstrøya ein ofte har innanfor bokmålet, fordi ein innanfor den juridiske språkstilen har fastna i eit konservativt og veldig passivt språk. Eg trur den medvitne haldninga eg må ha når eg skriv nynorsk, gjer meg til ein betre skribent både på

bokmål og nynorsk. Eg vil difor oppmode andre tidlegare nynorskelevar som har blitt «målsvikarar» til å ta opp att nynorsken og bruke han også som fagspråk. Det har iallfall gjort meg til eit rikare språkmenneske.



Jon Vegard Lervåg og Kaja Breivik Furueth på sommarfest i 2008.

Målform i lover

*Av Kåre Lilleholt**

Gjennom mange år var det skikken at saksordføreren i stortingsnemnda avgjorde kva målform ei ny lov skulle ha. Denne praksisen tok til med svalbardlova frå 1925. Proposisjonen hadde lovtkast på nynorsk (landsmål), men fleirtalet i stortingsnemnda ville ha lova på bokmål (riksmål). Etter ein lang diskusjon vedtok Odelstinget, med 51 mot 50 røyster, at bokmålsteksten skulle leggjast til grunn.¹ I diskusjonen sa Carl Joachim Hambro mellom anna:²

«Man får virkelig finne seg i – og det er det, som er likestilling – at den, som blir valgt til ordfører, får skrive på det sprog, han behersker.»

Nemndleiareren, Henrik Ameln, var òg inne på at saksordføreren burde få velje.³

* Forfattern, f. 1952, er frå Meldal i Sør-Trøndelag. Han er professor ved Universitetet i Oslo og har tidlegare mellom anna vore professor ved Noregs handelshøgskule og Universitetet i Bergen.

1 Ordskiptet vart etter kvart noko heitt. Stuttaste innlegget hadde representanten Blakstad: «No vil me stemma – no vil me pikadausen stemma!» (Forhandlingar i Odelstinget 30. juni 1925 s. 518). Wilhelm Blakstad var direktør og innvald for Høgre i Østfold og Akershus (kjøpstadene), så det var nok ikkje eit utbrot frå ein målmann.

2 Forhandlingar i Odelstinget 30. juni 1925 s. 509. Carl Joachim Hambro (1885–1964) sat på Stortinget for Høgre 1919–1957.

3 Forhandlingar i Odelstinget 30. juni 1925 s. 517. Han peikte på at komiteen hadde praktisert «den regel å la ordføreren benytte det sprog som faller ham naturlig», og viste i den samanhengen til saka om lov 5. juni 1925 nr. 1 om brigade av landsnamnet Stenkjær, der proposisjonen hadde vore på bokmål og tilrådinga

Året etter var Gunnuf Eiesland nemndleiar og saksordførar for motorvognlova.⁴ Proposisjonen hadde utkast på bokmål, men nemnda la fram utkast på nynorsk. Det går fram at nemnda hadde røysta om dette: Eit mindretal meinte at utkastet skulle leggjast fram på bokmål. Heile nemnda var samd i at begge målformer burde takast inn i Norsk Lovtidend.⁵ I den korte diskusjonen i Odelstinget vart det vist til at føresetnaden for vedtaket om målform i svalbardlova hadde vore at ein skulle følgje den målforma ordføraren hadde valt. Det vart vedteke med 62 mot 37 røyster at nynorskutkastet skulle leggjast til grunn i Odelstinget.⁶

Denne skikken vart følgd i fleire tiår. Det førte ikkje minst til mange nynorsklover fordi saksordførarar som Lars Ramndal og Einar Stavang tok arbeidet med å omsetje lovutkast til nynorsk.⁷

I stortingsdokumenta synest det ikkje vera noko å finne om målvalet før vi kjem til vedtakinga av avhendingslova i 1992. Saksordførar var Terje Nyberget, og han hadde fått lovutkastet – som var på nynorsk i proposisjonen – omsett til bokmål. Det går fram noko indirekte at det var fleirtalet i stortingsnemnda som avgjorde at utkastet frå nemnda likevel skulle vera på nynorsk.⁸ Nyberget og dei andre nemndmedlemmene frå Framstegspartiet fremja bokmålsversjonen som eige

på nynorsk. – Henrik Ameln (1879–1961) sat på Stortinget for Høgre 1913–1915 og 1922–1933.

4 Gunnuf Eiesland (1870–1936) var lærar og gardbrukar og innvald for Venstre i Vest-Agder. Han skal ha hatt «et romantisk og følsomt sinn og et muntert lynne» (Johan Jerstad, *Fjotland. Sogebok*, Fjotland 1949 s. 407, med tilvising til Bernt A. Nissen).

5 Innst. O. I (1926) s. 2 (røystetalet var fem mot fem; røysta frå nemndleiaren gjorde utslaget).

6 Forhandlingar i Odelstinget 15. januar 1926 s. 2–3 (det vart røysta særskilt om målforma). Representanten Tørris Heggelund (Høgre – Kristiansand, Mandal, Flekkefjord, Stavanger, Haugesund), som tala mot å nytte nynorsk, viste mellom anna til at «av bilene er jo den alt overveiende del hjemmehørende i Oslo og på Østlandet».

7 Meir om dette i Kåre Lilleholt, «Nynorsk i offentleg målbruk», i Olaf Almenningen, mfl. (red.), *Måltreising i 75 år*, Oslo 1981 s. 383–407, på s. 386–389.

8 Innst. O. nr. 71 (1991–1992) s. 2.

framlegg, men det fall i Odelstinget (65 mot 15 røyster).⁹ Det vart mykje tale om målform i ordskiftet, og nokre viste til at det må vera Odelstinget sjølv som avgjer målforma til sjuande og sist. Det vart òg nemnt at avhendingslova burde vera på nynorsk som dei tidlegare lovene som bygde på utkast frå Sivillovbokutvalet, men da vart det nok oversett at pantelova nokre år tidlegare vart vedteken på bokmål.¹⁰

Kva som skjedde i arbeidet med bustadoppføringslova nokre år seinare, er ikkje heilt lett å seie. Saksordførar Kjellaug Nakkim (Høgre) er bokmålsbrukar. Lovutkastet frå nemnda er på nynorsk, slik utkastet frå departementet er det, men ei bokmålsomsetjing ligg ved tilrådinga frå nemnda. Dette er ikkje kommentert i tilrådinga, men i Odelstinget sa Nakkim at omsetjinga vart gjord for å «lette arbeidet i komiteen».¹¹ Det går ikkje fram om målforma har vore eit tema i nemnda.

Ein må helst seie at den tidlegare skikken er endra. Saksordføraren må finne seg i at nemndfleirtalet avgjer målforma i tilrådinga til Stortinget (før Odelstinget). Formelt er det Stortinget som avgjer spørsmålet, som det alltid har vore, men reelt er det nok lite aktuelt å nytte ei anna målform enn den nemnda gjer framlegg om.

Målstriden kring avhendingslova har ei mindre kjend førehistorie.¹² Nynorskbrukaren Jørgen Sønstebø (Kristeleg Folkeparti) vart i 1979 saksordførar for den nye straffeprosesslova. Leiaren i Juristmållaget tok kontakt med Sønstebø for å tilby hjelp med omsetjing av lovutkastet til nynorsk. I ein samtale på Stortinget kom det fram at Sønstebø hadde

9 Forhandlingar i Odelstinget 5. juni 1992 s. 743. Det var professorane Sjur Brækhus og Thor Falkanger som hadde laga omsetjinga (s. 728).

10 Det kan nemnast at nemndtilrådinga om sameigelova (Innst. O. XX (1964–65)) var på nynorsk, enda det går fram av referatet frå Odelstinget (Forhandlingar i Odelstinget 3. juni 1965 s. 610) at saksordførar Botolv Bråtalen (1892–1969, innvald for Senterpartiet, Buskerud, 1958–1965) var bokmålsbrukar. Sjå elles artikkel av Ernst Nordtveit i dette skriftet om Sivillovbokutvalet.

11 Forhandlingar i Odelstinget 20. mai 1997 s. 613.

12 Opplysningane er tekne med i Hege Myklebust, *Nynorsk som lovspråk: historisk og språkleg utvikling*, Bergen 1996 (s. 52–53) på grunnlag av intervju med denne forfattaren.

fått tildelt denne saka på det vilkåret at han *ikkje* skulle nytte nynorsk i lovutkastet. Det er ikkje godt å seie om det var noka røysting i nemnda, eller om det berre var eit pålegg frå nemndleiaren, Jan P. Syse. Sønstebø kunne fortelje at det var ein bytehandel, slik at barnelova skulle fremjast på nynorsk, enda saksordføraren, Gunn Vigdis Olsen-Hagen, var bokmålsbrukar.¹³ Og slik vart det. Tilrådinga om straffeprosesslova er skriven på nynorsk, men lovutkastet er på bokmål. I tilrådinga heiter det lakonisk: «Komiteen vil fremme straffeprosesslova på bokmål.»¹⁴ Tilrådinga om barnelova er skriven på bokmål, medan lovutkastet er på nynorsk, og nemnda viser kort til at dei tidlegare barnelovene var på nynorsk.¹⁵ Målvalet var ikkje tema i Odelstinget i desse lovsakene.

For nynorsk rettsmål ville det ha vore ei makelaus landevinning dersom den store og viktige straffeprosesslova hadde kome på nynorsk.

13 Gunn Vigdis Olsen-Hagen (1946–1989) var innvald for Arbeidarpartiet i Rogaland 1977–1989. Ho ville i det heile ikkje snakke med leiaren i Juristmållaget om denne saka.

14 Innst. O. nr. 37 (1980–81) s. 41.

15 Innst. O. nr. 30 (1980–81) s. 4.

Nynorsk på marknadsrettens område

Av Tore Lunde*

Knapt noko anna rettsområde har vore så prega av sofistikert språkleg eleganse som marknadsretten, her nytta i vid tyding til å femne om både immaterialrett, marknadsføringsrett og konkurranserett. Det skulle vere nok å nemne forfattarar som Ragnar Knoph og Birger Stuevold Lassen for å skjøne at terskelen for å skrive nynorsk innanfor desse rettsområda kan framstå som høgre enn elles.

Om ein skulle trenge trøyst og oppmuntring til å skrive nynorsk innanfor desse rettsområda, kan kanskje lokkinga frå «Huldra i Kjosfossen» (Rt. 2007 s. 1329), i form av første linje i stevet til folketonen «Nøringen», gi tilstrekkeleg kveik: «Eg ser deg, eg ser deg, men kan ikkje koma til deg. Eg ser deg, eg ser deg, men kan ikkje koma til deg.» Med slik kraftfull lokking manglar det berre at dommen var skriven på nynorsk!

Somme vil kanskje meine at utfordringane for juristar som vil skrive nynorsk, ikkje er verre på desse rettsområda enn innanfor andre juridiske disiplinar. Det kan kanskje vere noko i det – langt frå alle bokmålsord på dette området byr det på nemneverdige vanskar å finne gode nynorske alternativ til. Vi har til dømes ikkje vanskar med å skrive *kjenneteikn*, i staden for *kjennetegn*, *marknadsføring* i staden for *markedsføring* eller *villeiande* i staden for *villedende*. Og *opphavsnemning* framstår som eit klangfullt og tydeleg alternativ til

* Forfatternen, f. 1963, er frå Stryn i Sogn og Fjordane. Han er professor ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.

opprinnelsesbetegnelse. Likeeins vil vi finne god meining i termen *sanningsgrunnsetninga*, som uttrykk for *sannhetsgrunnsetningen* eller det meir alderdommelige *vederheftighetsprinsippet* i marknadsføringsretten. På patentrettens område må vi sjølv sagt tale om *oppfinningar* i staden for *oppfinnelser*, og *nyhendekrav* i staden for *nyhetskav*. Innanfor opphavsretten vil formuleringa *opphavsrettsleg verna* materiale vere eit greitt alternativ til *opphavsrettsbeskyttet* materiale. Og engelske låneord, som til dømes *knowhow*, synes å verte aksepterte og tekne inn i det juridiske språket slik dei er. Heller ikkje namn på aktuelle statlege institusjonar er noko problem; det må sjølv sagt vere Forbrukarombodet, Forbrukarrådet, Marknadsrådet o.l.

Men det finst ord som er vanskelegare, og vi skal trekkje fram nokre av desse. La oss ta eit ord som *frambringelse*, som vert nytta innanfor immaterialretten, og også i marknadsføringsretten, jf. marknadsføringslova (2009) § 30. Dersom vi ikkje unngår problemet ved omformuleringar, kan vi ta utgangspunkt i Utgård's ordliste, der «frembringe» er omsett til det å tilverke, skape eller utvikle. Som verb synes alle desse tre alternativa godt eigna som alternativ til «frambringe». Substantiveringa er kanskje ikkje like opplagt, men *tilverking* framstår som eit brukbart alternativ. Elles kan ein gjerne nytte *prestasjonar* som mellomløysing. Innanfor patentretten vil ordet *patenterbarhetsvilkårene* helst måtte omformulerast til *vilkåra for patentering*.

I konkurranseretten er nemninga *konkurransbegrensning* og variantar av denne sentral. Mange nynorskbrukarar vil sikkert velje alternativet *konkurransavgrensing*, slik ordlista til Utgård inviterer til. Sjølv har eg teke ei meir pragmatisk haldning, og har i visse tilfelle valt å nytte dei sterkt innarbeidde bokmålsvariantane *konkurransbegrensning* og *konkurransbegrensande*, om eg då ikkje heller har valt å unngå problemet ved å skrive *konkurranserestriksjonar*, og andre variantar med bruk av *restriksjonar*, som til dømes *vertikale restriksjonar*. Men det er kanskje ei betre løysing å nytte ord som *konkurranseskade* eller *-skadeleg*, til dømes *konkurranseskadeleg*

framferd eller *åtferd*, alternativt *konkurranshindring* eller *-reduksjon*, *konkurranshindrande* eller *konkurransereduserande framferd*.

På konkurranserettens område kan vi elles registrere at Høgsteretts ankeutval i ei nyare avgjerd, rett nok om prosessuelle spørsmål om dokumentinnsyn, nyttar termene *forretningshemmelegheiter*, *driftshemmelegheiter* og *bedriftshemmelegheiter*, jf. Rt. 2009 s. 1103 U (SAS/Norwegian), avsnitta 1, 8, 11, 19 og 45. Sjølv er eg ikkje særleg glad i desse -heit-orda, men det må vel samstundes seiast at desse alternativa nok ligg nærare opp til dialektbruk og ord som vert nytta i daglegtale, enn *forretningsløyndomar* eller *driftsløyndomar* som kan vere alternativ. Derimot ser vi i Rt. 2008 s. 1201, i sak om føretaksstraff for ulovleg pris-samarbeid, at det vert nytta eit ord som *verksemdsområde* (avsnitt 2), i tydinga *forretningsområde* eller *aktivitetsområde*. Med dialektane som rettesnor, framstår det etter mitt syn som eit betre alternativ å halde fast ved *forretningsområde*, i alle høve dersom ein nyttar *forretnings-* i andre samansetjingar. Etter mitt syn vil det til dømes vere betre å skrive villeiande *forretningsmetodar* i staden for *verksemdsmetodar*.

Også når vi kjem til sanksjonssida, støyter vi på utfordringar. Nyare lovgjeving tek på stadig fleire område i bruk *overtredelsesgebyr* som sanksjonsform, mellom anna både i konkurranselova § 29 og den nye marknadsføringslova § 43. Det er sikkert delte meiningar om kva som er eit fullgodt nynorsk alternativ til dette. Etter mitt syn kan *lovbrotsgеbyr* vere eit aktuelt alternativ. Ein kunne kanskje nytte sivilrettsbot, men dette harmonerer dårleg med grunngjevinga som ligg bak val av termen *overtredelsesgebyr*. Omskriving til *gebyr for brot på lovføresegner* vert for omstendeleg.

Desse få døma viser at det ikkje er nokon grunn til å la nynorsken ligge ubrukt på desse rettsområda, berre ein legg litt arbeid ned i å finne gode alternativ til sterkt innarbeidde bokmåls vendingar.

Om sivillovbok og lovmål

*Av Ernst Nordtveit**

Rettspråket og lovspråket er eit av dei områda i samfunnet der det tok lengst tid for nynorsk å slå gjennom. I samband med jubileet til Juristmållaget er det grunn til å trekkja fram det viktige gjennombrøtet for nynorsk som lovmål som skjedde i samband med at arbeidet med ei sivillovbok for Noreg vart teke oppatt frå midten av førre hundreåret. Stortinget vedtok i 1952 å starta oppatt arbeidet med å utarbeida ei sivillovbok i Noreg. Det vart vedteke at dette skulle skje stegvis. For målsaka er det viktig at det kom inn i tilrådinga frå justisnemnda ein føresetnad om at Justisdepartementet skulle fremja odelstingsproposisjonane til lover som skulle inngå i lovboka, på nynorsk. Dette har ført til at vi har fått lovfesta sentrale deler av tingsretten i lover på nynorsk. Sivillovbokarbeidet var såleis eit viktig prosjekt for å skapa språkleg jamstelling i lovgjevinga og for å visa at nynorsk fungerer godt som lovspråk. Eg vil i denne artikkelen gjera greie for korleis arbeidet med å få ei sivillovbok også vart eit spørsmål om målbruk, litt om korleis dette har gått, og også gje uttrykk for nokre synspunkt på korleis arbeidet med nynorsk lovmål kan eller bør førast vidare.

Utgangspunktet for arbeidet med sivillovboka var at Grunnlova § 94 fastset at det på det første eller andre storting etter Riksforsamlinga i 1814 skulle vedtakast ei sivillovbok og ei kriminallovbok. Det vart

* Forfattern, f. 1953, er frå Nordtveitgrend i Fusa kommune, Hordaland. Han er professor ved Det juridiske fakultet i Bergen. Han var sekretær for Sivillovbokutvalet 1981–1993.

sett i gang arbeid med dette straks etter 1814, men det oppstod store vanskar med å få utarbeidd eit utkast og tanken om ei samla sivillovbok vart formelt oppgjeven av eit samla storting i 1845. Kriminallovboka kom ved straffelova i 1842, som seinare er avløyst av nye lover i 1902 og sist i 2005.

Grunnen til at ein ikkje slutførte arbeidet med ei sivillovbok i første omgang, var nok dels at det synte seg vanskelegare enn tenkt å få dette til, men det var også ulike syn på om det burde utarbeidast ei sivillovbok. Framveksten av den historiske skulen førte til motstand mot ei sivillovbok i det juridiske fagmiljøet. I Noreg var leiande juristar som til dømes Oscar Platou og Fredrik Stang klare motstandarar av at det skulle utarbeidast ei sivillovbok. Nikolaus Gjelsvik var derimot tilhengjar av ei sivillovbok og argumenterte for utarbeiding av ei sivillovbok i *Innleiing til rettsstudiet* (4. utg.) s. 172–177.

Det som sette fart i arbeidet med ei sivillovbok etter andre verds-krigen, var først eit opptak frå professor Jon Skeie. I mai 1946 sende han eit brev til Justisdepartementet der han tok opp framlegget om ei sivil lovbok. Han viser til at han alt i 1913 hadde teke opp denne saka med justisminister Lars Abrahamsen, men at det då ikkje vart noko av det, og så heldt han fram:

«Når eg no, på mine gamle dagar, atter nemner logbokspursmålet, gjerer eg det med eit tilbod: Eg vil gjerne hjelpa til med logreidsla, og eg vil ikkje hava nokor løn for det. Men eg måtte setja to vilkor: 1) at logframlegget til Odelstinget skal vera på norsk (nynorsk) og berre på dette målet, og 2) at eg får rett til å velja deim som skal vera med i ei logreidnadsnemnd. Men Justisdepartementet må sjølvsaugt godkjenna valet.»

Deretter gjentek og utdjupar han dette at lova skal vera på nynorsk:

«Logi skal vera på norsk, og på reint norsk. Men ho skal vera slik at alle skynar henne som *vil*. Um det skulle hende at eit ord som er rette (og beste) nemningi i norsk, ikkje er ålkjent, lyt me setja det tilsvarende bokmålsordet i parantes etter.»

Det har vore kjent at Skeie i samband med dette spurde den då unge universitetslæraren Sjur Brækhus om å delta. Dette har eg fått stadfesta av Sjur Brækhus sjølv. For nokre år sidan fortalde han meg at Jon Skeie hadde kome til han og bede han vera sekretær for arbeidet med å laga ei sivillovbok. Vilkåret var også då frå Skeie si side at lovboka skulle vera på nynorsk, og Sjur Brækhus sin kommentar til meg om dette var: «Det kunne jo ikke jeg».

Sjur Brækhus var tilhengjar av at det burde utarbeidast ei sivillovbok og støtta tanken om ei sivillovbok i tiltredingsforelesinga si i 1949. («Bør vår privatrett kodifiseres», Samtiden 1949 s. 550–564, også trykt i *Juridiske arbeider fra sjø og land*, Oslo 1968 s. 5–15). Brækhus var derimot sterk motstandar av at sivillovboka skulle koma på nynorsk. Eit hovudargument var at han meinte at dette ville gjera det vanskelegare å mobilisera juriststanden for tanken om ei sivillovbok. Han har også i artikkelen «Sprogstrid og lovsprog», trykt i *Juridiske arbeider fra sjø og land* s. 17–39, klart gjeve til kjenne at han meiner nynorsk ikkje var tilstrekkeleg utvikla som lovspråk til å kunne nyttast. Han gjev i pkt. I i artikkelen eit detaljert oversyn over utviklinga av nynorsk som lovspråk, og påpeikar at «landsmålet spilte en temmelig underordnet rolle som lovsprog i tiden før krigen».

Jon Skeie sitt opptak vart avvist av Justisdepartementet, mest med den grunngevinga at ein i den situasjonen landet var i etter krigen, ikkje hadde ressursar til å gjennomføra eit så stort arbeid. Det var først etter at 51 stortingsrepresentantar i 1949 sende eit brev til Justisdepartementet, der dei tok opp framlegg om ei sivillovbok og sette fram krav om at denne måtte vera på nynorsk, at spørsmålet vart teke opp av Justisdepartementet.

Det vart sett ned eit utval av professor Knut Robberstad (formann), stortingsrepresentant og sorenskrivar Einar Stavang og ekspedisjonssjef Finn Hiorthøy, til å greia ut korleis arbeidet med ei sivillovbok burde leggest opp. Med utgangspunkt i utgreiinga frå dette utvalet, fremja Justisdepartementet i Stortingsmelding nr. 90 (1951) eit framlegg om å utarbeida ei sivillovbok. Framlegget vart handsama året etter på grunnlag av Innst. S. nr. 247 (1952). Stortingsmeldinga og innstillinga

til Stortinget er svært interessante dokument som gjev ei grundig framstilling og drøfting av lovkodifikasjonsarbeid både i Noreg og andre land.

I ordskiftet om saka i Stortinget var det særleg to hovudspørsmål som skapte usemje, både i justisnemnda og i Stortinget. Det gjaldt spørsmålet om ein kunne binda framtidige storting når det gjaldt målforma på lovene som skulle vedtakast, og om ein skulle gå fram etter planen for lovboka og starta med dei første kapitla om personrett, familierett og arverett, eller om ein skulle starta med tingsretten.

I høve til det første spørsmålet understreka Einar Stavang som talsmann for fleirtalet at det ein bad Stortinget om å gjera vedtak om, var at Justisdepartementet skulle fremja odelstingsproposisjonar på nynorsk, så ville det vera opp til Stortinget å ta stilling til målforma i det einskilde tilfellet. Det kan likevel ikkje vera tvil om at stortingsfleirtalet med dette vedtaket tok sikte på at lovboka skulle vera på nynorsk, men dette var det lengste ein meinte ein kunne gå i å fastleggja dette for framtida.

I høve til det andre spørsmålet vart resultatet at ein opna for at ein kunne starta med tingsretten. Dette førte til at ein etter kvart fremja lovframlegg på andre deler av sivilretten, utan at dette synest å ha vore sett i samband med vedtaket om at lovframlegg som var ein del av sivillovboka skulle fremjast på nynorsk.

Sivillovbokutvalet hadde markerte målmenn som leiarar og medlemmer, men det var også bokmålsbrukarar mellom dei. Fyrste leiaren var professor Knut Robberstad. Deretter overtok høgsterettsdomar Karsten Gaarder, som var bokmålsbrukar, men utkastet til pantelov som kom i hans formannstid (1970), var likevel på nynorsk. Seinare leiarar for utvalet var professor Olav Lid, professor Mons Sandnes Nygard og lagmann Ola Rygg, som alle var nynorskbrukarar.

Også sekretæraner for utvalet var nynorskbrukarar heilt eller delvis. Alle rådsegner og lovutkast frå Sivilllovbokutvalet er skrivne på nynorsk. Justisdepartementet oppfylte også alltid føresetnaden om at lovframlegga til Stortinget skulle skrivast på nynorsk, med eit unntak for pantelova, der Ot. prp. nr. 39 (1977–78) er skriven på bokmål.

Lovutkastet var også fremja på bokmål, men det var også eit utkast til lovttekst på nynorsk.

I Stortinget fylgde ein lenge den regelen at det er saksordføraren som avgjer målforma på lova. For å kunne gjennomføra eit prosjekt som sivillovbok på nynorsk, ville det vera viktig at saksordførarane anten var nynorskbrukarar, eller at dei i det minste aksepterte at lova vart skriven på nynorsk. Alle lovene der Sivillovbokutvalet hadde utarbeidd framlegget, med unnatak for pantelova frå 1980, har blitt vedtekne på nynorsk, også der saksordføraren har vore bokmålsbrukar, sjå nærare om dette artikkel av Kåre Lilleholt i dette skriftet. Ein kan vel seia at det var akseptert at arbeidet med sivillovboka var eit nynorskprosjekt, i alle høve for tingsretten sitt område.

Med pantelova gjekk det likevel altså annleis. Sivillovbokutvalet hadde fremja si rådsegn om pant i 1970 (Rådsegn 8), og Justisdepartementet fremja som sagt lovsaka med lovttekst på både bokmål og nynorsk i Ot. prp. nr. 39 (1977–1978). I Stortinget vart det eit langt meir omfattande arbeid med revisjon av utkastet enn det som er vanleg i lovsaker. Jo Benkow var leiar av justisnemnda, og saka vart fordelt til Mona Røkke som saksordførar. Ein var inne i ein lågkonjunktur, og tilhøva for næringslivet hadde endra seg snøgt. Professorane Sjur Brækhus og Thor Falkanger vart engasjerte som rådgjevar for justisnemnda, og det vart utarbeidd eit sterkt revidert lovttekst, på bokmål.

Professor Mons Sandnes Nygard, som hadde vore knytt til Sivillovbokutvalet som sekretær og som medlem frå 1966, og som vart leiar av utvalet frå 1981 til han døydde i 1991, tok opp med meg om noko kunne gjerast for å unngå at pantelova vart vedteken på bokmål. Eg var på den tida organisatorisk nestleiar i Senterungdommens Landsforbund, og eg tok kontakt med Senterpartiet sitt medlem i Justisnemnda, Ole Gabriel Ueland frå Rogaland. Eg skreiv eit notat til han om bakgrunnen for arbeidet med ei sivillovbok og vedtaket i 1952, og han tok spørsmålet opp i justisnemnda, men han kom ingen veg. Argumentasjonen var prinsippet om at saksordføraren avgjorde målform, men det var nok også dei som meinte at sidan pantelova i

stor grad ville bli brukt av bankfolk og næringslivsfolk, var det rimeleg at den burde vera på bokmål. Ein var ikkje viljug til å foreta eit byte slik at ein nynorskbrukar vart saksordførar for pantelova. Resultatet vart at pantelova står som unnataket i rekkja av nynorsklover som er utarbeidd av Sivillovbokutvalet.

Utviklinga vart at Sivillovutvalet arbeidde med tingsrett og panterett. Lover på andre område som ville vore ein del av ei allmenn sivillovbok, vart både før og etter vedtaket i 1952 oftast vedtekne på bokmål. Det er likevel nokre unnatak frå dette. Interessant er det at ei typisk banklov som gjeldsbrevlova alt i 1939 kom på nynorsk. Sjur Brækhus har i sin artikkel om «Sprogstrid og lovsprog» framheva det som oppsiktsvekkjande at gjeldsbrevlova, som er ei finansnæringslov, og som endå til var eit resultat av eit nordisk lovsamarbeid og utarbeidd av Ragnar Knoph, er på nynorsk. Det var Justisdepartementet som fremja proposisjonen til gjeldsbrevlova på nynorsk. Bakgrunnen for det var etter det eg har blitt fortalt, at ekspedisjonssjefen i Lovavdelinga, Per Augdahl, ikkje var samd med alt i det utkastet til gjeldsbrevlov som Ragnar Knoph hadde vore med å laga. Det var likevel ikkje så lett å endra på eit utkast frå Ragnar Knoph, som var svært respektert, og som nett hadde døydd i alt for ung alder. Per Augdahl sette difor byråsjef Knut Robberstad i Lovavdelinga til å utarbeida proposisjon og lovutkast på nynorsk, for at det ikkje skulle bli så tydeleg at han fråveik utkastet frå Knoph. Dette er bygt på andrehandsopplysningar, men mi kjelde hadde det nok direkte frå Robberstad. Det er heller ikkje vanskeleg å sjå at gjeldsbrevlova er utforma i same stilen som dei seinare lovutkasta frå Sivillovbokutvalet under hans leiing. Ein kan såleis seia at gjeldsbrevlova var ein forløpar for sivillovboklovene og også er ein del av «nynorskdelen» av sivillovgjevinga.

Gjeldsbrevlova var ei viktig lov i utviklinga av nynorsk lovmål. Den har i alle år stått som eit døme på god lovgjevingsteknikk, og det har ikkje vore noko særleg klage frå bankhald eller andre over at den var på nynorsk. Både gjeldsbrevslova og tingsrettslovene som

Sivillovbokutvalet utarbeidde, har hatt ein viktig funksjon i det å skapa gjennomslag for nynorsk lovmål innanfor sivilretten.

Vedtaket frå 1952 om at lovframlegga frå Sivillovbokutvalet skulle fremjast på nynorsk, viste seg å vera svært viktig for at lovene også vart vedtekne på nynorsk. Gjennom at Justisdepartementet såg seg forplikta til å leggja fram lovframlegga på nynorsk, var det berre pantelova som vart omsett til bokmål, Dei andre lovutkasta var berre på nynorsk. Det har vist seg vanskeleg å få gjennomført omsetjing av omfattande lovverk frå bokmål til nynorsk i Stortinget når proposisjonen er på bokmål. Eit unntak frå dette er arvelova, som også er ei lov som ville inngå i ei samla sivillovbok, der saksordføraren, tidlegare justisminister Jens Haugland, sytte for at lova kom på nynorsk, sjølv om både utgreiinga og odelstingsproposisjonen er skrivne på bokmål. I hovudsak er det likevel slik at dei større lovene som har kome på nynorsk dei siste åra, som lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) frå 2005 og lov om marine ressursar (havressurslova) frå 2008, har blitt fremja av dei aktuelle departementa på nynorsk.

Skal ein få til språkleg balanse i lovverket, må både Stortinget samla og særleg regjeringa ta eit ansvar. Det trengst gjerne sterk rettsleg og språkleg kompetanse for å kunne utforma lovtekstar på nynorsk, og det er spill av ressursar å først utforma lovutkast på ei målform frå departementet, for deretter å foreta ei omsetjing i Stortinget. Ein kan ikkje la spørsmålet om språkleg jamstelling i lovverket avhenga av at dei som er saksordførarar for lovsaker i Stortinget har vilje og styrke til å tvinga gjennom ei omsetjing. Det vil lett føra til at det i beste fall er ein del mindre lover som blir omsett til nynorsk i Stortinget. Kåre Lilleholt påviser i sin artikkel i dette skriftet at regelen om at saksordføraren avgjer målforma, har blitt sett meir og meir til side. Det må nå vera eit krav at ein rimeleg del av dei lovene som blir lagt fram for Stortinget vert utforma på nynorsk og at dette også omfattar viktige og mykje brukte lover i rimeleg mon.

Arbeidet med ei sivillovbok er avslutta nå, og Sivillovbokutvalet er oppløyst. Det er nok ingen utsikt til å få ei samla sivillovbok. Sentrale

område av sivilretten er regulert i eigne lover, og systemet med ein-skildlover fungerer relativt godt og er eit fleksibelt system. Likevel ville det vera ein fordel om ein kunne samla dei lovene om fast eigedom som er utarbeidde av Sivillovbokutvalet, og laga ei samla lov av dei. Då kunne det også bli rom for nokre allmenne reglar om eigedomsrett, og lovgjevinga om dette kunne bli meir samordna. Også reglane om grenser for fast eigedom, som det ennå ikkje har blitt noko lov av, måtte gå inn i ei slik samla lov. Då ville ein også kunne få eit samla og viktig lovverk om fast eigedom på nynorsk.

Personlege røynsler som nynorskskrivande jurist

*Av Nils Nygaard**

Tilfeldig rekruttering av ein nynorskskrivande jurist

Eg tilhøyrrer den kategori juristar som er fødd og oppvaksen i nynorskmiljø. Heile det offentlege styringsverket i kommunen brukte nynorsk, likeeins opplæringa i skulen. Dette er eit viktig punkt når det gjeld spørsmålet om rekruttering av nynorskskrivande juristar. Men det kan likevel vera tilfeldig om ein person med slik bakgrunn brukar nynorsk som juridisk student eller jurist. Også for meg var valet av nynorsk som jurist tilfeldig. Eg hugsar at Ben-Gurion, den første israelske statsministeren, framheva sterkt i sine memoarar at hans faste leveregel var å aldri gi seg tilfeldighetene i vald. Alt måtte ha ein plan. Men dei fleste av oss veit at det ofte er tilfeldighetene som styrer, også når det gjeld store val i livet.

Det var tilfeldig både at eg vart jurist og at eg vart nynorskskrivande jurist, ja tilfeldig i det heile at eg vart skulemann. Eg var over 25 år då eg byrja skulegang. Eg arbeidde heime i bygda med ymse slag kroppsarbeid, og var ein såkalla vanleg mann. Vanleg mann på ramme alvor. Så fann eg ut at eg burde ta ein 6 månaders handelsskule. Det

* Forfattaren, f. 1932, er frå Imsland i Ryfylke (nå del av Vindafjord). Han er professor emeritus ved Universitetet i Bergen, der han har arbeidd frå 1968, det meste av tida som professor.

nærmaste var Stavanger, men kvifor ikkje dra lenger ut, når eg først var heimefrå? Det vart Otto Treiders handelsskule, midt i Oslo sentrum. Dette gav meirsmak, og eg sette meg føre å ta kandidateksamen ved Bedriftsøkonomisk Institutt i Oslo. Men for å koma inn der, måtte eg ha artium. Og det måtte bli som privatist. Først realskulefag bl.a. i Stavanger, og så artium i Oslo. Deretter gjennomførte eg det toårige kandidatstudiet ved BI. – Mot slutten av økonomistudiet ved BI fekk eg interesse for juss, og eg vanka litt i Studentmållaget og Studenter-samfunnet. – Eg likte meg godt i Oslo. Eg følte eg vaks opp på ein ny måte. Oslo vart min andre barndoms dal. – Alt som her er fortalt, frå Treider til BI, gjennomførte eg som bokmålsmann.

Då eg var ferdig på BI, gjekk eg over på jussen. I jusstudiet hadde eg lagt mykje arbeid i ein artikkel der eg kommenterte ei eksamensoppgåve som var gitt til juridicum semesteret før. Min tanke var å få den prenta i studentbladet *Stud. Jur.* Tittelen på artikkelen var: «Eigedomsatterhald i smågris». Reglane om eigedomsatterhald gjekk ut på at seljaren kunne ta atterhald om at han skulle ha eigedomsretten til den selde tingen til dess kjøparen hadde betalt. I eksamensoppgåva var smågris selt til fleskeprodusent med eigedomsatterhald, og når den var slakteferdig gjekk kjøparen konkurs. Seljaren meinte atterhaldet sto seg, og kravde sine pengar av konkursbuet. Mange av eksamenskandidatane, og lærarar ved fakultetet, meinte det ikkje sto seg. Eg gjorde ein undersøking av praksis i smågrisomsetninga (NKF og Oslo Handelsfjøs), som viste at eigedomsatterhald i smågris var vanleg, og at alle involverte partar i denne ordninga respekterte den. Eg kom til at atterhaldet sto seg i konkurs. (Det var også resultatet då spørsmålet nokre år seinare kom i Høgsterett, Rt. 1966 s. 857.)

Då artikkelen var ferdigskriven, men ennå ikkje levert, møtte eg ein dag tilfeldig Bjarne Fidjestøl i Aulakjellaren. Han var formann i Studentmållaget men ville ha avløysing, og årsmøtet skulle haldast same kvelden. Men den formannskandidaten han hadde planlagt å føreslå hadde trekt seg. Og så spurde han meg, om eg kunne stilla. Eg hadde inga røynsle med slikt, bortsett frå arbeid i ungdomslag

og skyttarlag heime, men enden på visa vart at eg sa ja. Men dermed kom eg i eit dilemma med målform på artikkelen. Den låg som nemnt ferdigskriven, naturlegvis på bokmål. Som formann i Studentmållaget gjekk det nesten ikkje an å prenta den på bokmål. Eg nemnde dette dilemmaet for Hans Olav Tungesvik, som eg møtte tilfeldig på eit møte, og han sa at han for sin del ikkje ville vore i tvil. Og det enda med at eg skreiv artikkelen om på nynorsk. Frå den dagen var det ikkje spørsmål om målform for meg. Artikkelen fekk betydning i rettslivet. Verdien av artikkelen vart ikkje svekka ved at den vart prenta på nynorsk.

Språk, språkliberalisme og stil

Som nynorskmann har eg alltid vore av den liberale sorten. Eg har hatt sterk tru på mitt eige heimemål frå indre Ryfylke. Og det har ofte vore ei rettesnor for meg i arbeidet mitt. Ved skrivning innanfor eit vanskeleg emne har eg spurt: Korleis ville eg ha ordlagt meg på heimemålet? Nynorsken skal som kjent byggja på norsk folkemåls grunn. Og i indre Ryfylke er det mykje godt folkemål. Og eg synest det var synd at Ivar Åsen ikkje brydde seg med å ta ein tur inn der då han samla sitt språkmateriale.

Som Gjelsvik framhevar i målskriftene sine er det ikkje sjølve orda som er det vanskelegaste på nynorsk, viktigast er sjølve stilen. Og han tilrår sterkt å gi framstillinga ein folkeleg bunad. Både stilen og dette med folkeleg bunad går bl.a. på at nynorsken er eit språk med aktiv form, medan andre mål ofte kan bruka meir passiv form. Aktiv form er til dømes: Han gjorde det. Passiv: Det vart gjort av han. Å skriva i aktiv kan ein naturlegvis gjera også på bokmål, og det blir gjort, men på nynorsk er dette ein del av skrivestilen. Eg var ein gong på engelskkurs i London for juristar. Der lærte me at teksten skulle gå i passiv. Dvs. at dette kom fram etter at eg tok det opp. Eg føreslo at ein heller burde skriva i aktiv, fordi dette gav ein lettare stil. Men nei. Engelsk jus skulle skrivast i passiv. Eg prøvde å visa til den norske språkstriden i 100 år, der dette kom inn. Og at ein stilist som Winston Churchill brukte mest aktiv form. Men det var som å skvetta vatn på gåsa.

Min fremste lærar i skriving av juridiske tekstar var professor Knut Robberstad frå Bømlo. Han heldt kurs for oss studentane kvart år, og eg var med på kurset fleire gonger. Og metoden var å ta for seg lovtekstar på bokmål og omsetja dei til nynorsk. Her galdt det naturlegvis eit høgt språkleg presisjonsnivå. Her måtte ein bl.a. gjera den nynorske teksten like klår eller like uklår som bokmålsteksten var, og det var ikkje alltid så enkelt. Vårt poeng var å omsetja teksten, ikkje å tolka den. Men i omsetjinga låg også ei omsetjing til nynorsk stilbruk.

Når eg ser tilbake på det målstrevet eg har vore gjennom, kan ein spørja om utbyttet svarar til strevet. Alle dei ekstratimane som har gått til omskriving og omskriving og atter omskriving av tekstane kan visa lite att i tekstane sjølv. Robberstad var oppteken av omskriving, slik at ein fekk bort mest mogleg av unødvendige ord. Det er dårleg språk når ein må vassa i ord. Aller verst er det å vassa i ord i nynorske tekstar. Robberstad sa det slik: Først skriv eg teksten ut ein gong, og byggjer den opp. Så skriv eg den ein gong til, og då blir teksten større. Deretter ein gong til, og nå stryk eg unødvendige ord og avsnitt, og spissar problemstilling og grunngjeving. Då blir den vanlegvis mindre. Og så til slutt kanskje endå mindre. Men ein må ikkje driva dette for langt. Ein må ikkje «dra opp stigen» for lesaren.

Ofte har eg brukt lang tid på ein tekst. Men eg har ofte trøysta meg til snigelen i Olav H. Hauges dikt: Kven svarten spør om farten når berre leida er rett. Eg trur resultatet kjem til uttrykk ved ulike former for tilbakemeldingar frå lesarane, når ein er så heldig å få tilbakemeldingar. Særleg når studentar og andre finn nytte og verdi i tekstane. Kanskje lesaren blir så oppteken av stoffet at han les utan å merka at tekstane er på nynorsk. Eller når dei rett ut seier at tekstane hjalp dei til å forstå.

Til slutt nemner eg at ein juridisk tekst skal ha eit høgt presisjonsnivå. Dette har me vore inne på ovanfor fleire stader. Dette gjeld på alle plan, frå studentoppgåver til lærebøker, frå lov til dom, osv. Og her gjeld ikkje minst: Å styra tonefallet i ei setning. Styling av tonefallet er ein viktig del av skriveteksten. Dette gjeld begge mål. Tonefallet

kan vera avgjerande både for den som skal få meiningsinnhaldet fram til andre, og for den som skal oppfatta det. Det blir spørsmål om ei form for lydoverføring frå forfattar til lesar, utan lyd. Her er ordstillinga viktig. Sett på spissen kan ein bruka eit døme frå adopsjonslova. Lova seier i § 5: Den som er gift, kan bare adoptere sammen med sin ektefelle. Denne setninga kan ha to tydingar, avhengig av kor ein legg tonefallet. Legg du tonefallet på uttrykket «bare adoptere», får du fram at adoptering er det einaste ektefolk kan gjera saman. Men alle veit at dei kan gjera også andre ting saman. Det lovgjevaren vil ha fram, ligg i orda «bare sammen», altså at tonefallet blir lagt på ordet «sammen». Denne meiningsskilnaden mellom dei to tydingane kan ein styra unna ved å endra ordstillinga. Ein flytter ordet «bare»: Den som er gift kan adoptere bare sammen med sin ektefelle. Endring i ordstillinga fører altså til at tonefallet blir lagt på ordet «sammen».



Målprisen i 2007 gjekk til Nils Nygaard.

Få deg ein nynorskfadder!

*Av Ingvild Risnes Skeie**

Treng fakultetsoppgåva eller masteroppgåva di språkvask, eller har du lyst å betre språkbruken din meir generelt? Er det lenge sidan du har fått friske og kritiske innspel til språket i tekstane dine? Eller ynskjer du nokon å diskutere formuleringar og omgrep med?

Gjennom Juristmållaget kan du få ein personleg nynorskfadder som kan nyttast til alt dette. Det er ei kjent sak at ein ofte ser seg blind på eige arbeid. Då kan det vere svært nyttig å få eit par friske auge til å sjå på tekstane dine, slik at du kan få oppklarande og kanskje kritiske spørsmål, med tanke på både språk og innhald.

Reint praktisk går ordninga ut på at studentar eller andre som ynskjer ein fadder, melder frå om dette til Juristmållaget, som så koplar saman eit fadderbarn med ein fadder. Til nynorskfaddereren kan ein senda tekstar for å få tilbakemelding. Kva faddereren skal konsentrere tilbakemeldinga om, og kor detaljert denne skal vere, er opp til dei enkelte. Nynorskfaddereren kan brukast mykje eller lite. Ein vel sjølv kor mykje ein skal nytte seg av tilbodet, men dette må sjølvsagt skje i samråd med faddereren ein har fått tildelt. Ordninga er frivillig og basert på dugnad. Dei fleste er fadder på same tid som dei har ein fadder sjølv.

Eldre studentar kan til dømes vere fadder for yngre studentar, medan juristar i arbeidslivet kan vere fadder for dei eldre studentane.

* Forfatterinna, f. 1984, er oppvaksten i Norheimsund, Hardanger. Ho fullførte mastergraden ved Universitetet i Bergen hausten 2009 og arbeider på sekretariatet for Forbrukartvistutvalet.

Av denne grunn kan ordninga med nynorskfadder føra til at det blir knytt sterkare band mellom medlemane i Juristmållaget. Sterkare band fører til betre samhald, som igjen er viktig for det vidare arbeidet og aktivitetane til Juristmållaget. Ved å knyta kontaktar blir ein gjerne òg meir motivert og engasjert til det vidare arbeidet med både juss og språk. Det å komma i kontakt med andre personar som har interesse for språk generelt, men spesielt det å betre sin eigen språkbruk, skal ikkje undervurderast.

Føremonene med å ha ein nynorskfadder er mange. For studentar er fadderordninga ein unik sjanse til å få ein person med meir røynsle både fagleg og skiftleg til å kommentere språket i fakultets- eller masteroppgåver. Ofte har metode og språkbruk ein klar samanheng, og det kan vera nyttig å få ein meir røynd jurist til å peike på uklare formuleringar eller stille spørsmål ved teksten generelt. Kanskje slit ein med omgrepa i eit spesielt fag eller treng eit språkleg løft før eksamen. Sidan nynorskfadderer oftast er ein jurist som er meir røynd enn deg sjølv, kan du i tillegg få tips om metode og innhald. Sjølv om studieordningane kanskje har ført til betre tilbakemeldingar på oppgåver no enn før, har oppgåvarettarane etter mi erfaring ikkje tid til å kommentera språk og metode meir inngåande enn ein og annan kommentar som «språk!» eller «metode!». Sjølv om ein gjerne er samd i at metoden eller språket kunne vore betre på det aktuelle punktet, er det ikkje gitt at ein ser ei god løysing. Her kan nynorskfadderer vera til god hjelp med sine friske auge. Ei anna føremon er at ein stundom kan få tilbakemelding frå fadderer ein gong, omarbeida teksten og få ny tilbakemelding på same tekst, heilt til teksten er svært god. Ein lærer meir av å arbeida mykje med ein tekst til den nærmar seg det fullkomne. Tilsvarende læringsprosess er vanskeleg å få tilbod om gjennom universiteta. Yrkesaktive juristar treng gjerne òg ein språkvaske i forkant av publisering av artiklar eller treffer på utfordrande bokmålsord i sitt daglege verke som ein gjerne skulle ha diskutert med andre.

Også for fadderer som får høve til å repetera både juss og språk, kan ordninga vera lærerik. Vi har alle godt av å lese andre sine tekstar med eit kritisk blikk. Det er interessant å sjå andre framstillingsmåtar fordi det språklege medvitet då aukar både hjå forfattar og lesar.

Fadderer kan peika på innarbeida feil som forfattaren ikkje er klar over i det heile. Eit døme frå ein deltakarar på skriveseminaret for nokre år sidan kan vera illustrerande. Seminardeltakaren var ikkje klar over at ho nytta uttrykket «i forhold til» feil i tekstane sine. Etter mangfaldige raude ringar rundt denne feilen frå fadderer har dette aldri hendt igjen. I dette tilfelle var det ikkje slurv, ikkje feilvurderingar, men rett og slett at ho ikkje var klar over kva som var rett bruk.¹ Fadderordninga kan føra til fruktbare diskusjonar om val av omgrep, omsetjingar og andre formuleringar. Ein diskusjon er òg eigna til å auka det språklege medvitet.

Sjølv har eg nytta nynorskfadderer min i samband med fakultetsoppgåver under studiet og til språkvask av masteroppgåva. Eg har hatt god erfaring med min fadder og meiner at det har betra mi evne til framstilling av både juss og nynorsk. Tips med omsyn til både språk, metode og materielt innhald har vore nyttig. Til dømes har eg fått råd om å nytte aktiv form i staden for passiv form og å forenkla språket meir generelt. Eg har òg blitt gjort merksam på at eg nokon gonger ikkje strukturerer argumenta mine på den mest føremålstenelege måten. Slike tilbakemeldingar er av monaleg større verdi enn ein enkel og einsam kommentar som «metode!».

Særleg vil eg halda fram føremonene med å delta på det årlege skriveseminaret på Haugastøl, kombinert med å ha ein nynorskfadder. På skriveseminaret får dei som ynskjer det tilbakemelding på ein tekst som er innsendt på førehand. Slik får ein konkretisert råda for betre språk og juss, og ikkje minst medvit med tanke på kva ord ein vel å

1 Rett bruk av «i forhold til» eller «i høve til» har tradisjonelt vore at uttrykket berre kan nyttast der det kan erstattast med «samanlikna med», jf. til dømes stadige oppslag i språkpalta til Per Egil Hegge i Aftenposten.

nytte. Sjølv hugsar eg ei oppgåve der eg diskuterte om statsadvokaten var kompetent påtalemyndighet i samband med ein tiltale eller ikkje. Eg konkluderte med at statsadvokaten var inkompetent påtalemyndighet. Sidan eg hadde sett meg blind på min eigen tekst såg eg ikkje det uheldige i å omtala statsadvokaten som inkompetent. Etter påpeikinga på seminaret gjer eg nok aldri den feilen igjen. I etterkant av seminaret prøver ein gjerne å nytta det ein har lært i ein tekst. Då er det svært nyttig å få tilbakemelding frå fadderane på om ein lykkast i å bruke lærdommen. Som student er det også svært nyttig å få tips om generelle feller det er lett å gå i, slik som val av ord, stor eller liten bokstav og upresist språk.

For meg har det vore svært motiverande å vera i kontakt med andre som har fokus på språk, juss og nynorsk. Det sosiale fellesskapet rundt Juristmållaget har for meg hatt stor verdi i seg sjølv.

Sist, men ikkje minst, vil eg oppfordra alle som kan tenkja seg å ta i bruk den unike ordninga med nynorskfadder, til å ta kontakt med Juristmållaget.



Lars August Kvestad, Ingvild Lillebø, Ingvild Slettebø, Ingvild Risnes Skeie og Ragnhild Høyvik Solheim på Haugastøl januar 2008.

Nynorsk skriveseminar

*Av Ingvild Slettebø**

Juristmållaget skipa for fem år sidan til eit nynorsk skriveseminar. Seminaret vart særst vellukka, og er sidan den gong blitt ein årleg tradisjon. Både jusstudentar og ferdig utdanna juristar kan delta, det einaste kravet er at du har eit hjarte som bankar for nynorsken. Vanlegvis vert seminaret lagt til den siste/nest siste helga i januar, og har dei tre siste åra vore halde på Haugastøl Turistsenter. Her blir deltakarane innlosjerte i flotte leilegheiter med utsikt til nydeleg natur, og med frisk fjelluft rett utanfor døra.

Seminaret byrjar med at deltakarane møtest til eit felles måltid fredag kveld. Ein får då presentert seg og helst på dei andre deltakarane. Deretter er det tid for spørjeleik, og deltakarane blir delte inn i lag. Spørsmåla kan gjelde alt frå kva lokale uttrykk i Årdal tyder, til kor mange ord det er i den nynorske ordlista. Med andre ord, noko for einkvar smak. Erfaring viser at det løner seg å hamne på lag med nokon som har nokre år på baken, dei eldste er ofte framleis best på denne delen av programmet.

På laurdagen blir den faglege delen av seminaret gjennomført. Juristmållaget har kvart år fått dyktige føredragshaldarar til å stille opp. Nokre av desse har endåtil kome attende fleire gonger, og all ære til dei for det. Føredraga har naturleg nok omhandla juridiske tekstar på

* Forfattaren, f. 1983, kjem frå Voss. Dei siste seks åra har ho budd i Bergen. Ho studerte juss ved Universitetet i Bergen og var ferdig i juni 2008. Sidan då har ho arbeidd i sekretariatet til Klagenemnda for offentlege anskaffingar.

nynorsk, og teke opp kva som er godt og dårleg språk, korleis ein kan endre ein tekst til det betre osb. Denne delen av programmet brukar å vere svært lærerik. Ofte blir du gjort merksam på typiske feil dei fleste gjer, og du blir definitivt meir medviten på språkbruken i ettertid. Blant føredragshaldarane opp gjennom åra kan nemnast høgsterettsdommar Karl Arne Utgård, professor Ola Mestad, professor Kåre Lilleholt og direktør for Språkrådet, Sylfest Lomheim.

Ein annan programpost har vore gjennomgang av juridiske tekstar som deltakarane har sendt inn på førehand. Teksten blir då gjennomgått av ein av føredragshaldarane eller ein annan med mykje kunnskap på området, medan resten av gruppa kjem med innspel. Dette er særleg nyttig for studentar, som på denne måten kan få korrigert både språk og juridisk metode.

Under seminaret blir det også drøfta korleis ein del typiske bokmålsomgrep bør omsetjast. For mange studentar er det ei stor lette å endeleg få svar på korleis omgrepet «forutberegnelighet» kan omsetjast («førehandsvisse» og «rettsvisse» er blant forslaga). Kan hende er det også på dette punktet at temperaturen blir høgast. Diskusjonen om ein bør velje «orskurd» eller «kjennelse» er vel heller aldri blitt heilt avslutta?

Når det faglege programmet er over, er det tid for middag og sosialt samvere. Måltida på seminaret er eit kapittel for seg sjølv. Her talar vi om rykande ferskt brød, deilige heimelaga supper, spanande middagsrettar, og ikkje minst vafler og kaker i stort mon. For studentar som er vane med nudlar og pulverkaffi, er seminaret utvilsamt eit kulinarisk høgdepunkt. Ettersom det heller ikkje kostar mange kronene å delta på seminaret, får du mykje att for pengane denne helga.

På festen etter middagen er det blitt tradisjon med allsong frå songboka til Noregs Mållag. Kjende og kjære songar kjem som perler på ei snor, og stemninga og patriotismen stig til nye høgder. Det er også på dette tidspunktet av kvelden at slagordet til Juristmållaget ljomar stadig oftare: «Takk Ivar Aasen, til åtak!».

På sundagen er det felles frukost, og skitur i flott natur for dei som ynskjer det. Deretter er det på tide å reise kvar til sitt, og vone at ein møtest igjen på seminar til neste år.

Skriveseminaret er blitt eit flott samlingspunkt for juristar som er nynorskbrukarar. Det faglege utbytet er høgt, anten du er med for fyrste gong, eller har vore med fleire gonger tidlegare. I tillegg vert ein kjent med mange hyggelege og dyktige juristar frå heile landet. Eit fruktbart resultat av dette, er at ei gruppe juristar som vart kjende med kvarandre på skriveseminaret, i haust starta opp ei avdeling av Juristmållaget i Bergen. Oppmodinga må difor vere at alle som tykkjer dette høyrst det minste interessant ut, melder seg på neste seminar. Og sist, men ikkje minst: Takk Ivar Aasen, til åtak!





Ola Mestad held føredrag på skriveseminar på Haugastøl.

Nokre Stavang-ord om Einar Stavang

*Av Endre Stavang**

Einar Stavang vart fødd 20. november 1898 i Bru. Faren Henrik var lærar, og han fekk ein post i Rennesøy og vart nokre år seinare skulestyrar i Heddal. Einar vaks upp der saman med faren, mora Jensine og fem syskjen. Faren var kyrkjesongar, fråhaldsmann, målmann og venstremann. «Å, herregud ...», utbraut ei Oslojente inngifta i familien då Einar om lag 90 år gamal fortalde dette. Då log Einar godt, vel kjend med Oslo som han var. Det låg nok òg sjølvironi i latteren. Einar sjølv var fråhaldsmann, målmann og arbeiderpartimann med vri mot Vestlands-Venstre.

Til juridisk embetseksamen i 1924 skreiv Einar oppgåvene på nynorsk alle elleve eksamensdagane. Under studiet hadde han hug for Nikolaus Gjelsvik og hans arbeid, særleg *Innleiding i rettsstudiet*. Men før han kom så langt, hadde han treft Marie Vinje Baugstø, seinare Stavang, og mellom anna arbeidt som lærar og bladmann, spela teater og sett om ei lærebok i matematikk til nynorsk. Han tenkte på trygdematematikk før han slo inn på lov og rett.

Etter eksamen drog Einar og Marie til Flora. Der budde om lag fjorten hundre sjeler på den tid. Einar var sakførar, og Marie jobba som lærar. I 1928 fekk dei Per, og i 1932 kom broren Mattis til verda. Men Einar passa også på sine eigne brør. Med utkomet frå sakførarverksemnda

* Forfattere, f. 1964, er frå Grorud i Oslo. Han er førsteamanuensis ved Universitetet i Oslo og har vore gjesteforskar ved Senter for grunnforskning (1994–1995) og ved Yale Law School (1995–1996), advokat i Norsk Hydro (1999–2003) og konstituert dommar i Borgarting (2003–2004).

dekte han mykje av kostnadene til studia ved NTH for den neste broren i rekkja. Støtta vart gjeve på vilkår av at broren så hjelpte neste bror på same vis. Slik fekk tre brør høgare utdanning.

Samstundes vart Einar politisk og fekk etter kvart fleire viktige stillingsyrke, så som medlem i bystyre, formann i skulestyret og formannskap og til sist ordførar i 1940 og 1945–46. Flora ligg rett nord for Stavang, og det er i Flora Einar, Marie og Mattis ligg gravlagde. Einar reiste mykje rundt i Sogn og Fjordane og førte saker, og til det siste las han ei rekkje lokalaviser derfrå, t.d. Firdaposten, Fjordenes Tidende, Firda Tidend og Gula Tidend. I 1945 vart han tingmann frå fylket, og i 1946 vart han sorenskrivar i Førde. Han hadde vikar når han satt ting, men var skrivar frå fyrste dag i alle dei lange tingferiane. Då han slutta som skrivar i 1968, måtte han ut or skrivargarden og bygde hytte i Vevring ved fjorden der Gjelsvik vaks opp. Der var han siste gong i 1990, ein juli med mykje sol over fjorden og fjellet med snjo i syninga. Som tingmann frå Sogn og Fjordane vart han attvald fem gonger og heldt det fyrste mandatet frå fylket i tjuge år.

Ei viktig sak i den fyrste tida på tinget etter krigen galdt om ein i ettertid skulle opne for å ta livet av nokre som hadde brote lovbod under krigen som ikkje då klårt kunne føre med seg dødsstraff. I krigs- og okkupasjonstida hadde Einar tidleg kome med i motstandsørsla, og han vart arrestert og halden innesperra på fangeleiren Grini det meste av året 1943. Trass i dette røysta han og nokre få andre mot dødsstraff (sjå Dahl s. 206). Han vart med kvart vidgjeten for å ville forsone motstandsfolk og landssvikarar (sjå faksimile frå Verdens Gang 1956 innteken her). Noko seinare kom EEC på dagsordenen, og då ville han ikkje at Noreg skulle bli med i den klubben. Han sa klårt i frå, og dette standpunktet heldt han så fast på livet ut. Slikt førde nok til at Einar ikkje hadde mange politiske vener i den delen av Gerhardsen-riksstyret som var mest opptekne med utanriks- og tryggleikspolitikk – og truleg ein og annan uven. Me veit til dømes at Jens Haugland var så forarga på Einar at han skreiv at slike som Einar, heller enn slike som t.d. Finn Gustavsen, skulle ha vore ekskludert frå partiet. Sjå Haugland s. 239. Og

ei soge fortel at partiet på Youngstorget ville gripe inn i nominasjonen i Sogn og Fjordane. Dei sende difor eit sentralstyremedlem på oppdrag, men han rakk ikkje fram av di båten fekk motorhavari. Då folk spurte kva han gjorde på kaia, har det vorte fortalt at han var etter måten flau. På hi sida hadde Per Borten stor tiltru til Einar,¹ og Borten-riksstyret sette han til å arbeide med kontroll av dei løynlege tenestene saman med Mellbye og Jon Austrheim. I det arbeidet tok han mellom anna klårt til orde mot romavlytting. Om Haugland då vart enno meir ute av seg, veit me ikkje.

Einar var sterkt oppteken av statsrett. Ei sak frå den tidlege tida som truleg tirra og pirra, galdt kva fullmakter tinget skulle gjeve i lov om særlege rådgjerder under krig, krigsfare og liknande forhold. Riksstyrets framlegg frå august 1950 møtte motstand. Einar meinte at riksstyrets framlegg burde tole brigde på ei rekkje punkt og gjorde framlegg om det i justisnemnda då ho handsama saka. Sjå Lyng s. 210–211. Elles tok han presedensar for saksføreavinga alvorleg. Mellom anna hjelpste han nemndsekretæren Ingjald Ørbech Sørheim mot slutten av 1960-åra til å finne mønster for avgjerds måten i ei vanskeleg sak. Einar forsvann ned i arkivet og dukka opp med ei over femti år gamal sak som ga rettleiing. Dette fortel Ørbech Sørheim med stor innleving no nye førti år etter. Elles kan nok Einar si interesse for statsrett og statssed ha smitta over på sonen Per, sjå særleg boka *Storting og regjering* frå 1999, som er tileigna minnet om Einar Stavang.

Økonomen Einar Stavang er truleg mindre vidgjeten. Han tente sine fyrste slantar nokre få år gamal då han hjelpste til med ei kvegdrift. Lukkeleg kom han heim med ei flaske mineralvatn, men då fekk han streng ordre frå faren Henrik om å levere tilbake flaska og ta vare på slantane. Denne historia tydde nok ein del, for me fekk høyre den upatt i familieordskifte om økonomiske spørsmål. Han nemnde og ved

1 I eit intervju i Arbeiderbladet 14. august 1969 nemnde Per Borten særskilt Einar Stavang særskilt som ein politikar han sette pris på: «Han er en rettlinjert mann som jeg har stor respekt for.»

sume høve korleis pengepolitikken i tjugeåra verka for gardbrukarar, og han var i høg alder uppteken av fåren for ei ny stor finanskrisse. Denne interessa for økonomi kom truleg godt med, for han var administrerande direktør i Kinn Sparebank frå 1945 til 1962 og styremedlem i trygdelaget Andvake.

Då Einar kom på tinget i 1945, hamna han ikkje i finansnemnda, men i justisnemnda. Der var han lenge nestleiar, men så leiar dei siste fire åra (1965–1969). Grunnen var at leiarkabalen i desse åra (då som no)

Stortingsprofiler 100



PEWRS Stortinget oktober 1916

Einar Stavang har frem for noe gjort seg kjent på Tinget med sitt målstreiv og sin forsonlige holdning overfor landsvikerne. Han må være Norgesmester i å finne nynorsk oversettelse av fremmedord, riktignok ofte lagt opp med et stenk av gjettekonkurranse. Ja, for det er vel ikke alle gitt uten videre å være på det rene med at buslit betyr konkurs? Sitt upopulære syn på landsvikerne har han forsvart med ubrytelig konsekvens, og ingen kan være i tvil om at det ligger idealistiske motiver til grunn for hans holdning. Han er i det hele preget av et mildt og humanistisk syn på mennesker og hendinger, og derfor har han en stor oppgave i justiskomiteén, som han er medlem av. Stavang er forøvrig jurist. Han er sorenskriver i Sunnfjord og representerer Arbeiderpartiet. Hans vel underbygde innlegg, klart formet på godt mål, interesserer alltid.

Verdens Gang 26. oktober 1956

gav opposisjonen formannsplassen i justisnemnda. I 1965 vann Borten valet, og avgående justisminister Jens Haugland tenkte nok at han var rette formann, men det gjekk skeis på gruppemøte 6. oktober 1965. Det var den kvelden han skreiv i si dagbok at han meinte Einar skulle ha vore ekskludert frå partiet, sjå ovanfor.

Ein annan praksis – som sprang ut av noko Hambro fann på i tjugeåra – er at saksordføraren rår over lovmålet. Dette var eit lukkeleg eller ulukkelig samantreff, alt etter synet på målsaka. Det gjorde at Einar rådde over målet i mange lover. Nokre gonger sette han om bokmålsframlegga frå regjeringa. Andre gonger la han berre inn einskilde brigde. Det siste var særleg tilfelle der framlegga skreiv seg frå Sivillovbokutvalet som vart leia av professor Knut Robberstad. Han passa på at riksstyrets framlegg ikkje resulterte i for store avvik frå dei gode formuleringane frå Robberstad sitt utval. Han laut då tole at riksmålsfolk mellom anna fann på uttrykket «Stavang-mål», og at nokre målfolk, som til dømes Jens Haugland, sokk i knea. Sjå Haugland s. 83, der han siterer Meisdalshagen på at «for dykkar skuld blir namnet vårt spotta mellom heidningar». – Likevel spurde saksordførarar i andre nemnder om han kunne stå dei bi med skrivarbeidet. Det gjorde han til gangs, til dømes ved utarbeiding av innstillingar frå finansnemnda. Han hadde nok sans for slikt arbeid, men det var òg eit monaleg offer. Eg trur han som andre var mykje meir uppteken av innhaldet i lovene og i politikken. Men til sume tider er det naudsynt å vere fin i forma. Som døme kan ein nemne grannelova § 9, som seier at skadebot berre kan krevjast for det økonomiske tapet som skriv seg frå at nokon har brote ei tolegrense etter §§ 2 til 5. Her hadde lovdeildi i lovutkastet sagt at skadebot kunne krevjast for skade eller ulempe, men det uttrykket femner om all ugagn og uhugnad. I proposisjonen var det samstundes heilt klårt at den vanlege regelen om økonomisk tap som vilkår for eit skadebotkrav var meint å gjelde. Dette hang ikkje i hop, og Einar skreiv difor om lova.

Eg hadde ikkje byrja på skule då Einar var ferdig som tingmann, så eg kjende han mest som pensjonist. Mi røynsle er at han fylgde med

til det siste. Han kunne vere bitande i replikken, som då han såg meg som student med ei bok i rettsøkonomi i fanget: «Kva er det for slags kokebok?», small det. Då eg skulle skrive sjølvvald oppgåve, kasta han fram tanken om å sjå på eigehøve mellom folk som deler bu, men emnet var alt teke. Han trekte og fram gjerde- og beitespørsmål. Heller ikkje det har eg til no gjort noko med, men det er eit godt emne, sjå mellom anna boka til Robert C. Ellickson frå 1991. Han skipa òg eit utdanningslegat som dekte noko av kostnadene i samband med mitt studieopphald ved Yale Law School. Og dei siste åra gjekk vi turar saman og prata om dette og hitt.

Til sist vil eg freiste å kaste ei strime av ljøs over korleis Einar filosoferte over samfunnsspørsmål. Han gjorde mykje, men las òg ein god del. Av dei leseråd han gav til folk som kjende dei stod åleine eller mot ei overmakt, var boka til Le Bon frå 1896. Ho gjev eit noko kynisk og nokså kritisk bilete av massane og psykologien deira. Le Bon skriv mellom anna at folk som opptrer i massar gjerne let seg leie når folk på toppen nyttar lure ord. Einar sjølv var del av den største masserørsla i førre hundreåret. Og denne rørsla greip makta med store ord og planar for å styre og endre samfunnet. Slik Einar las og streka i boka, trur eg han var tolleg tvisynt til dette. Både Le Bon og Einar frykta naiv «social engineering». Lover og seder har mange årsaker, og ein bør ikkje leike for mykje med dei frå toppen. Det kan og vere vågsamt å gripe for mykje inn mot folk flest, kvar og ein må finne si måte å leve med og i dei. I dette ligg ei åtvaring mot freistnader til styre ved manipulasjon. Men Einar var ikkje lagnadstenkar. Han var stoisk, men ville òg mykje.

Kjelder:

- Dahl, Hans Fredrik, Dødsstraffen i Norge, I: Hannu Takala og Henrik Tham (red.), *Krig og moral. Kriminalitet og kontroll i Norden under andre verdenskrig*, Oslo 1987.
- Ellickson, Robert C., *Order Without Law. How Neighbors Settle Disputes*, Cambridge og London 1991.
- Erdal, Leiv, Einar Stavang til minne, *Jul i Sunnfjord*, 1992.
- Haugland, Jens, *Dagbok frå Kongens råd*, Oslo 1986.
- Le Bon, Gustave, *The Crowd. A Study of the Popular Mind*, London 1896.
- Lilleholt, Kåre, Einar Stavang 80 år, manuskript av 9.10.78. (Trykt i Gula Tidend)
- Lilleholt, Kåre, Einar Stavang 90 år, *Gula Tidend* 19.11.88.
- Lyng, Jon, Brytningsår. Erindringer 1923–1953, Oslo 1972.
- Stavang, Per, *Storting og regjering. Om instruksar frå Stortinget til regjeringa*, Bergen 1999.

Nynorsk i påtalemakta, finst det?

*Av Bente Staven**

Ja, det finst. Så vidt det er. I 1991 kom det ut eit lite rundskriv. Det var frå Riksadvokaten, og det var på nynorsk. Etter at eg slutta i påtalemakta, har det kome enda eit. I 2006 kom Riksadvokaten med nok eit rundskriv på nynorsk.

Eg tenkte eg kunne skrive litt frå mine opplevingar som jurist i politiet. Eg veit ikkje retteleg om eg kunne kalle meg ein nynorskjurist i politiet. Det kan vel ingen? Til det er tilhøva ikkje lagde til rette. Det hende likevel av og til at eg let mal vera mal, og skreiv eitt og anna på nynorsk.

I tillegg til å vende blikket tilbake har eg gjort ein innsats for å oppdatere meg. Ein artikkel som omhandlar spørsmålet om nynorsk finst i påtalemakta, blir heller lite aktuell om han ikkje skildrar situasjonen i dag.

I 1995–2003 var eg politiinspektør ved Fjordane politidistrikt. Dette politidistriktet var såkalla pilot på BL. BL er ei forkorting av ordet basisløyisingar. BL er politiet sitt elektroniske saksbehandlingsverktøy for straffesaker. BL er dessutan eit viktig kommunikasjonssystem i politiet. Gjennom BL tok politiet i bruk felles malar for dokument til

* Forfattern kjem frå Namdalseid i Nord-Trøndelag. Cand. jur ved Universitetet i Oslo våren 1985. Helgeland politidistrikt (1985–1988): politiadjutant og påtaleleiar (politimeisterens næraste underordna); Utrøndelag politidistrikt (1990–1995): politiadjutant; Fjordane politidistrikt (1995–2003): politiinspektør og påtaleleiar (politimeisterens næraste underordna); dommarfullmektig ved Inderøy heradsrett (1988–1990); tingrettsdommar ved Sør-Trøndelag tingrett (2003–).

bruk under etterforskning og påtalebehandling. BL vart teken i bruk i 1996. Ved innføringa fanst det ikkje dokumentmalar på nynorsk. Det gjer det heller ikkje i dag.

I dag er det Politiets Data og Materiellteneste (PDMT) som administrerer BL. PDMT har ikkje lagt inn nynorskmalar i BL. Dette har PDMT heller ikkje fått beskjed om. PDMT tek imot tingingar og prioriteringar til forvaltning og vidareutvikling av BL frå Politidirektoratet (POD). POD har etablert eit forum som diskuterer og tek opp behovet for å gjera endringar i BL, det såkalla Rådet for elektronisk samarbeid i politiet og den høgare påtalemakta (RESP). Dette er eit tverrfagleg og tverretatleg råd som m.a. arbeider med endringar i BL/STRASAK, og som har ein rådgjevande funksjon overfor POD.

Eg kan hugse at eg ein gong fekk Politimeisteren i Fjordane til å skrive brev til Politidirektoratet og be om å få lagt inn malar på nynorsk i BL. Eg hugsar enno datoen da svarbrevet kom. Kanskje ikkje så rart, ettersom svarbrevet vart innstempla den 24. desember i 1999. Årets julegåve dette året med andre ord. Svaret gjekk kort og greitt ut på at utarbeiding av malar på nynorsk ikkje kom til å bli prioritert i år 2000. Malar på nynorsk har heller ikkje i åra etterpå kome høgt nok opp på prioriteringslista.

Så langt, tretten år etter innføringa, har innarbeiding av nynorskmalar ikkje blitt prioritert til fordel for andre endringar i BL, og – ikkje minst – politiske prioriteringar. Det er mykje anna ein har måtta prioritere. Lovendringar skjer stadig, og det gjeld å følgje med. Dessutan har den overordna påtalemakta no teke i bruk BL, med den innarbeidinga dette har skapt behov for. Ein er no i gang med å utarbeide eit nytt straffesakssystem. Viktige endringar vil bli utsett i påvente av kravspesifikasjonar til dei nye systema. POD har mange prosjekt gåande. Kanskje kan ein håpe på at einskilde malar på nynorsk vil bli utvikla i samband med igangsetjinga av det nye straffesakssystemet.

Det er sjølvsagt grunn til å undre seg over at sentrale malar på nynorsk enno ikkje finst i BL. I domstolane sitt elektroniske saksbehandlingsverktøy, Lovisa, er det utarbeidd malar både på nynorsk og

bokmål. Slik har situasjonen vore nesten heilt sidan Lovisa vart innført i 2003. I domstolen finst t.d. ein mal for å skrive eit vedtak om ransaking på nynorsk. Ein slik mal må påtalejuristen fint greie seg utan.

Det kan hende det i dag finst lokale malar på nynorsk i politiet. Det er slik at kvart av dei tjuesju politidistrikta i landet eig sine egne malar. BL har tjuesju serverar, ein for kvart politidistrikt. Likevel skal det ganske mykje ekstra innsats til for at ein påtalejurist skal begynne å gjere jobben sin på nynorsk. Det er lagt opp til at all straffesaksbehandling skjer gjennom BL. Det er ikkje slik at dei sentrale malane i BL ikkje kan skrivast om. Dokumentet blir først verna mot omskriving når det er gjort ferdig. Problemet er tidsbruken. Ei omsetjing til nynorsk krev ekstra tidsbruk, og det freistar dei færraste å bruke tid på dette samtidig med at saksbunkane veks.

I tillegg til BL finst det eit system som blir kalla STRASAK. Det er ein elektronisk versjon av den tidlegare manuelle justisprotokollen i politiet. Frå STRASAK, som kom før BL, kan ein få ut ein del maskinelle underretningsbrev på nynorsk, slike som t.d. gjeld stadfesting av meld sak eller underretning om at ei saka er lagt bort av bevisgrunnar. Slike underretningar føreset at det under saksregistreringa er haka av for bruk av nynorsk som målform.

Erfaringa frå tida i politiet er at det var lett å gøyme seg under regelen i målbrukslova § 2 andre ledd. Av denne regelen går det fram at reglane i målbrukslova ikkje gjeld i rettsstellet. Og i påtalemakta er ein svært bevisst på å vera ein del av rettsstellet. Tiltalevedtak, siktingar og førelegg blir, på lik line med dommar, sett på som åndsverk. I slike åndsverk er det åleine utferdaren som innestår for den språklege utforminga. Ingen treng spørje den tiltalte om kva målform han eller ho ynskjer tiltalen på. BL legg opp til at tiltalevedtak, siktingar og førelegg berre trengst på bokmål. Sjølv nynorske lovtekstar er omsette til bokmål. Den som blir tiltalt for brot på reglane i dyrevernlova, slepp dermed å måtte lese lovteksten i tiltalevedtaket på nynorsk. Det har BL ordna med. I den norske lovsamlinga, Norges Lover, finst ikkje mange straffebed på nynorsk. I BL finst det – etter det eg veit – ingen.

Regelen i straffeprosesslova § 252 nr. 3 er nok ikkje til hinder for at ein nynorsk lovtekst blir omsett til bokmål, når eit tiltalevedtak skal utformast. Det er tilstrekkeleg at tiltalevedtaket opplyser kva straffebod som blir påstått brukt. Innhaldet i straffebodet skal berre gjengjevast så langt innhaldet betyr noko for saka. Det er ikkje uvanleg å gje eldre lovtekstar ei meir moderne utforming.

Sjølv om alle malar i BL berre er på bokmål, er det særleg ein mal eg kan tenkje meg å trekkje fram: malen for førelegg. Svært mange får – før eller sidan – eit førelegg i posten. I tillegg til lovtekst og gjerningsgrunnlag inneheld førelegget ei lengre orientering til mottakaren om konsekvensane av å vedta førelegget. Ei slik standardorientering burde absolutt liggje føre både på bokmål og nynorsk. Det er mogleg at einkvan lokal påtalejurist har laga lokale omsetjingar av slike orienteringar. Dette har eg ikkje har kjennskap til.

Eg har grunna litt på kvifor nynorskefolk er så snille med politiet. Eg har aldri nokon gong høyrte at nokon har nekta å forklara seg for politiet med mindre forklaringa blir nedteikna på nynorsk. Jo forresten, eg meiner å ha høyrte om ein lensmann som nekta å forklare seg til det særskilde etterforskingorganet for politisaker om ikkje forklaringa hans vart nedskrive på nynorsk. Om det er sant, veit eg ikkje. Ein mistenkt kan alltid nekte å forklara seg for politiet. Det same kan eit vitne. Dermed burde det vera mogleg for den som skal avhøyrast, å setje premissar for avhøyrast. Ingen kan forvente at etterforskaren spør om målform. Etterforskaren er berre opplært til å orientere om nektingsretten og til så å spørje om vedkomande vil forklare seg.

Under mi tid i politiet, ikkje minst da eg jobba ved Fjordane politidistrikt, tok eg ein gong i blant initiativ til å skrive nynorsk under utføring av påtalearbeidet. Ein konsekvent bruk av nynorsk blir for ein som ikkje finn det altfor forferdeleg å måtte skrive på bokmål, litt for tidkrevjande. Ein gong i blant derimot, når eg kjende eg hadde tid og humør til det, tok eg meg tid til å skrive nynorsk. Det var berre så synd at i mange tilfelle var det berre vedkomande statsadvokat som

fekk glede av å lesa påteikninga mi. I blant låg nok glede ved å sjå ei påteikning på nynorsk, åleine på mi side.

Det hende nokre få gongar at eg sende over siktingar, utforma på nynorsk, som skulle tene som utkast til det tiltalevedtaket ein statsadvokat skulle utferde. Det kunne da hende at statsadvokaten likevel skreiv tiltalevedtaket på bokmål. Da var liksom alt bryet bortkasta. I eit slikt tilfelle opplevde eg ein gong å sjå ordet «lægemedelloven» skrive med bokstaven «æ».

Som regel vart jo slike siktingar sende inn på bokmål. Også i slike tilfelle kunne ein lett bli forarga når tiltalevedtaket som ein hadde å gå i retten med, kom tilbake. Kor mange gongar skjedde det ikkje at Strandgata i Flora kommune vart omdøyppt til «Strandgaten»? Da vart vel Storgata i Molde gjerne også heitande «Storgaten»?

For all del, eg skal ikkje skjera alle under ein kam. Eg fekk så vidt oppleva at ei nynorsk sikting enda opp med eit tiltalevedtak på nynorsk, utferda av Statsadvokatane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane. I andre tilfelle, der påtalekompetansen låg hos påtalemakta i politiet, hende det eg skreiv lovteksten på bokmål og gjerningsgrunlaget på nynorsk. Det såg vel kanskje litt rart ut?

Under mi tid i påtalemakta hadde eg inntrykk av at målbruken i påtalemakta var det nesten ingen som brydde seg med. I så måte er det neppe mykje som har forandra seg. Riksadvokaten øver ikkje særleg påtrykk. POD er heller mindre interessert. Justisdepartementet kan ein ikkje la seg imponere av. Frå politisk hald høyrer ein lite. Kultur- og kyrkedepartementet og Språkrådet er det nok ikkje mange som ropar på.

Påtalemakta, og i særleg grad politiet, har ei hierarkisk organisasjonsform. Inn under dette hierarkiske systemet blir det forventa at den einskilde innordnar seg. Ein skal ikkje mukke for småting. Viktige tema, som t.d. språkleg jamstilling, er det heller ikkje enkelt å ta opp. Fleire eldre polititenestemenn eg har snakka med, gjekk over frå nynorsk til bokmål da dei byrja på Politiskulen. På Politiskulen opplevde dei at nynorsk var gjort til gjenstand for katetermobbing.

Det er litt pussig at politiet og påtalemakta, som har til oppgåve å handheve lover og reglar, bryr seg så lite om å følge målbrukslova og forskrifta om målbruk i offentleg teneste. Rett nok er det slik at i det såkalla rettsstellet gjeld desse reglane berre den administrative delen av verksemda. Eit politidistrikt er sjølvsgagt eit regionalt statsorgan, og fleire politidistrikt har nynorsk som administrasjonsmål. Inntrykket etter mange års arbeid i politiet er at dette er sær s lite påakta.

For ein som er på jakt etter nynorsk i politi- og påtalemakta, burde internett vera interessant lesing. Ein skal saumfare internettsida www.politi.no nokså grundig for å finne artiklar på nynorsk. Når ein ser bort frå presentasjonen av einskilde politidistrikt og lensmannskontor under vignetten «Kontakt oss», er nynorsken så å seie fråverande. Men det let seg gjera å finne ein artikkel på nynorsk. Den einaste eg kunne finne på nynorsk, var ein nyhendeartikel om eit føredrag ein polititenestemann frå Salten politidistrikt hadde halde. På politiets internettside finst elles mykje nyttig informasjon retta mot publikum. Publikum må finne seg i å lese denne informasjonen på bokmål. Rettleiingar på nynorsk finst ikkje.

I den høgare påtalemakta står det litt betre til. På internettsida www.riksadvokaten.no finst i det minste ein parallell presentasjon av den høgare påtalemakta i Noreg, og organiseringa av denne, på bokmål og nynorsk. Med Økokrim var det derimot verre. Det er sjølvsgagt mogleg at eg ikkje har leita godt nok etter, men eg kunne ikkje finne eit einaste ord på nynorsk under gjennomgangen av internettsida www.okokrim.no. Derimot vart eg positivt overraska da eg tok tryggingstenesta i nærare augesyn. Etter internettsida www.pst.politiet.no å døme kan det godt hende einkvan der har sett seg inn i regelverket om målbruk i offentleg teneste.

Til kamp! Nynorsk som rettsspråk før, no og i tida som kjem*

Av Jørn Øyrehagen Sunde**

Framveksten av nynorsk som rettsspråk

I 1885 vedtok eit samla Stortinget med 78 mot 31 røyster at lands- og riksmål, frå 1929 kalla nynorsk og bokmål, skulle vera jamstelte.¹ Ein av dei som tok til ordet mot ei slik jamstelling, var høgsterettsadvokat, redaktør av Norsk Retstidende og seinare statsminister Emil Stang, som hevda at landsmålet i beste fall kunne tena som eit hjelpemiddel for «de Børn, der endnu ikke forstaar Bogsproget, det rette Sprog».² På bakgrunn av dei fordømmar om manglande intellektuelle kvalitetar som landsmålet vart møtte med i 1885, er det ikkje til å undra seg over at det vart nye samanstøyt i Stortinget då det i 1894 vart lagt fram

* Ei stor takk til Ola Mestad og Ernst Nordtveit for gode samtalar i samband med artikkelen, til Gunnar O. Hæreid for gode kommentarar, og til Tore Fjærtøft for utveksling av artikkelutkast og idear.

** Forfattaren er fødd 1972 i Uskedalen i Kvinnherad kommune, har vore professor ved Det juridiske fakultet i Bergen sidan 2007 og professor 2 ved Centre for Medieval Studies og forskar ved museet Baroniet Rosendal sidan 2008. Forfattaren har publisert *Speculum legale – Rettspegele* (2005) og *Den juridiske komedien* (2007), og redigert *Dekalogen* (2008) og *Rendezvous of European Legal Cultures* (2010).

1 *Stortingstidende 1885*: Forhandlingar i Stortinget, nr. 93 og 95, Kristiania 1885, jf. *Storthingforhandlingar i Aaret 1885*, 5. del: Dokumenter, nr. 17, Kristiania 1885.

2 *Stortingstidende 1885*: Forhandlingar i Stortinget, nr. 95, Kristiania 1885: 759.

eit lovforslag på landsmål om at heile Noreg skulle vera del av same tidssone. Log um sams normaltid fyr kongeriket Norig³ var forfatta av stortingsrepresentant Kristofer Marius Hægstad, som frå 1899 var den fyrste professor i landsmål. Diskusjonen i Odelstinget i mai 1894 dreidde seg ikkje om innhaldet i dei to paragrafane i lova, men derimot om språket i den. Stortingsrepresentant Egeberg opna forsiktig med å peika på at det var upraktisk «at lade en Lov skrive paa et Maal, som ikke er Landets almindelige».⁴ Lengre gjekk representant Bonnevie, ein av motsandarane mot jamstelling i 1885,⁵ som kalla det heile eit «demonstrativt Experiment», og peika på at landsmål var «et dagligdags Sprog, som kun omhandler dagligdagse Ting», medan «i en Lov forekommer Ting, som ligger langt udenfor det dagligdagse».⁶ Lova vart til slutt vedtatt samstemt i Odelstinget, men fyrst etter at eit forslag om at lova skulle vera på «Skriftsprog» fall med 44 mot 38 stemmer. Eit oppmoding om at lova måtte publiserast parallelt med ei omsetjing på riksmål vart møtt med eit lakonisk spørsmål frå Hægstad om ein òg ønskte at alle lover på riksmål skulle omsetjast til landsmål.⁷ I Lagtinget falt eit forslag om at riksmålsteksten i den kongeleg proposisjonen skulle leggjast til grunn med 10 mot 18 stemmer, og dermed vart lova vedtatt samstemt der òg.⁸ Fyrst i 1916 kom ei ny lov på landsmål, men det var bare ei endringslov om normaltid. Fyrst i 1920 kom ei ny sjølvstendig lov på landsmål, nemleg Lov um ulukkestrygding for

3 Lov av 29.06.1894. Oppheva med Lov om målenheter, måling og normaltid, av 26.01.2007 nr. 4.

4 *Storthingstidende 1994*, I: Forhandlinger i Odelstinget nr. 66, Kristiania 1894: 521.

5 *Storthingstidende 1885*: Forhandlinger i Storthinget, nr. 95, Kristiania 1885: 761.

6 *Storthingstidende 1894*, I: Forhandlinger i Odelstinget, nr. 66, Kristiania 1894: 522.

7 *Storthingstidende 1894*, I: Forhandlinger i Odelstinget nr. 66, Kristiania 1894: 541.

8 *Storthingstidende 1994*, II: Forhandlinger i Lagthinget, sak nr. 1 04.06.1894, Kristiania 1894: 106–107.

fiskarar.⁹ Eit verkeleg omfang av nynorsk lovgjeving fekk ein for alvor etter 1925 då mellom anna Ketil Skogen vart medlem av Justiskomiteen og saksordførar for fleire lover.

Det tok tid etter jamstillingsvedtaket før landsmål vart aktivt nytta som lovspråk. Men rettsvitenskapen var enno seinare med å opna formelt og reelt for dette skriftspråket. Nikolaus Gjelsvik vart i 1906 den fyrste professor ved Det juridiske fakultet i Oslo som nytta landsmål. Han publiserte småstykkje på landsmål frå 1898, og i 1912 gav han ut *Innleiing i rettsstudiet* som det fyrste juridiske verket skriven i denne språkforma.¹⁰ Boka kom ut i fem opplag, det siste i 1968.¹¹ Her beviste Gjelsvik at landsmål òg eigna seg som eit rettspråk, noko det vart argumentert sterkt mot av mindretalet i både Odels- og Lagting i 1894. For, som Gjelsvik formulerte det:

«I rettsmaalet som i anna maal er ikkje ordi det vandaste, men sjøve stilen. Rettstankane er jamnast enkle og klaare i seg sjølv. Det gjeld berre aa gjeva dei ei enkel og klaar form (...) Det norske folkemaalet er her til stor hjelp, naar ein berre lærer seg til aa nytta dei fyremunene det hev.»¹²

Det Gjelsvik i realiteten her gjer, er å gje status til eit enkelt og klart språk, og samstundes gjera det legitimt å hoppa bukk over heile den tyske omgrepstradisjonen som bokmål er så sterkt knytt til. Den er denne omgrepstradisjonen sin styrke innan rettsvitenskapen som lenge har representert den største utfordringa for den nynorskbrukande jurist.

Gjelsvik haldt førelesingane i tingsrett som diktatførelesingar der han fyrst sa setninga på landsmål og deretter på riksmål, og så fekk

9 Lov av 10.12.1920 nr. 1. Sjå elles Ketil Aasen, «Den fyrste lova på nynorsk», <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraaknytt-22009/Den-fyrste-lova-pa-nynorsk/>.

10 Sjå Kaare Haukaas, «Gjelsvik-bibliografi», *Professor Nikolaus Gjelsvik 1866-1938 – Minneskrift frå Norsk Måldyrkingslag*, Oslo 1968: 40–63.

11 Boka vart i 1968 utgjeven av Nils Peder Langvand og Sverre Thune.

12 Nikolaus Gjelsvik, *Juridisk ordliste – Med ei utgreiding um den juridiske stilen*, Oslo 1929: 5.

studentane notera på den språkforma dei følte seg mest komfortabel med. Same språkomsyn tok han som eksaminator – han spurde ut studentane på deira eiga språkform.¹³ Men Gjelsvik var einsam landsmålsbrukande professor ved Det juridiske fakultet i Oslo, for andre bondesonar frå landsmålsdistrikt som fekk professorat ved fakultetet etter han, som Absalon Taranger og Jon Skeie, valde å skriva bokmål. Knut Robberstad og seinare Gudmund Sandvik var òg einsame nynorskbrukarar som professorar ved fakultetet.

Gjelsvik tok doktorgraden i 1898 på arbeidet «Den norske privatrets lære om vildfarelsens indflydelse paa retshandlers gyldighed». Dette var eitt av dei to kvalifiseringsarbeida han skreiv då han konkurrerte om eit professorat i rettsvitenskap, og begge vart skrivne på riksmål. Og frå det fyrste rettsvitenskaplege doktorgradsarbeid til Oscar Platou i 1876 skulle det gå 85 år før Olav Lid vart tildelt doktorgraden på si avhandling om tomtefeste på nynorsk i 1961.¹⁴ Fram til skrivande stund er tittelen dr. juris i Noreg tildelt på bakgrunn av 259 rettsvitenskaplege doktorgradsarbeid, og bare fjorten er skrivne på nynorsk.¹⁵ Det vil seia at denne språkforma er nytta i omlag 5,5% av alle juridiske doktorgradarbeid. Etter 1975 er det bare ved eit høve disputert på eit doktorgradarbeid på nynorsk ved eit anna juridisk fakultet enn det i Bergen.¹⁶ Og ved dette fakultetet har det til no disputert 10 personar

13 Knut Robberstad, «Um professor Nikolaus Gjelsvik – Vitskapsmannen», *Professor Nikolaus Gjelsvik 1866-1938 – Minneskrift frå Norsk Måldyrkingslag*, Oslo 1968: 20 og 22.

14 Sjå Johan Giertsen, «Juristers doktorgrader 1876 – juni 2009», som kan lastast ned frå <https://www.uib.no/jur/nyheter/2009/06/juridiske-doktorgrader-i-norge-en-total-oversikt>.

15 Opplysningane er gjevne av professor Johan Giertsen ved Det juridiske fakultet i Bergen.

16 Det var professor Ola Mestad som disputerte ved Det juridiske fakultet i Oslo i 1992.

som har skrivde avhandlinga si på nynorsk, og heile fem av dei har disputert frå 2007 og fram til skrivande stund.¹⁷

Den fyrste som tok eksamen på landsmål, var den alt omtalte Ketil Skogen frå Telemark. Det vert fortalt at han på førehand gjekk til professor Gjelsvik og innvia han i den vågale planen. Responsen til Gjelsvik var at «det kan du ikkje gjera, for det er ikkje lov.» Skogen haldt fast ved forsettet sitt og sa «eg gjer det likevel». Gjelsvik, som må ha vore redd for at eit juridisk talent skulle få tapt med ein stryk-karakter, skal ha sprunge etter den sta studenten og ropa: «Eg hev åtvare Dykk!». Skogen skreiv likevel sine elleve eksamensoppgåver på landsmål hausten 1909, og skreiv så godt at fakultetet let han stå.¹⁸ Eksamenskommisjonen skal ha notert på ei av oppgåvene at hadde den vore skriven på menneskemål ville den visstnok ha vore god.¹⁹ Denne haldninga kom ikkje til å endra seg med det fyrste. Fyrstearkivar ved Riksarkivet Magnus Robberstad, bror til den for juristar meir kjende professor Knut Robberstad, var studentrepresentant i styret ved Det juridiske fakultet i Oslo i Fredrik Stang sin siste dekanperiode på slutten av 1920- og byrjinga av 1930-talet. Men han fekk ikkje sagt så mykje: «Me kunde ikkje ta ordet når Stang var med, me som snakka landsmål.»²⁰ Det er den same Stang som var vidsynt nok til å ta initiativ til å oppretta Institutt for kulturstudier, etablert i 1922.

17 I skrivande stund har Ingunn Elise Myklebust og Bjørn-Henning Østenstad levert sine doktorgradsavhandlingar ved Det juridiske fakultet i Bergen på nynorsk.

18 Professor Ernst Nordtveit ved Det juridiske fakultet i Bergen meiner eine sensoren ville gje Skogen 2.15 medan den andre ville stryka eksamenen, og at 2.75 vart eit kompromiss.

19 Historia i si fulle breidde er fortalt av professor Ola Mestad ved Det juridiske fakultet i Oslo. Sjå elles Sverre M. Halbo, *Norges advokater og sakførere 1932*, Oslo 1933: 429 – Skogen, Ketil. Sjå òg *Aschehougs konversasjonsleksikon*, 17. bind: Selsbakk – Stjørna, Oslo 1974: 402 – Skogen, Ketil, og http://home.eunet.no/~nilsneri/kirker/helsing/portretter/skogen_599.htm.

20 Dette vart fortalt av Magnus Robberstad til hans grandnevø, den alt nemnte professor Ola Mestad.

I alle høve etter Lov om målbruk i statstenesta frå 1930 må eit forbod mot å ta eksamen på landsmål ha stått fram som uheimla.²¹ Men denne lova gjaldt ikkje for domstolane si dømande verksemd. Og domstolane har vore enno seinare enn Stortinget og dei juridiske fakulteta med å ta i bruk nynorsk. Den alt nemnte Skogen vart soren-skrivar i Vest-Telemark i 1936, og vart dermed truleg ein av dei fyrste dommarane i Noreg som skreiv nynorsk. Og det er nok i heradsrettane at nynorsken har hatt best kår som domsspråk.²² I Høgsteretts vart det ikkje nytta nynorsk før Knut Robberstad, som konstituert dommar, i 1953 som tredjevoterande formulerte at «eg er einig med dommar Holmboe».²³ Men det var fyrst med tilsetjinga av høgsterettsdommar Karl Arne Utgård i 1999 at ein fekk ein konsekvent bruk av nynorsk i den øvste domstolen.²⁴

I lagmannsrettane fekk ein fyrst ein nynorskbrukande dommar då Sverre Nygaard vart tilsett ved Gulating lagmannsrett i 1959,²⁵ og han nytta utover heile 1960-talet nynorsk i sine vota.²⁶ Frå 1980-talet har ei rad dommarar votert på nynorsk i lagmannsretten på Vestlandet, slik at i dag har det har votert fleire dommarar på nynorsk her enn i alle andre norske lagmannsrettar til saman. I Agder lagmannsrett i Sør-Noreg vart nynorsk fyrst nytta av Asbjørn Nes Hansen i alle høve frå 1990.²⁷ I Hålogaland lagmannsrett hadde Bård Gaarder som mål

21 Lov av 06.06.1930 nr. 22.

22 Nynorsk har nok vore mest nytta som domsspråk i jordskrifterettane, men dommarane her er enno jordskrifte kandidatlar og ikkje juristar.

23 Rt 1953:601. Det er søkt etter høgsterettsdommar på nynorsk i Lovdata ved hjelpa av søkekriteria «saka gjeld», «ikkje» og «kvar».

24 Til dømes høgsterettsdommar Nils Peder Langvand var òg generelt nynorsk-brukar, men skreiv likevel sine vota på bokmål.

25 Opplysningane er gjevne av tidlegare fyrstelagmann Hans Fredrik Marthi-nussen.

26 Fyrst publiserte lagmannsrettsdom der Sverre Nygaard voterte på nynorsk finn ein i RG 1963: 6.

27 Opplysningane er framskaffa ved hjelp av søk i Lovdata, og konfirmert av lagdommar Reidun Wallevik. Wallevik vart sjølv fast dommar i Agder lagmannsrett i 2002, og skriv sine vota på nynorsk.

å skriva to vota i året på nynorsk,²⁸ og nytta nynorsk i alle høve frå 1995.²⁹ Etter Gaarder sin avgang som ordinær lagdommar i 2002 er det fyrst og fremst konstituerte dommarar som har skriva sine vota på nynorsk i den nordlegaste lagsmannsretten.³⁰ Nynorsk har ikkje vorte nytta i Borgarting³¹ eller i Eidsivating lagmannsrett på Austlandet.³²

Nynorsk som rettspråk i dag

Det har altså skjedd mykje dei siste 100 åra når det gjeld nynorsk si stilling som juridisk skriftspråk, og direkte diskriminering er ikkje lenger høgaktuelt. Likevel er det ingen grunn til å lata seg underhalda av nynorsken si kamphistorie som norsk rettspråk. Snarare er det grunn til å lata historia spora til framhald i kampen. Viss ikkje finst ikkje nynorsk som rettspråk om nokre tiår.

Sterkast står nynorsk som rettspråk i lovgjevinga. I dag finst det truleg opp mot 150 gjeldande lover på nynorsk.³³ Sidan det frå 1925 og fram til seinare tid har vore slik at det er saksordføraren som avgjer språkforma i lover,³⁴ så har det variert mykje kor mange lover som vert formulert på nynorsk kvart år. Til dømes var det ingen av 16 lover

28 Fortalt av tidlegare lagdommar Aage Thor Falkanger.

29 Sakene er funne med å søkja på Lovdata på «Bård Gaarder» og «gjeld». Bård Gaarder har òg vore ekstraordinær lagdommar etter at han gjekk av med pensjon i 2003.

30 Richard Saue, Borgar Høgsetveit Berg og Gunnar O. Hæreid har alle som konstituert dommar i Hålogaland skriva sine vota på nynorsk. Takk til Berg og Hæreid for opplysningar som supplerer søk i Lovdata.

31 Opplysningane er framskaffa ved hjelp av søk i Lovdata, og konfirmert av direktør Kari Breirem.

32 Opplysningane er framskaffa ved hjelp av søk i Lovdata, og konfirmert av fyrstelagmann Odd Jarl Pedersen for perioden etter 01.08.1995.

33 Søk i Lovdata sin lovdatabase på «ikkje» gjev eit resultat på 143 ulike lover. Endringslover er ikkje rekna med.

34 Ketil Skogen, «Kring norsk lovmål», *«Med lov skal land byggjast» – Heider-skrift til Knut Robberstad 70 år*, Oslo/Bergen/Tromsø 1969: 170.

som var skrivne på nynorsk i 2004, medan det i 2008 var seks av 21.³⁵ Samstundes skal ein merka seg at Ketil Skogen i 1969 hevda at det fanst omlag 100 lover på nynorsk.³⁶ Omfanget på Samling av norske lover har sidan den tid auka med omlag to femtedelar,³⁷ medan talet på lover på nynorsk ser ut til å ha auka med omlag ein tredjedel. Sidan det her er tale om samanlikning av eit usikkert og ulikt talmateriale får presumpsjonen vera at talet på lover på nynorsk har vore omlag konstant dei siste 40 åra. Men då må det leggjast til at omfanget av lover på nynorsk har vorte mindre,³⁸ slik at ein likevel kan snakka om ein realitetsnedgang. Vidare skal ein merka seg at omlag 15 % av alle forskrifter ser ut til å vera utforma på nynorsk.³⁹ På den andre sida vert NOUar svært, svært sjeldan skrivne på minoritetsspråkforma.⁴⁰

På dei juridiske fakulteta står nynorsk langt mindre sterkt enn i lovgjevinga. Fyrst i 1975 fanst det meir enn ein nynorskbrukande professor i rettsvitenskap i Noreg – då var Per Stavang og Mons Sandnes Nygard professorar i Bergen medan Gudmund Sandvik var det i Oslo. I dag er det fire av 19 professorar ved Det juridiske fakultet i Bergen som nyttar nynorsk som skriftspråk,⁴¹ to av seksti professorar i Oslo

35 Då er ikkje endringslover rekna med.

36 Skogen 1969: 151.

37 Lovmaterialet i Samlinger av norske lover 1682-1969 strekte seg over 2599 sider, medan det i Samlinger av norske lover 1687-2008 dekker 3594 sider, og det til trass for at det er gjort endringar i utforminga slik at lovtekstar i dag tek mindre plass enn i 1969.

38 Sjå artikkelen til Tore Fjørtoft for fleire detaljar og referansar.

39 Eg har kome fram til talet med å søkja i Lovdata sin database med forskrifter etc. på «omsyn» og «ikkje», og med å deretter halda det opp mot resultatet av søk på «hensyn» og «ikke».

40 I til dømes 1998, 2002 og 2008 kom det 21, 22 og 21 NOUar, og ingen av dei var skrivne på nynorsk.

41 Ved Det juridiske fakultet i Bergen vert nynorsk nytta som skriftspråk av professorane Ernst Nordtveit, Erling Johannes Husabø, Tore Lunde og artikkelforfattaren.

gjer det same,⁴² medan ingen av dei fire professorane ved Det juridiske fakultet i Tromsø skriv nynorsk. Dette gjev eit samla tal på seks nynorskbrukande professorar i rettsvitskap av 83, som vil seia omlag 7 %.⁴³ I Bergen er det i tillegg to fyrsteamanuensar, ein post doktor og 8 stipendiatar som publiserer på nynorsk,⁴⁴ slik at 14 av 78 vitskapleg tilsette er nynorskbrukarar, som vil seia omlag 18 %. Som einaste av dei tre juridiske fakulteta er det altså i Bergen mogeleg at talet på professorar som nyttar nynorsk kan koma opp på nivået for nynorskbruk i samfunnet elles. Problemet er at det samla talet på nynorskbrukande professorar likevel er høgare enn talet på studentar som tek eksamen på nynorsk: I Oslo er det omlag 1%, i Tromsø mellom 2 og 3%, medan det i Bergen er knappe 6 %.⁴⁵

Den dømande verksemda til domstolane er framleis ikkje omfatta av Lov om målbruk i offentleg teneste,⁴⁶ sjølv om det var eit tema under lovførearbeidet. Nynorsk har likevel vore nytta som skriftspråk i omlag 250 av dei høgsterettsavgjerder som er publisert på Lovdata.⁴⁷ Det same er tilfellet med omlag 350 lagmannsrettsavgjerder, der over halvparten av avgjerdene er avsagt i Gulating lagmannsrett.⁴⁸ Med

42 Ved Det juridiske fakultet i Oslo nyttar professorane Ola Mestad og Kåre Lilleholt nynorsk som skriftspråk. Det samla talet på professorar har eg fått av forskingskonsulent Herman Strøm.

43 Personar som er professor emeritus eller professor 2 er ikkje talt med.

44 Dette er fyrsteamanuensis Bjørnar Bjorvik og Sigrid Eskeland Schütz, post doktor Jørn Jacobsen, og stipendiat Erlend Baldersheim, Herdis Helle, Eirik Holmøyvik, Maria Veia Lund, Ingunn Elise Myklebust, Knut Einar Skodvin og Bjørn-Henning Østenstad.

45 Tala har eg fått av underdirektør i Oslo Elisabeth Pedersen Lange, studieleiar i Tromsø Kjersti Dahle, og seksjonssjef i Bergen Christine Stoltz Olsvik.

46 Lov av 11.04.1980 nr. 5.

47 Dommane er funne ved søk i Lovdata sin database for lagmannsrettsavgjerder på «saka gjeld», slik at det er bare saker med fulle vota som er rekna med. Dommar som inneheld termen i referat av appellert tingsretts- eller jordskifterettsdom er ikkje rekna med.

48 Dommane er funne ved søk i Lovdata sine databasar for høgsteretts- og lagmannsrettsdommar på «saka gjeld», slik at det er bare saker med fulle vota som

tanke på at Høgsterett avgjer fleire gonger meir enn 250 saker kvart einaste år, og at langt meir enn 350 lagmannsrettsavgjerder vert publisert kvart år, er vota på nynorsk sjeldsynt. Det positive er at nynorskbruken i domstolane i alle høve har vore på klar frammarsj sidan 1990-talet.

Vegen vidare for å redde nynorsk som rettspråk

Nynorsk har altså uomtvisteleg styrka seg som rettspråk sidan 1885. Men bare når det gjeld lovgjeving, vert nynorsk brukt i omlag same grad som språkforma vert nytta av samfunnsmedlemmane elles. I dag skuldast ikkje nynorsk si svake stilling som rettspråk den nedvurderinga av språkforma som eit intellektuelt språk den opphavleg vart møtt med. Paradoksalt nok er situasjonen snudd på hovudet ved at det gjerne vert hevda at nynorsk som rettspråk er for intellektuelt krevjande å nytta – den som vil nytta nynorsk som rettspråk må bruka for mykje av si tid og merksemd på det språklege framfor det rettslege. Denne oppvurderinga har altså ført til ei betring av stillinga til nynorsk som rettspråk, men samstundes er det ingen korrelasjon mellom oppvurderinga og kor mykje betre stillinga har vorte. Dette er kjerneproblemet ein må ta tak i dersom nynorsk skal overleva som rettspråk. Og det hastar med at ein tek tak i problemet sidan ikkje meir enn rundt 150 jusstudentar til ei kvar tid tek eksamenane sine på nynorsk.

Nynorsk som rettspråk møtte altså opphavleg sterk motbør på grunn av ei nedvurdering av språkforma sitt potensiale som instrument til å uttrykka intellektuell refleksjon. Dette vart ettertrykkeleg avvist gjennom virket til juristar som Gjelsvik, Skogen og Robberstad. Dei gjorde det med å utvikla nynorsk som eit svært presist skriftspråk. Alt tant og fjas, som vart assosiert med umedviten omgrepsbruk innan bokmålstradisjonen, skulle ut av språket. I staden skulle det nyttast som

er rekna med. Dommar som inneheld termen i referat av appellert tingsretts- eller jordskifterettsdom er ikkje rekna med.

ein intellektuell skalpell med gravalvor. Nynorsk som rettsspråk vart av dei utforma som skaldevers som var kortfatta men presise. Dette er storverket til den fyrste generasjonen nynorskbrukande juristar.

På langt sikt har følgja likevel vore at det i dag finst omlag like mange juristar som nyttar nynorsk som det truleg fanst skaldar i Noreg i vikingtid. Og på same viset som skaldekvadet, trass sine mange kvalitetar, måtte vika for diktinga gjort i ordrike kontinental tradisjon ved kristninga av Noreg, kan nynorsken som rettsspråk koma til å få same lagnad i høve til bokmål og engelsk under den pågåande internasjonaliseringa av retten. Ein må difor innsjå at den strategi som vart nytta med hell på delar av 1900-talet, i dag verkar mot sin intensjon.

Det finst altså høvesvis mange lover og forskrifter på nynorsk, påfallande få NOUar der denne språkforma er nytta, etter måten mange nynorskbrukande professorar sjølv om dei er få, etter måten mange som har disputert på eit doktorgradsarbeid på nynorsk sjølv om dei er få, etter måten mange dommarar som voterer på minoritetsspråkforma sjølv om dei er få i dei høgste domstolane, og få studentar som tek sin eksamen på nynorsk. Situasjonen er altså ikkje heilsvart, og ein kan leva med *status quo* i nokre tiår til. Men på grunn av at talet på studentar som nyttar nynorsk i sine eksamensarbeid er så lågt, vil nynorsk etter kvart forsvinna som rettsspråk om ikkje sterk lut vert teken i bruk.

Fyrst av alt må ein straks setja puristane innan det nynorske rettspråket på Skrattaskjær. Der får dei bare drukna i gamla ideologi slik Olav Tryggvason let seidmenne drukna då kristendomen skulle innførast i landet. Dette fordi det ikkje lenger er påkravd å bevisa at nynorsk kan nyttast i intellektuell verksemd som rettsvitskap, men fordi det i staden er påkravd å gjera nynorsk til ei nyttig språkform for juristar. Og fordi like lite som verda let seg kapsla inn i omgrep, let den seg heller ikkje kapsla inn i eit klart språk. Verda er mangefasettert, og det må språket ein nyttar for å femna om den òg vera. Av desse grunnane må ein sleppa til og marknadsføra eit langt meir ordrik og mindre gravalvorleg nynorsk som kan takast i bruk av språkglade juristar. For å sikra at eit slikt nynorsk rettsspråk faktisk vert nytta, må ein ved alle

dei tre juridiske fakulteta oppretta egne og eksklusive seminargrupper for nynorskbrukande jusstudentar. På slike seminargrupper kan dei få språkhjelp særleg dei fyrste vanskelege åra av studiet, sidan bokmålsterminologien framleis utgjer ein kunnskapsbarriere innan rettsvitenskapen. Bare på det viset vil ein få nynorskbrukande juristar å rekruttera til rettsvitenskapen, til lovførearbeid og til domstolane.

Tala som er presentert ovanfor, indikerer at størst sjanse for å lukkast med dette har ein på Vestlandet, sidan nynorsk er veletablert, om enn ikkje tilstrekkeleg nytta, ved både Det juridiske fakultet i Bergen og Gulating lagmannsrett. Men vonleg er ikkje kampen tapt for andre delar av landet heller.

Offentleg målbruk også når det offentlege omorganiserer

*Av Steinulf Tungesvik**

Lov om offentlig målbruk frå 1980 stiller krav til målbruken og fordelinga mellom nynorsk og bokmål for statlege og andre offentlege organ. Ny organisering av offentlege oppgåver i selskap, føretak m.m. har utilsikta flytta oppgåvene ut av verkeområdet til mållova, og nynorskbruken har falle drastisk. Målbruken er «offentleg» også om organisasjonsforma er ei anna, og sterkt forseinka har det endeleg skjedd noko for å bøta på problemet. Men det viktigaste arbeidet står att.

Krav om at offentlege organ skal bruka språket, er ein del av arbeidet for å fremja mindre brukte språk alle stader. Det inneber ein status for språket, det styrkjer bruk og utbreiing av det, og det gjev den einskilde språkbrukaren rett til å bruka språket sitt i møte med styresmaktene. Vidare styrkjer det grunnlaget for språkopplæringa i skulen, også i det mindre brukte språket som sidemål.

Juristmållaget har gjennom heile saga si arbeidd med å styrka bruken av nynorsk i offentlig sektor. Nynorsken hadde sin største vekstperiode i 75 år før Juristmållaget vart skipa. Også målbruken i det offentlege hadde sterk auke i denne perioden, særleg etter at den første lova om målbruk i offentlig teneste kom i 1930. Arbeidet til Juristmållaget har vore både politisk og praktisk, mellom anna ved å

* Forfattere, fødd 1965, er frå Skånevik i Sunnhordland. Han var statssekretær i Samferdselsdepartementet (Sp) 2005–2008, og er no senioradvokat i Kluge Advokatfirma, Bergen. Han var leiar i Juristmållaget 1993–2005, og leiar i Noregs Mållag 2005.

vera ein ressurs for Noregs Mållag i det politiske påverknadsarbeidet mot Storting og regjering, som vaktbikkje ved å påpeika brot med lovbestemt målbruk, og ved kurs, seminar og bokutgjevingar.

Utover 1990- og 2000-talet vart mange offentlege verksemder som tidlegare hadde vore integrerte delar av stat, fylke og kommune, omgjorde til heileigde føretak og aksjeselskap¹. Det gjeld t.d. fleire samferdsleselskap, NRK og sjukehusa. I tillegg det er det mange halv-offentlege organ med stor grad av offentleg finansiering som fyller viktige funksjonar i samfunnet.

Noregs Mållag har lenge kravd ei tilpassing av verkeområdet for mållova til denne nye røyndomen. Kulturdepartementet forkasta spørsmålet i *Kulturmeldinga*² i 2003, men gav ein noko opnare omtale i den nyaste stortingsmeldinga om offentleg målbruk³ i 2005. Spørsmålet har elles vore oppe i desse fireårlege stortingsmeldingane heilt sidan 1997, utan resultat. Departementet har fått utgreidd spørsmålet gjennom eit utval leia av Kåre Lilleholt.⁴ Kulturdepartementet har fastsett i forskrift⁵ til mållova at dei statlege helseføretaka (sjukehusverksemdene) er underlagde mållova, men ei generell endring av mållova eller andre generelle tiltak har enno ikkje skjedd.

Likevel er ei god utvikling sett i gang. Samstundes med utarbeidinga av den store og etterlengta *Språkmeldinga*⁶ sette Samferdsdepartementet i verk eit konkret tiltak: Dei statleg heileigde samferdsleselskapa Posten, Avinor og NSB fekk på generalforsamlingane våren 2007 nye vedtekter som pålegg dei å følgja mållova for all kunderetta

1 Somme andre verksemder er (del)privatiserte og ikkje lenger organ (berre) for det offentlege, og desse vert ikkje nærare omtalte her – sjølv om krav også kan tenkjast stilt til slike.

2 St meld nr 48 (2002–2003).

3 St meld nr 7 (2005–2006).

4 Kulturdepartementet 2000 (omtala i St.meld nr 9 (2001–2002) pkt 5.1.

5 FOR-2004-03-18-532.

6 St meld nr 35 (2007–2008) «Mål og mening».

Noregs Mållags leder ble statssekretær:



Skjerper nynorsk-kravene

Øyvind Tjønnhaug gikk rett fra Møregård til Sæverfjord i statssekretærstilling. Nå er departementet utstyrt med nynorsk i statssekretærstillingen.

– Jeg gikk ut da jeg ble statssekretær i 1998, og jeg ble statssekretær i 2007. Det er en stor forskjell, for i 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen.

– Du ble statssekretær i 1998, og du ble statssekretær i 2007. Hva er forskjellen?
 – Det er en stor forskjell. I 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen. I 2007 er det nynorsk i statssekretærstillingen. Det er en stor forskjell. I 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen. I 2007 er det nynorsk i statssekretærstillingen.

Mållags leder ble statssekretær i 1998, og han ble statssekretær i 2007. Det er en stor forskjell. I 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen. I 2007 er det nynorsk i statssekretærstillingen.

– Du ble statssekretær i 1998, og du ble statssekretær i 2007. Hva er forskjellen?

– Det er en stor forskjell. I 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen. I 2007 er det nynorsk i statssekretærstillingen. Det er en stor forskjell. I 1998 var det ingen nynorsk i statssekretærstillingen. I 2007 er det nynorsk i statssekretærstillingen.

ØYVIND TJØNNHAUG har vært leder for Møregård i 1998 og Sæverfjord i 2007. Han ble statssekretær i 1998, og han ble statssekretær i 2007. Han ble statssekretær i 1998, og han ble statssekretær i 2007.

informasjon – altså kundeinformasjon, brosjyrar, blankettar, nettsider, reklame og annonsar o.l.

Bakgrunnen for dette var at lite hadde skjedd etter «godt snakk» i Stortinget i samband med *Kulturmeldinga*. Då denne vart handsama i Stortinget i 2004, bestemte stortingsfleirtalet at det «måtte utøvast eit skjøn frå det respektive departementet med sikte på å koma i møte det behovet for språkleg likestilling som nedslagsfeltet for den aktuelle verksemda tilseier, og at det aktuelle fagdepartementet her burde søkja råd i Kultur- og kyrkjedepartementet».⁷ Samferdsleverksemdene er sentrale språkbrukarar i dagleglivet: Dei møter dei fleste av oss ofte også med språklege budskapar.

Kulturmeldinga hadde lagt til grunn at statlege selskap sjølve ville føla ansvar for å følgja lova utan klære påbod. Det heitte der at det

⁷ Sitat frå *Språkmeldinga* pkt 3.4.4.1.

ville vera tenleg med retningslinjer slik som dei dåverande vedtektene for Posten Norge AS. Her var det fastsett at prinsippa i mållova skulle følgjast «så langt råd er, men likevel slik at det ikke utgjør noen ulempe av betydning i forhold private konkurrenter». Dette fungerte ikkje, jf at det i *Språkmeldinga* heiter at «Samferdselsdepartementet [har] erfart at dei tre nemnde selskapa på deira område ikkje har etterlevd prinsippa i mållova godt nok, trass i den uttrykkjelege føresegna i vedtektene».

Eit år etter vedtektsendringane for samferdsleverksemdene kom *Språkmeldinga*. Den byggjer vidare på tiltaket i pkt 3.4.4 *Verkeområdet for mållova*. Etter at dei er viste fram, vert det uttalt at vedtektene først og fremst vil vera ei mellombels løysing, og at «[e]i meir allmenn grensedraging basert på generelle reglar i lova sjølv vil vera ein enklare og sikrare framgangsmåte». Det er vidare formulert ei så solid grunnngjeving for endeleg å gjennomføra lovendringa at det ikkje skal vera mogleg å utsetja spørsmålet meir: «Dersom lova skulle avgrensast til berre å femna om den tradisjonelle forvaltninga, vil ho tapa mykje av sin funksjon som eit kulturpolitisk instrument, fordi så mykje slik verksemd dei seinare ti-tjue åra har vorte utskild og organisert i meir frittståande former. I dag finst også eit mangfald av andre sjølvstendige rettssubjekt som staten dels har skipa frå grunnen av, dels har eit eigar- eller driftsansvar for.»

På denne bakgrunnen er det nesten skuffande at det i *Språkmeldinga* ikkje vert handla sterkare enn å varsle trong for nye utgreiingar. Men varselet er sterkt nok og må følgjast opp: Det skal setjast ned eit utval for å gjennomarbeida heile mållova også for å fanga opp mange andre utviklingstrekk etter 1980, og for verkeområdet sin del vert det lagt sterke føringar for at verkeområdet til den nye offentleglova skal vera ein viktig retningsgjevar for mållova sin del, men at sjølvstendige vurderingar skal gjerast.

Utvalet er enno ikkje sett ned pr mars 2010. Det må vera ei viktig oppgåve for Juristmållaget å formidla til den nye kulturministeren at ho såleis her har eit glimrande utgangspunkt for å visa handlekraft i eit sentralt kulturpolitisk spørsmål der forgjengarane har somla.

Artikkelen får si avrunding ved at *ein* ring vert slutta. Det konkrete arbeidet med offentleg målbruk (etter programerklæringar der jamstøllingsvedtaket frå 1885 står i ei særstilling) byrja også med samferdsleverksemdene: Med Noregs Mållag sitt krav om at alle oppslag på Dovrebanen måtte vera på nynorsk, i 1921. Dette gjekk gjennom året etter. Suksessen gjorde at ein heldt fram: Alle andre jernbanar måtte òg få nynorske oppslag, noko departementet vedtok at kommunestyra skulle få avgjera, i 1923. Postverket sette i gang kommunal avgjerd av målbruken i blankettar og oppslag på postkontora i 1923⁸. Gjennom dette arbeidet vart kommunalmålprinsippet knesett, det som vart fastsett for statstenesta i mållova i 1930, og som er eit berande prinsipp i dagens mållov.

8 Opplysningane er henta frå Kåre Lilleholt, «Nynorsk i offentleg målbruk» i *Målreising i 75 år. Noregs Mållag 1906–1981*, Oslo 1981.

Kvardagen i Noreg som utanlandsk statsborgar og advokat

*Av Mila Varela Choucino**

For nesten fire år sidan vart Noreg min nye bustad og arbeidsplass. Det finst mange og store skilnader mellom Noreg og Spania, men nokre fellestrekk finst det – eitt av dei er at begge landa er fleirspråklege. Spania har fire offisielle språk: Spansk (kastiljansk), galisisk, katalansk og baskisk. Dei tre første er romanske språk, mens baskisk nok er like uforståeleg for dei fleste spanjolar som samisk er for den vanlege nordmann.

Sidan galisisk er offisielt språk i heim-regionen min, Galicia, er det språksituasjonen der det er naturleg for meg å samanlikne den norske med. Galicia er eit område nordvest på den spanske halvøya, der galisisk og spansk er likestilte etter den spanske grunnlova.

I Galicia vert det snakka, skrive og lese både galisisk og spansk. Ein reknar med at 95 % av folket i Galicia beherskar galisisk og rundt 57 % alltid kommuniserer på galisisk, mens berre 10 % av befolkninga aldri brukar språket (<http://www.xunta.es/linguagalega/>).

Galisisk har frå å vere eit språk som berre vart brukt i det fattige bondesamfunnet, komme på moten på nytt og har funne sin plass i det moderne Galicia. Ein må til dømes meistre galisisk for å kunne

* Forfattaren, f. 1983, er frå La Coruña i Galicia (Spania), der ho også er utdanna jurist. Ho har LLM-grad frå Universitetet i Oslo og University of Southampton, og arbeider no som advokatfullmektig i Wikborg, Rein & Co. i Bergen.

ta dei obligatoriske eksamenane for å komme inn på universitetet, og seinare for å søke jobb i det galisiske forvaltningsapparatet.

Min første kontakt med Noreg fekk eg sommaren 2002, då eg var jusstudent og tok statsvitskap- og jusfag ved Oslo International Summer School. Sjølv om stipendet eg hadde fått ikkje gav rom for språkkurs, fekk eg med meg at det fanst to «typar» norsk. Inntrykket eg fekk, var at ein type var brukt av dei fleste og ein var for «spesielt interesserte». Ei djupare forståing av situasjonen fekk eg først fleire år seinare, då eg vart buande i Noreg.

Å vere utlending i Noreg

Som innflyttar til eit nytt land er noko av det viktigaste ein gjer å lære seg språket så fort som mogleg. Denne prosessen sette eg i gang med før eg i det heile tatt hadde funne fram til noko språkkurs – samtalar på den første jobben og i min nye norske familie var viktig. Begge stader vart det brukt dialektar som påvirka talespråket mitt i retning nynorsk.

Då eg skulle ta kurs for å få ei meir systematisk læring, skjønnte eg fort at dersom ein ville lære nynorsk hjalp det ikkje å vere «spesielt interessert», som dei kalla det på sommarskulen i Oslo. I Bergen, midt på Vestlandet, fanst det ingen nybyrjarkurs i nynorsk, verken ved universitetet eller ved private institusjonar.

Eg starta difor på norskkurs der det vart undervist i bokmål, men i bakhovudet låg lenge ønsket om å etter kvart gå over til nynorsk, sidan eg jo følte at det var det eg «først» hadde lært. Snart merka eg likevel problemet som også dei utanlandske venene mine her slit med: det å skilje mellom talemålet og korleis ein skal skrive.

Dei første to åra strevde eg med å finne ut av korleis eg eigentleg måtte endre norsken min før eg festa han til papiret, og til slutt måtte eg ta ei avgjerd. Dialekten min, med både påverknad frå av bokmål og nynorsk, og som folk vanlegvis karakteriserer som «vestlandsk», vart alle stader akseptert – men for at måten eg skreiv på ikkje skulle

verte fullstendig kaotisk, måtte eg gå inn for å skrive konsekvent den målforma det var mogleg å lære skikkeleg: bokmål.

At undervisningstilbodet for utlendingar i eit offisielt språk var så dårleg, var ei stor overrasking for meg. Ifølgje Statistisk Sentralbyrå bur det 303 000 utanlandske statsborgarar i Noreg – 6,3 % av folket. Dagens situasjon betyr at denne delen av folket berre vil kunne meistre ei målform, og bruk av nynorsk er i praksis utelukka. Til samanlikning finst det i Galicia offentlege språkskular, der ein for eit svært lite beløp kan ta galisisk som fag og lære seg språket. Utvekslingsstudentar får tilbod om gratis galisisk-undervisning, dersom dei melder interesse for det. Motivasjonen utlendingar har for å lære seg galisisk varierer, men dei fleste gjer det for å passe betre inn i galisisk-dominerte lokalsamfunn eller for å kunne søke jobb hos dei lokale styresmaktene.

Å vere advokat i Noreg

Kvardagen min tilbringer eg no som advokatfullmektig i eit av Noregs største advokatfirma, noko som er travelt, men triveleg. Språket er kanskje det viktigaste verktøyet ein har som advokat, og å arbeide på framande språk byr på ekstra utfordringar. I avdelinga mi vert det stadig oftare jobba med internasjonale og store transaksjonar, og i periodar går det meir i engelsk enn i norsk. Når ein jobbar på norsk er det utelukkende på bokmål. Til og med i kontakt med enkelte norske institusjonar som skipsregistra blir av og til engelsk nytta. Dei fleste norske institusjonar har websider både i engelsk og norsk utgåve – av og til finst dei også på andre språk som polsk.

I mi erfaring både frå Universitetet og opphald i advokatfirma, har eg opplevt forskjellige tilbakemeldingar på min bruk av det norske språket: flest positive, men også negative. Eg hugsar spesielt ein «trainee-middag» for rundt 2 år sidan der ein eldre Oslo-advokat kritiserte meg for å prøve å snakke dialekt. Han meinte at eg var eit eksempel på korleis ting ikkje skulle gjerast, og kalte det tåpeleg at eg prøvde å snakke på ein måte som eg aldri kunne bli flink til. Eg måtte

rett og slett slutte med sånt så snart som mogleg. Det var ei av dei mest negative opplevingane eg har hatt nokon sinne og eg hugsar det som spesielt pinleg. Eg gjekk ei god stund etterpå og lurte på om det var fleire som var einige med han og tok ein runde blant kollegaene mine på det tidspunktet og spurte om det.

Advokatbransjen i Spania er nokså ulik den norske. Det finst fleire små aktørar på marknaden og dei fleste advokatfirmaa arbeider på spansk – nokre likevel også på dei andre tre offisielle språka. Berre dei største advokatfirma brukar engelsk ofte, men det er nok ingen fare for at spansk sin posisjon som det klart viktigaste arbeidsspråket vil verte truga med det første. Spansk juridisk språkbruk skil seg kanskje endå meir frå dagligtalen enn i andre land. Det er ei vanleg haldning blant advokatar at for å vere vellukka må ein formulere lange og kompliserte setningar som få klarer å forstå, eller i alle fall slik at vanlege folk vil trenge ein advokat for å kunne tyde innhaldet.

Refleksjon om den norske språksituasjonen

Etter å ha samanlikna språksituasjonen i Noreg og Spania er oppfattinga mi at sameksistensen mellom dei forskjellige språka er mykje meir balansert i Spania. Det er i fleire tilfelle rett og slett nødvendig å kunne meir enn eitt offisielt språk for å kunne delta aktivt i samfunnsdebatten og i det juridiske livet, mens ein i Noreg for det meste kan sleppe unna med å formulere seg på bokmål. Etter mi meining trengst fleire tiltak dersom nynorsk skal kunne hevde seg overfor bokmål, og eit minimumskrav må vere å kunne tilby nynorskopplæring til utlendingar som er interesserte i dette.

Helsing til Juristmållaget frå ein mangeårig medlem

*Av Steinar Velle**

Eg sender mi beste helsing og lukkeynskjingar til Juristmållaget i høve 75-års jubileet.

Då eg byrja på det juridiske studiet i 1962, var eg fast bestemt på å halde fast ved min nynorske målbruk. Eg er fødd og oppvaksen på Sunnmøre og nynorsk er for meg både naturleg og kjær. Det var studiekameraten Audun Heskestad, seinare direktør i Det Norske Samlaget, som gjorde meg kjend med Juristmållaget og fekk meg med der.

Leiar i Juristmållaget på den tida var rogalendingen Bergfinn Aabø. Han arbeidde då i Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Aabø var ein myndig og drivande leiar. Eg vart sekretær for styret og vanka mykje i Kristian Augusts gate der laget hadde arkivet sitt i tilknytning til lokala til Samlaget. Mellom dei oppgåvene vi arbeidde med kan eg særskilt nemne utgjeving av ei samling med prosessformularar på nynorsk. Dette vart organisert som eit dugnadsarbeid og strekte seg over fleire år. Samlinga kom først ut etter at eg var ferdig med studiet og hadde forlete Oslo i 1966.

Det var lite juridisk litteratur på nynorsk då eg studerte, i alle fall innan det som var pensum. Blant lærekreftene ved Det juridiske

* Forfattern, fødd 1940, er frå Sykkylven. Han har vore fylkeskontorsjef/ass. fylkesmann ved Sogn og Fjordane fylkesmannsembete (1974–1994) og sorenskrivar ved Indre Sogn heradsrett/tingrett/Sogn tingrett (1995–2007). Før dette var han dommarfullmektig ved Voss heradsrett, tilsett i sentraladministrasjonen i Bergen kommune, universitetslektor ved Universitetet i Bergen og jurist i Statens vegvesen.

fakultetet var professor Knut Robberstad den einaste nynorskbrukaren. Han var ein fengslende førelesar og eg fylgde alle hans førelesingar med interesse og glede. Hans målpolitiske syn derimot hadde eg liten sans for. Eg kunne ikkje sjå det annleis enn at han gjekk med ryggen mot framtida.

På den tida var Sivillovbokutvalet i fullt arbeid og hadde lagt fram fleire rådsegner om sentrale privatrettslege emne. Desse rådsegnene var nyttige for oss studentar og her fann eg ein nynorske målbruk som eg kjende meg heime i. Elles vil eg nemne ei samling av juridiske oppgåveløysingar på nynorsk, utgjeven på Universitetsforlaget i samarbeid med Juristmållaget. Denne samlinga var nyttig som døme på god oppgåveløysing.

Etter fullført juridisk embetseksamen drog eg attende til Vestlandet. Først til Voss som domarfullmektig i to år, deretter nokre år i Bergen før eg flytta til Sogn der eg slo rot. Lengste tida var eg assisterande fylkesmann ved Sogn og Fjordane fylkesmannsembete, før eg vart sorenskrivar i Indre Sogn. Eg gjekk av med pensjon i 2007.

Så å seie heile mitt yrkesliv har vore i miljø der nynorsken står sterkt. Det har ikkje vore naudsynt for meg å kjempe for nynorsk, men eg vonar at eg har vore til hjelp og inspirasjon for andre til lett og god målbruk. Medlemskapen i Juristmållaget har eg halde fast ved og det gleder meg å sjå at nynorsken har hatt framgang på mange rettsområde. Det er no stor breidde i den nynorske juridiske litteraturen og det har vorte mange som nyttar nynorsk på dei juridiske lærestadene. Det gjev voner for framtida.

Noko av det mest gledelege som har hendt var då det endeleg kom ein nynorskbrukande høgsterettsdomar. Domar Utgård fortener elles stor ros for si nynorske juridiske ordliste. Dette er eit hjelpemiddel som mange vil ha stor nytte av, særleg juridiske studentar. Eit problem for mange kan nok vere at nynorsken ikkje har ein så fasttømra fagleg ordbruk som bokmålet. Ordlista er eit godt fagleg hjelpemiddel både for nybyrjarar og vidarekomne.

Som domar har eg røynt at det er mange nynorskbrukande advokatar på Vestlandet. Det burde vere mogleg for Juristmållaget å rekruttere fleire medlemmer blant desse. Elles er det eitt viktig område der det står særst dårleg til med nynorsken og respekten for offentleg målbruk, det er innan politiet og påtalemakta. Det bør vere ei prioritert oppgåve for Juristmållaget å fremje nynorskbruken der. I det minste må mållova fylgjast av det organet som passar på at andre fylgjer lov og rett.

Det har vore triveleg å arbeide blant sogningar og fjordingar. Sogningen kjenner eg best sidan eg har vore busett i Sogn meir enn ein mannsalder. Sogningen er godlynt, openhjarta og kjem ofte med ein råkande replikk. Dette kan eg illustrere med ei sjølvopplevd hending frå retten i Indre Sogn:

Ein velståande ungar var gått bort. Han hadde skriva testament og dette var kjent for dei heldige som kunne sjå fram til ein monaleg arv. Men då han låg på det siste hadde han fått skriva eit nytt testament og sett inn ein ny einearving. Dette kom som ei bombe og det vart reist sak for å få testamentet kjent ugyldig. Påstanden var at det siste testamentet hadde kome i stand etter utilbørleg påverknad frå den tilgodesedde.

I retten vart eit vitne eksaminert om når det siste testamentet vart kjent. Saksøkjars prosessfullmektig spurde vitnet, som hadde vore med i gravferda og i minnesamværet etterpå, om testamentet vart nemnt under minnesamværet. Vitnet svara: «Eg likar ikkje å referere frå fest.». Prosessfullmektigen, lett forskrekka: «Hva, var ikke dette en begravelse?». Då kom det roleg frå vitnet: «Jau, men der var då dram.»

Om å verta verande i nynorsken

*Av Reidun Wallevik**

For oss som er fødde og oppvaksne i nynorskkommunar, med trygg og tydeleg nynorskdialekt, var det naturlegvis aldri noko spørsmål om kva skriftform som skulle nyttast i skulen. På sekstitalet, då eg vaks opp i Ulvik i Hardanger, var dei teljande på ei hand dei skuleelevane som hadde bokmålbakgrunn. Det same gjaldt talespråk.

Her må eg få lov å smetta inn ei lita soge frå Voss. Den kjende kunstnaren Magnus Dagestad sa ved eit høve om Sigbjørn Bernhoft Osa: «Du kan høyra på spelet hans Sigbjørn at ein tao foreldra hans e byfolk.»

Gode lærarkrefter på barne- og ungdomsskulen i Ulvik, dei fleste med ekte litterære interesser, gav elevane godt feste i det nynorske skriftmålet, og i den nynorske litteraturen. Me vart såleis styrkte både i identitet og kultur – på nynorsk. For min del heldt dette fram på gymnaset på Voss, der me mellom anna var så heldige å ha ein glitrande pedagog som Hermund Slaattelid som lærar i norsk og filosofi (det siste som bonusfag for dei spesielt interesserte).

Men det er på dette stadiet, når artium er vel unnagjort, at vanskaner oppstår. Vidare utdanning, dvs. lærebøker, førelesningar, eksamensoppgåver, kommentarar frå lærarkreftene – det meste går føre seg på bokmål. Dette gjeld for dei fleste fag, vil eg tru.

* Forfattarinna er lagmann i Agder lagmannsrett, lagdommar same stad frå 2002, tidlegare tilsett fem år i Telemark fylkeskommune, deretter ti år som assisterande fylkesmann i Telemark.

For svært mange er dette slutten på nynorsklivet. Det vert for strevsamt. For jussen spesielt inneber dei innarbeidde bokmålsuttrykka eit ekstra hinder. Ein vil jo ikkje som student risikera å klaska til med ei nynorsk vending som ikkje heilt ut samsvarar med meiningsinnhaldet i bokmålsuttrykket. Det lettaste vert å konvertera.

Då er det om å gjera å møta ein eller annan som oppmuntrar stakaren i strevet. Det er ikkje så mykje som skal til. For min eigen del var det kommentarar som «klart og godt språk» til fakultetsoppgåvene mine, som var utslagsgjevande. Eg heldt fram. Ein medstudent var ikkje like heldig. Ho fekk tilbakemelding om at det var best ho gjekk over til bokmål, som ho så gjorde. Ho vart ein dugande jurist, har ein strålende penn – på bokmål. Eg veit at ho skreiv like strålende på nynorsk.

Skulle eg såleis tora meg til med ei oppmoding, må det vera at lærarkrefter på alle nivå tek seg bryet med å gjeva positive signal til dei som ynskjer å skriva nynorsk i skule/studiesamanheng. Eg kan ikkje tru anna enn at det nynorske skriftspråket vil halda stillinga, og kanskje også ha framgang, dersom det vert nytta i det daglege arbeidet av personar med høg utdanning, av personar i viktige stillingar, og elles av folk som har stor innverknad i breie lag av folket.

Nynorsk skriftspråk med grunnlag i norske talemål er, kor me snur og vender på det, ein del av vår sams kultur i dette landet. Det skulle berre mangla at me ikkje gjer vårt for å halda det ved like. Ei anna sak er at nynorsk, som alle andre skriftspråk, må fornya seg i takt med nye ovringar i tida. Her har det nok skorta temmeleg mykje gjennom åra. Det er nok å visa til Island som eit godt føredøme i så måte. Å laga nye ord med basis i det eksisterande målet kan vel slik sett ikkje vera vanskelegare her i landet enn på Island.

Eit merkeleg fenomen har eg likevel oppdaga gjennom mine mange år på Austlandet. Det einaste faget som eg høyrer lærarar uttala seg negativt om - og som dei sjølve underviser i - er nynorsk sidemål. Utsegnene er komne utan det minste snev av dårleg samvit. Dette har forundra meg, men det forundrar *ikkje* at elevane får motvilje mot

faget. Det same hadde vel skjedd om læraren stadig klaga seg over å måtta undervisa i tysk.

Eit anna fenomen som eg stadig møter i retten, er ved opplesing av tekstar på nynorsk: Advokatane, nesten utan unntak, omset på rappen til bokmål!

Når det så gjeld dommargjerning og skriftspråk, sluttar eg meg heilt til det kollegaen min, Asbjørn Nes Hansen, skriv. Det er ikkje noko å leggja til der for min del, anna enn at eg - som assisterande fylkesmann - skreiv svært mykje på bokmål. På samvitet har eg mellom anna nokre utgreiingar for ymse departement på bokmål. Eg har såleis på langt nær vore tru. Men det gjaldt det same der som under studietida. Møtte eg ein likesinna, eller iallfall ein som var positiv til nynorskbruken, vart det med ein gong lett og morosamt å skriva nynorsk att.